


# Årsmelding 2012

# INNHALD


| | | Side |
|---|---|---|
| Rådmannen sine generelle kommentarar | | 5 |
| Kostratall | | 11 |
| Årsmelding økonomi | | 13 |
| Økonomisk oversikt drift | | 15 |
| - investering | | 16 |
| - balanse | | 18 |
| - endring arbeidskapital | | 19 |
| - pr. seksjon | | 20 |
| Rådmannskontoret | | |
| Politisk verksemd | | 27 |
| Sentral IT | | 31 |
| Servicetorg | | 33 |
| Personalkontor | | 37 |
| HMS | | 41 |
| Kraftfondet | | 45 |
| Seksjon kultur | | 47 |
| Seksjon helse- og sosial | | 53 |
| Seksjon barnehage | | 67 |
| Seksjon skule | | 71 |
| Seksjon pleie- og omsorg | | 77 |
| Seksjon teknisk | | 83 |
| Eldrerådet | | 91 |
| Råd for funksjonshemma | | 93 |
| Skjenkekontrollen | | 95 |
| Forsand sokn | | 99 |

# Forsand kommune

Rådmannen

| Saksbeh | Ref. | Arkivkode | Dato: |
|---|---|---|---|
| Terje Nysted | 12/951-20 | /K1-210, K1-004, K3-&14 | 08.04.2013 |

## Årsmeldiing 2012 - Rådmannen sine generelle kommentarar

Årsmeldinga for 2012 er den 25 i rekkja. Meldinga er i hovudsak bygd over same opplegg som tidlegare:

**Generell/økonomisk del:**
- Generell del
- Økonomisk del

**Seksjonsområder:**
- Rådmannskontoret (økonomi, politisk verksemd, servicetorg, , personal, HMS, kraftfond)
- Seksjon for kultur
- Seksjon for helse- og sosial
- Seksjon for barnehage
- Seksjon for skule
- Seksjon for pleie- og omsorg
- Seksjon for drift

I tillegg er det lagt ved årsmeldingar for ymse utval, kjerkekontor, brannvern, skjenkekontroll m.v.

Årsmeldinga er delt opp i fylgjande: **økonomi-tenesteproduksjon-resultatvurdering-utfordringar.**

**Organisasjonsutvikling**

Kommunen har som mål å sikre god kommunal drift, med høg kvalitet på tenestene og godt arbeidsmiljø.

I 2012 vart det gjort ein brukarundersøkelse, som i stor grad viste at innbyggarane i kommunen var fornøyd med tenestetilbodet. På nokon områder kunne ein bli noko betre og det er sett i gang tiltak for å betre desse områda.

Internt har ein i leiarforum, innført månadlege oversyn over økonomi, kvalitetsmeldingar, restansar m.m. I tillegg er det laga ei HMSK-handbok internt. Denne handboka er tenkt å vere eit styringsdokument for alt som kommunen gjer av tiltak innan internkontroll og kvalitetsutviklingsarbeid.

Sjukefråværet var 6,1% i 2012. Det er ein nedgang på 0,6% frå 2011. Målet for kommunen er å komme ned mot 5%.

Seksjonane har hatt ei relativ stabil bemanning i 2012. Kommunen har i stor grad lukkast å rekruttere personell til aktuelle fagstillingar.

Eit problem som synast å bli større kvart år, er å få tak i vikarar, spesielt innan pleie- og omsorgstenesten i feriar og ved vakanse i stillingar. Ein har difor vore nøyd til å engasjere vikarbyrå i nokon tilfelle. Dette er gjort i samarbeid med fagforbunda.

Rådmannen viser elles til seksjonsleiarane sine kommentarar i årsmeldinga.

**Etikk**

Kommunen har tidlegare vedteke etiske retningsliner. Kommunen har ein intensjon om å ha høg etisk standard. Dette er tema ein nyttar i ymse samanheng t.d. ved medarbeidarsamtaler, seminar. Dette er eit kontinuerleg arbeid som leiarane skal prioritera i sin arbeidsgjevarstrategi.

**Likestilling**

Kommunen har som mål å utjamne forskjell mellom kjønna. Framleis er gjennomsnittleg stillingsstorleik for kvinner i Forsand låg. I desse tala ligg noko uønska deltid, samstundes som det er mange som har fått innvilga søknad om redusert stilling p.g.a. omsorg for små barn.
Som tiltak for å auke stillingsstorleiken, lyser kommunen ut ledige stillingar internt, med fortrinnsrett for deltidstilsette til å auke sine stillingar.

**Folketalsutvikling:**

| År | Folketal pr. 1.1. | Fødselsoverskot | Nto.innfl. | Nto.tilvekst | Folketal pr 31.12 |
|---|---|---|---|---|---|
| 2010 | 1149 | 9 | 8 | 17 | 1166 |
| 2011 | 1166 | 7 | 17 | 24 | 1190 |
| 2012 | 1190 | - 4 | 41 | 37 | 1227 |

I kommuneplanen er det lagt opp til 1% årleg vekst, d.v.s. nettoauke på om lag 12 personar pr. år. Som ein ser av tabellen, vart det 3,1% auke i folketalet i 2012. Dette skuldast stor tilflytting til kommunen, medan fødselstalet var negativt.

**Sysselsetting**

Det var registrert **7** ledige kvinner og **7** ledige menn i siste kvartal 2012. dette utgjer 2,4% av arbeidstokken i Forsand kommune.

**Statleg politikk**

Skatteinntektene har i hatt ei positiv utvikling, spesielt etter at staten justerte maksimumverdien for eigedomsskatt. Rammetilskotet blei noko redusert frå regulert budsjett. Dette har nok samanheng med noko auke i skatt på inntekt og formue.

Når det gjeld framtidige statlege styringssignal, er det ikkje lagt opp vesentleg endring frå noverande regjering, korkje i rammebetingelsene og markroøkonomiske tilhøve. Eit eventuelt regjeringsskifte kan imidlertid endre desse tilhøve.

**Diskriminerings- og tilgjengelighetsloven**

Lovens føremål er å fremme likestilling og likeverd, sikre like muligheiter og rettigheiter til samfunnsdeltaking for alle, uavhengig av funksjonsevne, og hindre diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne.
Kommunen har i løpet av dei siste åra hatt ei prioriteringsliste for å gjere tilhøva for dei som kjem inn under denne lova lettare, t.d. har ein lagt til rette for at kommunale bygningar vert tilpassa rullestolar m.v. I løpet av 2013 kan det vere aktuelt å lage ein lokal plan for universell utforming, t.d. turstiar, fiskeplassar m.v.

**Investeringar/Resultatvurdering**

Ein del av budsjetterte investeringar blei ikkje gjennomførde i 2012 av ulike årsakar og overførde til 2013, t.d. gang- og sykkelsti Rettedal, vegnamnprosjekt, ballbinge, reinseanlegg Øyren, avlaup Myra, veg til Tørejuvet, prestebustad, Bergebakkane bustadfelt.

<u>Inntekter</u>

Skatteinntektene utgjer den viktigaste inntektskjelda for kommunen. I 2012 utgjorde skattedekningsgraden (skatt på inntekt og formue, samt eigedomsskatt, korrigert for avskrivingar 51,4% av driftsinntektene. I 2011 var talet 52%, d.v.s. noko mindre, men relativt stabilt.

Skatt på inntekt og formue hadde ein auke på om lag 2. mill.kr. frå 2011 til 2012, medan eigedomsskatten auka med om lag 3,5 mill.kr i same tidsrom. Dette er noko meir enn budsjettert. Rådmannen viser elles til tidlegare vedtak i Stortinget om maksimum tak for eigedomsskatt på eldre kraftverk/linjer.

Brukarbetalingar har auka noko frå 2011 til 2012 (0,9 mill.kr.), medan sals- og leigeinntektene har blitt noko redusert (-0,6 mill.kr.).

Det statlege rammetilskotet har auka med om lag 1,9 mill.kr. frå 2011, men er om lag 1,1 mill.kr mindre enn budsjettert. Dette har samanheng med at skatteinntektene blei noko meir enn budsjettert og då trekker staten ifrå på rammetilskotet.

Renteinntekter og utbytte viser samla ein auke i høve 2011, men noko mindre enn budsjettert. Dette skuldast del låge renteinntekter og noko forsiktig utbyttepolitikk i næringane/bankane.

<u>Utgifter</u>

Frå 2011 til 2012 vart lønsutgiftene (løn og sosiale utgifter) auka med om lag 9,4 mill.kr. Dette er om lag 2,6 mill.kr. meir enn budsjettert. Noko av årsaken til denne forskjellen, er m.a. eit høgare lønsoppgjer, spesielt for einskilde faggrupper.

Kjøp av varer og tenester som inngår i tenesteproduksjon, viser ein auke om lag 2,4 mill.kr. frå 2011 til 2012, som er om lag 1,3 mill.kr. mindre enn budsjettert. Kjøp av varer og tenester

som erstattar tenesteproduksjon, har hatt ein auke på 1,5 mill.kr. og er om lag 2. mill.kr. meir enn budsjettert.

Utgifter til renter er noko mindre enn budsjettert, medan avdrag er noko større enn ein hadde satt av i budsjettet for 2012 p.g.a. betaling av ekstraordinært avdrag.

Tap på finansielle instrumenter (aksjer, eigenkaptalbevis m.m.) er på om lag 2,9 mill.kr. Dette tapet er ikkje realisert, men skal komme fram i rekneskapen og dekka av kursreguleringsfondet.

Økonomisk oversyn – seksjonane

Nettodriftsutgifter fordelt på kvar seksjon:

| **Seksjon** | **2012-rekn.** | **2012-budsj.** | **Differens** | **2011-rekn.** |
|---|---|---|---|---|
| Rådm.ktr. | 16.051 | 17.182 | 1.131 | 15.081 |
| Kultur | 3.654 | 3.542 | - 112 | 3.176 |
| Helse- og sos. | 26.734 | 25.335 | - 1.399 | 23.306 |
| Barnehagen | 9.564 | 9.900 | 336 | 9.215 |
| Skulen | 23.696 | 23.752 | 56 | 22.234 |
| Pl. og oms. | 23.487 | 22.700 | - 787 | 20.230 |
| Teknisk | 20.386 | 21.440 | 1.054 | 18.628 |
| **Sum** | **123.573** | **123.851** | **279** | **111.870** |

Oversynet viser at det er brukt noko mindre enn budsjetterte rammer. Sjølv om ein samla har holdt ramane er det relativ stort overforbruk innan helse- og sosial og pleie- og omsorg. Samstundes ser ein at desse 2 seksjonane har hatt ein stor auke frå 2011 til 2012., med h.h.v. 14,7% innan Helse- og sosial og 16,1% innan Pleie- og omsorg.

Går ein noko lenger tilbake i tid, viser auken i desse seksjonanen følgjande frå 2008 til 2012; Helse- og sosial 53% og Pleie- og omsorg 17,8%. Medan auken i Pleie- og omsorg har vore tilnærma normal (om lag 4,5% årleg), har Helse- og sosial hatt ein årleg auke på 13,3%.

Leiar for helse- og sosial, har opplyst at noko av denne auken skuldast meir og meir kompliserte barnevernssakar, der mykje av utgiftene går til gjenopptaking av sakar med store advokatsutgifter. Det har vore vesentleg auke i avlastningutgifter for barn med spesielle behov. Vidare auka 50%-sekretærstilling, relativt høgt lønsoppgjer for mange tilsette i seksjonen med høgskule/univeritetsutdanning.

Auken i Pleie- og omsorgsseksjonen, gjeld primært auka lønsutgifter til vikarar, samt eit godt lønsoppgjer for fagpersonell.

Resultatvurdering

Totalt viser årsrekneskapen 2012 eit nettodriftsresultat på – 2.3 mill.kr. Korrigerer ein for ikkje realisert tap på finanskapitalen (aksjer, grunnfond m.v.) for ein eit positivt resultat på om lag 0,6 mill.kr. eller 0,3% nettodriftsresultat. I budsjett for 2012 var målet 2,9%.

Ein av årsakene til dette, er at lønsutgiftene samla vart auka med om lag 2,6 mill.kr. meir enn budsjettert. Eit noko høgare lønsoppgjer enn budsjettert, samt eit lønsmessig løft innan visse faggrupper, er medverkande årsak til dette.

Ein har ikkje tatt opp nye lån, utanom startlån, i 2012. I løpet av 2013 vil ein gå ut på anbod for refinansiering av låna.
Kommunen har relativ høg lånegjeld og i økonomiplanperioden fram til 2016, er det planlagt opptak av 40,9 mill.kr. i lån. Så lenge renta held seg på eit lågt nivå, kan det vere gunstigare å ta opp lån og heller få avkastning/verdiauke på finanskapitalen. Her må ein følgje renteutviklinga nøye i åra som kjem.

Sjølv om kommunen har brukbar totaløkonomi i dag, er ein svert sårbar ved endringar i kraftverksskattelegginga og auke i rentene, samt nye pålegg frå staten .
Kommunen må vere oppmerksom på at utgiftene ser ut til å auke meir enn inntektene i framtida. Med dei utfordringar ein står føre, bør politikarane vurdere om ein skal oppretthalde /vidareutvikle det gode tenestetilbodet som er i dag, eller om ein skal føreta ein reduksjon i tilbodet. Vel ein å vidareutvikle tenestetilbodet, bør ein då sjå på nye inntektskjeldar, t.d. utviding av område for eigedomsskatten, sal av konsesjonskraft m.m.

**Kostratall i høve andre kommunar.**

Ved å samanlikne tall med andre nokonlunde like kommunar, vil det kunne vere interessant å sjå korleis Forsand kjem ut. Vedlagt følgjer eit oppsett som samanliknar Forsand med nokon referansekommunar, samt snitt i Rogaland og kommunar i landet.

Ved slike samanlikningar må ein vere merksam på at grunnlaget i talloppsetta ikkje er heilt samanliknbare då kommunane er ulikt organisert. Vidare er berekning pr. innbyggjar ein dårleg måte å samanlikne på. Små kommunar får relativt høg utgift/inntekt pr. innbyggjar enn større kommunar, sjølv om tilbodet er likt i kommunane.

Tala i Kostra-oversynet er førebelse.

<u>Finansielle nøkkeltall</u>

Nettodriftsresultatet ligg på -1,4% i Forsand, medan for Rogaland ligg talet på 2,8% og landsgjennomsnitt på 2,7%. Som tidlegare nemnt, vert resultatet 0,6% om ein justerer for ikkje realisert tap på finansmidlane. Resultatet burde minst vore 3% som Fylkesmannen meiner er eit greitt resultat for kommunane.

Når det gjeld langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter, ligg Forsand om lag på same nivå som i 2011, medan referansekommunane, utanom Eidfjord, har hatt noko større auke. Ved å samanlikne med gjennomsnittet i landet, ligg Forsand noko under.
Samanliknar ein netto lånegjeld pr. innbyggjar, ligg kommunen høgt om ein samanliknar med Rogaland og gjennomsnittet i landet. Av referansekommunane, er det berre Sirdal som ligg høgare. Forsand har imidlertid redusert netto lånegjeld pr. innbygger med om lag kr. 13.000,- frå 2011 til 2012.

Arbeidskapitalen i prosent av bruttodriftsinntekter, viser at Forsand har eit bra økonomisk grunnlag, samanlikna med andre kommunar.

Ser ein på frie inntekter i kr. pr. innbyggjar ligg referansekommunane på om lag same nivå, berre Hjelmeland ligg noko under.

Prioriteringar (Ymse driftsutgifter)

Om ein samanliknar nto.driftsutgifter pr. innbyggjar for tenesteområda; barnehage, grunnskule, kommunehelseteneste og sosialteneste, viser det seg at fleire av referansekommunane har høgare driftsutgifter enn Forsand. Forsand kommune ligg faktisk lågast innan barnehage, grunnskule og sosialtenesta.
Når det gjelt nto.driftsutgifter pr. innbyggjar til barneverntenesta, viser kostratala at kommunen ligg høgt. Viser her til kommentarane frå leiar Helse- og sosialsjef.

Samanliknar ein med snittet av alle kommunar og Rogaland, ligg referansekommunane ein del høgare i dei fleste tilfelle. Unnateke er i 2012 som i 2011, sosialtenesta, der Forsand ligg lågast.

Dekningsgrad

Kostratala visar, for Forsand sin del, ikkje noko serlege forskjellar blant referansekommunane. Eit unntak her er andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggjarar 0-17 år. Her skiljar Forsand og Hjelmeland kommunar seg ut med høg dekningsgrad.

Produktivitet/einheitskostnadar

Innan referansekommunane har Forsand lågaste bto.driftsutgiftar pr. barn/elev innan barnehage og grunnskule, spesialskuler, skulelokalar og skuleskyss.

Når det gjeld Rogland og snittet i landet, ligg Forsand barnehage på same nivå som fylket og landet, medan Forsand og referansekommunane ligg ein del høgare innan grunnskuleseksjonen.

Bto.driftsutgiftar til heimetenesta og institusjon pr. kommunal plass må sjåast i samanheng. Oversynet frå Kostra, syner at Forsand har lite bto.driftsutgiftar til heimetenesta pr. mottakar, medan utgiftene pr. kommunal plass på institusjon, er svert høge. Dette kan tyde på at Forsand kommune har låg terskel for å få plass på alders- og sjukeheimen, enn andre kommunar der ein må bu heime lenger.

Årsgebyr for ein del kommunale tenester, viser at kommunen stort sett har låge satsar.

Av rapportert sakshandsamartid for oppmålingsforretning, ligg Forsand på same nivå som snittet i landet, men kortare sakshandsamingstid enn snittet i Rogaland.

Terje Nysted
rådmann

Statistisk sentralbyrå
Statistics Norway

# Utvalgte nøkkeltall, kommuner - nivå 1

## Ureviderte tall per 26.03.2013

○ Fylkeskommune ● Kommune ○ Bydel ○ Institusjon: Videregående opplæring
OK

● Utvalgte Nøkkeltall ○ Detaljerte nøkkeltall ○ Kvalitet ○ Grunnlagsdata OK

Utvalgte nøkkeltall, kommuner - nivå 1
OK

Eget gjennomsnitt | Standardoppsett | Skriv ut | Informasjon | Vis linjenummer

| | Forsand 2012 | Ulvik 2012 | Hjelmeland 2012 | Sirdal 2012 | Eidfjord 2012 | Rogaland 2012 | Landet 2012 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Finansielle nøkkeltall** | | | | | | | |
| Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter Enhet : Prosent | -5,9 | 1,9 | 2,1 | -2,7 | 5,0 | 1,1 | 2,0 |
| Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter Enhet : Prosent | -1,4 | 7,1 | -2,6 | 5,8 | 13,0 | 2,8 | 2,7 |
| Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter Enhet : Prosent | 181,3 | 170,4 | 212,1 | 181,3 | 130,5 | 175,5 | 188,8 |
| Arbeidskapital i prosent av brutto driftsinntekter Enhet : Prosent | 63,8 | 77,5 | 7,5 | 41,3 | 42,1 | 13,8 | 19,9 |
| Frie inntekter i kroner per innbygger Enhet : Kroner | 65 452 | 66 621 | 56 030 | 66 626 | 65 659 | 44 883 | 46 475 |
| Netto lånegjeld i kroner per innbygger Enhet : Kroner | 59 857 | 9 046 | 58 528 | 121 353 | -19 509 | 31 065 | 36 120 |
| **Prioritering** | | | | | | | |
| Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager Enhet : Kroner | 128 614 | 145 792 | 150 178 | 149 991 | 198 646 | 114 589 | 115 509 |
| Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 214, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år Enhet : Kroner | 147 576 | 171 049 | 154 055 | 209 930 | 199 443 | 91 650 | 97 544 |
| Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten Enhet : Kroner | 4 178 | 4 513 | 3 117 | 5 392 | 7 539 | 1 820 | 2 049 |
| Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgtjenesten Enhet : Kroner | 33 293 | 24 534 | 18 370 | 28 771 | 27 738 | 13 672 | 14 939 |
| Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger 20 -66 år Enhet : Kroner | 1 116 | 1 761 | 2 768 | 3 525 | 1 666 | 2 460 | 3 018 |
| Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten Enhet : Kroner | 16 428 | 2 255 | 6 787 | 11 790 | 5 392 | 6 095 | 6 874 |
| Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb. Enhet : Kroner | 17 333 | 14 108 | 9 969 | 12 458 | 20 829 | 3 412 | 4 126 |
| **Dekningsgrad** | | | | | | | |
| Andel barn 1-5 år med barnehageplass Enhet : Prosent | 92,0 | 88,7 | 90,9 | 96,6 | 95,8 | 88,7 | 90,1 |
| Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning Enhet : Prosent | 10,1 | 7,4 | 13,6 | 8,1 | 11,9 | 7,7 | 8,5 |
| Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten Enhet : Avtalte årsverk | 24,4 | 30,5 | 15,1 | 21,8 | 31,5 | 9,1 | 9,9 |
| Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten Enhet : Avtalte årsverk | 8,5 | 10,0 | 10,7 | 10,9 | 24,5 | 7,2 | 8,5 |
| | .. | .. | .. | .. | .. | .. | .. |

| | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Andel mottakere av hjemmetjenester over 67 år Enhet : Prosent | | | | | | | | |
| Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner Enhet : Prosent | f k i d s | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 92,9 | 93,0 |
| Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon Enhet : Prosent | f i d s | .. | 14,7 | 21,1 | 14,2 | 24,1 | 13,5 | 14,1 |
| Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år Enhet : Prosent | f i d s | 2,1 | .. | 3,4 | 2,0 | 3,1 | : | 3,7 |
| Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år Enhet : Prosent | i d s | 9,9 | 3,2 | 8,6 | 4,2 | .. | : | 4,8 |
| Sykkel-, gangveier/turstier mv. m/kom. driftsansvar per 10 000 innb. Enhet : Kilometer | f i d s | 1 703 | - | 1 236 | 5 483 | 7 006 | 77 | 183 |
| Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere Enhet : Boliger | k i d s | 34 | .. | 29 | 34 | 42 | 16 | 20 |
| Årsverk i brann- og ulykkesvern pr. 1000 innbyggere Enhet : Årsverk | i d s | .. | .. | .. | .. | .. | .. | .. |
| **Produktivitet/enhetskostnader** | | | | | | | | |
| Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage Enhet : Kroner | i d s | 159 691 | 190 787 | 180 626 | 164 235 | 233 239 | 161 088 | 157 297 |
| Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, spesialskoler, skolelokaler og skoleskyss (202, 214, 222, 223), per elev Enhet : Kroner | f i d s | 147 156 | 161 618 | 151 112 | 195 812 | 180 304 | 94 111 | 95 807 |
| Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.-10.årstrinn Enhet : Personer | k i d s | 10,0 | 7,4 | 10,7 | 10,0 | 7,6 | 15,2 | 14,7 |
| Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner) Enhet : Kroner | i d s | 76 468 | 97 702 | 201 690 | 174 271 | 43 349 | 240 544 | 210 493 |
| Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass Enhet : Kroner | i d s | 1 802 571 | 1 007 190 | 918 951 | 989 537 | 981 071 | 1 021 606 | 955 309 |
| Årsgebyr for vannforsyning (gjelder rapporteringsåret+1) Enhet : Kroner | i d s | 1 521 | 4 590 | 3 806 | .. | 2 342 | 2 289 | 3 102 |
| Årsgebyr for avløpstjenesten (gjelder rapporteringsåret+1) Enhet : Kroner | i d s | 1 328 | 2 107 | 2 155 | .. | 2 342 | 2 513 | 3 424 |
| Årsgebyr for avfallstjenesten (gjelder rapporteringsåret+1) Enhet : Kroner | i d s | 2 909 | 2 970 | 3 497 | .. | 3 713 | 2 557 | 2 377 |
| Gjennomsnittlig saksbehandlingstid, vedtatte reguleringsplaner (kalenderdager) Enhet : Dager | f i d s | .. | 264 | 220 | 275 | .. | .. | .. |
| Gjennomsnittlig saksbehandlingstid, oppmålingsforretning (kalenderdager) Enhet : Dager | i d s | 65 | 60 | 98 | 16 | 117 | 80 | 66 |
| Brutto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate Enhet : Kroner | f i d s | 125 636 | 116 400 | 53 092 | 285 556 | 102 140 | 111 400 | 124 583 |
| **Lovanvendelse** | | | | | | | | |
| Andel søknader om motorferdsel i utmark innvilget. Enhet : Prosent | f i d s | 92 | 98 | 100 | .. | 97 | 95 | 96 |
| Andel dispensasjonssøkn. for nybygg i 100-m beltet langs saltvann innvilget Enhet : Prosent | f k i d s | .. | .. | 100 | .. | .. | 75 | 86 |

Vis denne tabellen i statistikkbanken
Vis grunnlagstallene for denne tabellen i statistikkbanken

# Forsand kommune

Økonomikontoret

| Saksbeh | Ref. | Arkivkode | Dato: |
|---|---|---|---|
| Ellen Kathrine Hagen | 12/951-21 | /K1-210, K1-004, K3-&14 | 19.04.2013 |

## Årsmelding 2012 økonomisk

**Generelt om verksemda**
Rekneskapen for 2012 vert avlagt med eit rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) på kr 4 085 000. Seksjonane hadde samla sett eit negativt avvik (overforbruk) frå nettorammene sine på kr 279 000 medan det er store avvik i bruttotalla. Seksjonane varierer i nettorammene sine frå frå ca 1,4 i overforbruk på helse/sos og til ca 1,1 i mindreforbruk på rådmannskontoret. Syner til seksjonane sine eigne kommentarar om tala sine. Rekneskapstala til seksjonane har utvikla seg slik over dei siste 5 åra:

| | **2012** | **2011** | **2010** | **2009** | **2008** |
|---|---|---|---|---|---|
| **Rådm.kontor** | 16 051 | 15 081 | 16 159 | 13 985 | 14 583 |
| **Kultur** | 3 654 | 3 176 | 3 225 | 3 250 | 3 233 |
| **Helse/sos** | 26 734 | 23 306 | 20 514 | 18 281 | 17 469 |
| **Barnehage*** | 9 564 | 9 215 | 3 192 | 3 776 | 2 800 |
| **Skule** | 23 696 | 22 234 | 21 265 | 20 652 | 20 201 |
| **PLO** | 23 487 | 20 230 | 20 112 | 18 635 | 19 935 |
| **Teknisk** | 20 386 | 18 628 | 18 566 | 16 786 | 15 276 |
| **Sum** | **123 572** | **111 870** | **103 033** | **95 365** | **93 497** |

* øyremerka tilskot til barnehagen vart frå 2011 teke inn i rammetilskotet

RESULTATVURDERINGAR
**Driftsinntektene** er til saman ca 7,8 mill høgare enn budsjettert. Det største avviket er på overføringar med krav til motytelsar (refusjonar)med ca 3 mill. Det er ei stor utfordring å forutsjå kor mange som blir sjuke og kor mange som går ut i permisjon i løpet av året.
Eigedomsskatten er ca 1,5 mill høgare enn budsjettert fordi det vart føreteke 3 nye takseringar i 2012. Rammetilskot og skatteinngang ligg samla sett litt under det budsjetterte nivået medan konsesjonsavgifta er litt høgare enn budsjettet.
**Driftsutgiftene** er samla ca 9,5 mill høgare enn budsjettert dersom ein ser vekk i frå avskrivingane på 9,7 mill(som ikkje har resultateffekt). Korrigert brutto driftsresultat vil vera 158 000 og eit reelt avvik på 1, 6 mill i forhold til budsjettet. Lønnskostnadane må sjåast i samanheng med sosiale utgifter (arb.gj avgift og pensjon). Her er det samla eit avvik på ca 3,5 mill sjølv om det er tilbakeført pensjon på grunn av bruk av premiefond for 4. kvartal. Budsjettering for kjøp av varer og tenester skjer inkl mva medan rekneskapen viser mva i posten for « overføringar» slik at også desse postane må sjåast i samanheng. Mva utgjer for 2012 om lag 5 mill.
**Netto driftsresultat** er eit sentralt begrep og bør etter sentrale styresmakter utgjera 3 % av driftsinntektene for å vera ein berekraftig økonomi. Det skal vera stort nok til å dekkja renter og avdrag frå investeringar slik at formuesverdien vert oppretthalden. Forsand kommune hadde eit revidert budsjett på netto driftsresultat som utgjorde 1,8 %. Dette målet vart ikkje nådd i 2012 då resultatet vart 0,4. Dette skuldast at overskridingane i utgiftene var større enn i inntektene.
**Resultatet for finans- inntektene og utgiftene** er om lag 0,5 mill dårligare enn budsjettet dersom det blir korrigert for urealisert tap. At rentekurva enno ikkje har begynt å stiga gjer at både renteinntekter og

renteutgifter er lågare enn budsjettert. Grunna realisering av ein del finansielle omløpsmidlar til utlån er det bokført høgare gevinst enn det som låg i budsjettet.
Det er tapsført 2,914 mill på verdipapir. Dette er urealisert tap på grunn av endra markedsverdi og er dekka inn ved bruk av kursreguleringsfond. Det gjenstår pr 311212 ca 22,5 mill på fondet til å ta høgde for svingingane i finansmarknaden. Avdrag på lån er høgare enn budsjettert og det skuldast betaling av eit ekstraordinært avdrag.
**Bruk av fond** har eit avvik på 7,5 mill. På disposisjonsfond er dette hovedsakleg frå tapsføringa på kursreguleringsfondet med ca 3 mill. Bundne fond er berre budsjettert med 2,5 mill i utlån frå kraftfondet. Resten er inndekking på næringsavdelinga frå kraftfondet med ca 2,3 mill, bruk av kalkingsfond ca 1,4 mill og andre tidlegare mottekne øyremerka og avsette midlar.
**Avsetning til fond** er ca 1,5 mindre enn budsjettert. Avsetninga til disposisjonsfond er ca 0,8 mill mindre. Avvik på avsetning til bundne fond skuldast at budsjettert avsetning til kraftfondet ikkje vart gjennomført då det ikkje var midlar igjen frå drift til det.
Fondsmidla hadde pr 010112 ein samla saldo på om lag 120 mill , denne er pr 311212 om lag 94 mill. Ser ein vekk i frå kursreguleringsfondet – som er papirpengar – har det endra seg frå ca 95 mill til ca 71,5 mill – noko som utgjer ein reell nedgang i fondsmidler på ca 23,5 gjennom året.
**Investeringsrekneskapen** syner eit avvik på ca 3,8 mill. Årsaka til dette er hovedsakleg at budsjettert utlån vart ca 3,5 mill lågare enn budsjettert. Elles vart det ikkje gjennomført nye låneopptak i 2012 men nytta ubrukte lånemidlar. Prosjekta er gjennomført og avslutta med unntak av dei som er rebudsjettert og overført til 2013.

**Nokre finansielle nøkkeltal - *urevidert pr 1503 for 2012::***
Endelige tal for 2012 vil bli publisert 150613. Sjå www.ssb.no/kostra for meir informasjon.

| | Forsand | | Gj .snitt gruppe16 | | Gj .snitt Rogaland | | Gj.snitt landet utenom Oslo | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2012 | 2011 | 2012 | 2011 | 2012 | 2011 | 2012 | 2011 |
| Nto driftsresultat i % av bto dr.innt | - 1,4 (0,26 korr) | -9,4 (2,5 korr) | 7,7 | 6,5 | 2,8 | 2,4 | 2,6 | 1,8 |
| Frie inntekter i kr pr innbyggjar | 65 452 | 62 271 | 52 279 | 52 454 | 44 883 | 41 961 | 45 652 | 42 625 |
| Netto lånegjeld i kr pr innbyggjar | 59 857 | 72 756 | 58 399 | 51 323 | 31 065 | 29 891 | 44 196 | 41 402 |

**Utfordringar**
Hovudoppgåva til kommunen er å tilretteleggja for og å yta gode tenester, samt å syta for at kommunen sine midlar vert forvalta på beste måte. Forsand kommune har ein solid økonomi men høge forventningar hos innbyggjarar og tilsette medverkar til at presset på kommunen sin økonomi aukar. Dei kommunale tenestene skal vidareutviklast innanfor dei økonomiske rammene som er sett . Det inneber mellom anna og å effektivisera administrative rutinar når ikkje utgiftene held følgje med inntektene. Det er ennå ein veg å gå når det gjeld budsjettdisiplinen som det framleis vera stort fokus på. Ein godt vaksen arbeidsstokk med høg gjennomsnittsalder medfører aukande pensjonskostnadar.

Ellen Kathrine Hagen
økonomileiar

| | Regnskap | Reg. budsjett | Oppr.budsjett | Regnskap i fjor |
|---|---|---|---|---|
| **Driftsinntekter** | | | | |
| Brukerbetalinger | 5.231.724,53 | 4.056.000,00 | 4.056.000,00 | 4.364.502,16 |
| Andre salgs- og leieinntekter | 6.866.297,99 | 6.092.000,00 | 6.092.000,00 | 7.512.078,77 |
| Overføringer med krav til motytelse | 17.170.315,55 | 14.162.000,00 | 14.162.000,00 | 15.620.756,25 |
| Rammetilskudd | 36.933.999,00 | 38.085.000,00 | 36.740.000,00 | 35.060.016,00 |
| Andre statlige overføringer | 2.422.883,00 | 1.767.000,00 | 3.112.000,00 | 3.360.079,04 |
| Andre overføringer | 1.116.080,38 | 251.000,00 | 251.000,00 | 1.602.964,99 |
| Skatt på inntekt og formue | 43.375.769,40 | 42.676.000,00 | 42.676.000,00 | 40.247.667,89 |
| Eiendomsskatt | 40.273.227,00 | 38.766.000,00 | 38.766.000,00 | 36.824.460,00 |
| Andre direkte og indirekte skatter | 9.377.945,00 | 9.125.000,00 | 9.125.000,00 | 9.108.157,00 |
| **Sum driftsinntekter** | **162.768.241,85** | **154.980.000,00** | **154.980.000,00** | **153.700.682,10** |
| **Driftsutgifter** | | | | |
| Lønnsutgifter | 86.910.533,37 | 80.318.000,00 | 80.318.000,00 | 79.853.124,61 |
| Sosiale utgifter | 22.261.260,47 | 26.270.000,00 | 26.270.000,00 | 19.888.563,78 |
| Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon | 27.426.845,79 | 28.713.000,00 | 29.880.000,00 | 24.992.707,23 |
| Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon | 15.651.728,97 | 13.678.000,00 | 13.678.000,00 | 14.152.572,12 |
| Overføringer | 14.514.221,37 | 8.315.000,00 | 5.803.000,00 | 12.881.742,35 |
| Avskrivninger | 9.703.581,00 | 0,00 | 0,00 | 9.181.275,00 |
| Fordelte utgifter | -4.154.685,12 | -4.143.000,00 | -4.143.000,00 | -3.260.964,88 |
| **Sum driftsutgifter** | **172.313.485,85** | **153.151.000,00** | **151.806.000,00** | **157.689.020,21** |
| **Brutto driftsresultat** | **-9.545.244,00** | **1.829.000,00** | **3.174.000,00** | **-3.988.338,11** |
| **Finansinntekter** | | | | |
| Renteinntekter og utbytte | 5.495.034,38 | 7.650.000,00 | 7.650.000,00 | 6.499.970,19 |
| Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler) | 2.840.891,39 | 1.115.000,00 | 1.115.000,00 | 166.420,84 |
| Mottatte avdrag på utlån | 89.274,00 | 40.000,00 | 40.000,00 | 79.653,00 |
| **Sum eksterne finansinntekter** | **8.425.199,77** | **8.805.000,00** | **8.805.000,00** | **6.746.044,03** |
| **Finansutgifter** | | | | |
| Renteutgifter og låneomkostninger | 3.506.702,39 | 4.097.000,00 | 4.097.000,00 | 3.670.742,75 |
| Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler) | 2.914.200,00 | 0,00 | 0,00 | 18.322.023,00 |
| Avdrag på lån | 4.363.961,00 | 3.720.000,00 | 3.720.000,00 | 4.358.200,00 |
| Utlån | 128.432,00 | 60.000,00 | 60.000,00 | 76.410,00 |
| **Sum eksterne finansutgifter** | **10.913.295,39** | **7.877.000,00** | **7.877.000,00** | **26.427.375,75** |
| **Resultat eksterne finanstransaksjoner** | **-2.488.095,62** | **928.000,00** | **928.000,00** | **-19.681.331,72** |
| Motpost avskrivninger | 9.703.581,00 | 0,00 | 0,00 | 9.181.275,00 |
| **Netto driftsresultat** | **-2.329.758,62** | **2.757.000,00** | **4.102.000,00** | **-14.488.394,83** |
| **Interne finanstransaksjoner** | | | | |
| Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk | 1.706.608,38 | 1.706.608,38 | 0,00 | 4.526.045,00 |
| Bruk av disposisjonsfond | 3.281.436,74 | 95.000,00 | 95.000,00 | 19.209.629,00 |
| Bruk av bundne fond | 6.838.822,74 | 2.500.000,00 | 0,00 | 1.199.426,50 |
| Bruk av likviditetsreserve | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| **Sum bruk av avsetninger** | **11.826.867,86** | **4.301.608,38** | **95.000,00** | **24.935.100,50** |
| Overført til investeringsregnskapet | 3.532.375,39 | 3.700.000,00 | 2.050.000,00 | 2.585.193,95 |
| Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Avsatt til disposisjonsfond | 1.706.608,38 | 2.556.608,38 | 0,00 | 5.251.536,99 |
| Avsatt til bundne fond | 172.608,00 | 802.000,00 | 2.147.000,00 | 903.366,35 |
| Avsatt til likviditetsreserven | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| **Sum avsetninger** | **5.411.591,77** | **7.058.608,38** | **4.197.000,00** | **8.740.097,29** |
| **Regnskapsmessig mer/mindreforbruk** | **4.085.517,47** | **0,00** | **0,00** | **1.706.608,38** |

# Økonomisk oversikt - investering

1 Forsand kommune - 2013 16.05.2013

| | Regnskap | Reg. budsjett | Oppr.budsjett | Regnskap i fjor |
|---|---|---|---|---|
| **Inntekter** | | | | |
| Salg av driftsmidler og fast eiendom | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 1.378.183,00 |
| Andre salgsinntekter | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Overføringer med krav til motytelse | 41.666,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Statlige overføringer | 0,00 | 0,00 | 1.156.000,00 | 493.000,00 |
| Andre overføringer | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Renteinntekter og utbytte | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| **Sum inntekter** | **41.666,00** | **0,00** | **1.156.000,00** | **1.871.183,00** |
| **Utgifter** | | | | |
| Lønnsutgifter | 19.685,00 | 0,00 | 0,00 | 46.950,00 |
| Sosiale utgifter | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon | 11.811.710,20 | 13.934.513,00 | 14.600.000,00 | 8.571.692,05 |
| Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Overføringer | 1.768.798,33 | 0,00 | 0,00 | 888.876,66 |
| Renteutgifter og omkostninger | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Fordelte utgifter | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| **Sum utgifter** | **13.600.193,53** | **13.934.513,00** | **14.600.000,00** | **9.507.518,71** |
| Finanstransaksjoner | | | | |
| Avdrag på lån | 855.899,00 | 1.000.000,00 | 1.000.000,00 | 1.867.308,48 |
| Utlån | 10.137.760,50 | 13.500.000,00 | 11.000.000,00 | 4.997.500,00 |
| Kjøp av aksjer og andeler | 40.215,00 | 0,00 | 0,00 | 36.985,00 |
| Dekning av tidligere års udekket | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Avsatt til ubundne investeringsfond | 256.533,00 | 250.000,00 | 0,00 | 1.378.183,00 |
| Avsatt til bundne investeringsfond | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Avsatt til likviditetsreserve | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| **Sum finansieringstransaksjoner** | **11.290.407,50** | **14.750.000,00** | **12.000.000,00** | **8.279.976,48** |
| **Finansieringsbehov** | **24.848.935,03** | **28.684.513,00** | **25.444.000,00** | **15.916.312,19** |
| **Dekket slik:** | | | | |
| Bruk av lån | 2.060.770,74 | 4.200.000,00 | 5.800.000,00 | 9.740.841,75 |
| Salg av aksjer og andeler | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Mottatte avdrag på utlån | 1.087.789,00 | 2.000.000,00 | 2.000.000,00 | 1.222.475,00 |
| Overført fra driftsbudsjettet | 3.532.375,39 | 3.700.000,00 | 2.050.000,00 | 2.585.193,95 |
| Bruk av tidligere års udisponert | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Bruk av disposisjonsfond | 12.625.189,41 | 12.400.000,00 | 13.250.000,00 | 1.374.247,70 |
| Bruk av bundne driftsfond | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Bruk av ubundne investeringsfond | 5.542.810,49 | 6.384.513,00 | 2.344.000,00 | 993.553,79 |
| Bruk av bundne investeringsfond | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Bruk av likviditetsreserve | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| **Sum finansiering** | **24.848.935,03** | **28.684.513,00** | **25.444.000,00** | **15.916.312,19** |
| **Udekket/udisponert** | **0,00** | **0,00** | **0,00** | **0,00** |

| | Regnskap | Reg. budsjett | Oppr.budsjett | Regnskap i fjor |
|---|---|---|---|---|
| **Anskaffelse og anvendelse av midler** | | | | |
| **Anskaffelse av midler** | | | | |
| Inntekter driftsdel (kontoklasse 1) | 162.768.241,85 | 154.980.000,00 | 154.980.000,00 | 153.700.682,10 |
| Inntekter investeringsdel (kontoklasse 0) | 41.666,00 | 0,00 | 1.156.000,00 | 1.871.183,00 |
| Innbetalinger ved eksterne finanstransaksjoner | 11.573.759,51 | 15.005.000,00 | 16.605.000,00 | 17.709.360,78 |
| **Sum anskaffelse av midler** | **174.383.667,36** | **169.985.000,00** | **172.741.000,00** | **173.281.225,88** |
| **Anvendelse av midler** | | | | |
| Utgifter driftsdel (kontoklasse 1) | 162.609.904,85 | 153.147.000,00 | 151.796.000,00 | 148.507.745,21 |
| Utgifter investeringsdel (kontoklasse 0) | 13.600.193,53 | 13.934.513,00 | 14.600.000,00 | 9.507.518,71 |
| Utbetaling ved eksterne finanstransaksjoner | 21.947.169,89 | 22.377.000,00 | 19.877.000,00 | 33.329.169,23 |
| **Sum anvendelse av midler** | **198.157.268,27** | **189.458.513,00** | **186.273.000,00** | **191.344.433,15** |
| **Anskaffelse - anvendelse av midler** | **-23.773.600,91** | **-19.473.513,00** | **-13.532.000,00** | **-18.063.207,27** |
| Endring i ubrukte lånemidler | 6.996.229,26 | 0,00 | 0,00 | -9.740.841,75 |
| Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Drift | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Invest | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| **Endring i arbeidskapital** | **-16.777.371,65** | **-19.473.513,00** | **-13.532.000,00** | **-27.804.049,02** |
| **Avsetninger og bruk av avsetninger** | | | | |
| Avsetninger | 6.221.266,85 | 3.608.608,38 | 2.147.000,00 | 9.239.694,72 |
| Bruk av avsetninger | 29.994.867,76 | 23.086.121,38 | 15.689.000,00 | 27.302.901,99 |
| Til avsetning senere år | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| **Netto avsetninger** | **-23.773.600,91** | **-19.477.513,00** | **-13.542.000,00** | **-18.063.207,27** |
| **Int. overføringer og fordelinger** | | | | |
| Interne inntekter mv | 25.090.786,92 | 15.301.000,00 | 13.651.000,00 | 21.951.451,51 |
| Interne utgifter mv | 25.090.786,92 | 15.301.000,00 | 13.651.000,00 | 21.951.451,51 |
| **Netto interne overføringer** | **0,00** | **0,00** | **0,00** | **0,00** |

| | Regnskap 2012 | Regnskap 2011 |
|---|---|---|
| **EIENDELER** | | |
| **Anleggsmidler** | **388.700.327,70** | **364.900.568,20** |
| Herav: | | |
| Faste eiendommer og anlegg | 208.436.598,96 | 202.970.606,96 |
| Utstyr, maskiner og transportmidler | 7.999.319,24 | 9.610.369,24 |
| Utlån | 26.600.032,50 | 17.568.710,00 |
| Konserninterne langsiktige fordringer | 0,00 | 0,00 |
| Aksjer og andeler | 948.972,00 | 1.940.757,00 |
| Pensjonsmidler | 144.715.405,00 | 132.810.125,00 |
| | | |
| **Omløpsmidler** | **135.175.019,42** | **146.810.959,73** |
| Herav: | | |
| Kortsiktige fordringer | 10.911.818,01 | 12.198.569,87 |
| Konserninterne kortsiktige fordringer | 0,00 | 0,00 |
| Premieavvik | 12.972.731,24 | 12.052.862,24 |
| Aksjer og andeler | 73.669.995,87 | 76.441.882,27 |
| Sertifikater | 0,00 | 0,00 |
| Obligasjoner | 20.133.127,41 | 28.332.771,41 |
| Kasse, postgiro, bankinnskudd | 17.487.346,89 | 17.784.873,94 |
| | | |
| **SUM EIENDELER** | **523.875.347,12** | **511.711.527,93** |
| | | |
| **EGENKAPITAL OG GJELD** | | |
| **Egenkapital** | **197.462.605,77** | **209.368.421,92** |
| Herav: | | |
| Disposisjonsfond | 40.312.928,02 | 54.512.945,79 |
| Bundne driftsfond | 19.255.931,28 | 25.922.146,02 |
| Ubundne investeringsfond | 34.767.648,99 | 40.053.926,48 |
| Bundne investeringsfond | 0,00 | 0,00 |
| Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Drift | -1.225.699,56 | -1.225.699,56 |
| Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Invest | 0,00 | 0,00 |
| Regnskapsmessig mindreforbruk | 4.085.517,39 | 1.706.608,30 |
| Regnskapsmessig merforbruk | 0,00 | 0,00 |
| Udisponert i inv.regnskap | 0,00 | 0,00 |
| Udekket i inv.regnskap | 0,00 | 0,00 |
| Likviditetsreserve | 0,00 | 0,00 |
| Kapitalkonto | 100.266.279,65 | 88.398.494,89 |
| | | |
| **Langsiktig gjeld** | **295.132.408,65** | **276.204.204,65** |
| Herav: | | |
| Pensjonsforpliktelser | 188.389.900,00 | 172.353.526,00 |
| Ihendehaverobligasjonslån | 0,00 | 0,00 |
| Sertifikatlån | 0,00 | 0,00 |
| Andre lån | 106.742.508,65 | 103.850.678,65 |
| Konsernintern langsiktig gjeld | 0,00 | 0,00 |
| | | |
| **Kortsiktig gjeld** | **31.280.332,70** | **26.138.901,36** |
| Herav: | | |
| Kassekredittlån | 0,00 | 0,00 |
| Annen kortsiktig gjeld | 30.733.692,70 | 25.696.371,04 |
| Konsernintern kortsiktig gjeld | 581.845,00 | 442.530,32 |
| Premieavvik | -35.205,00 | 0,00 |
| | | |
| **SUM EGENKAPITAL OG GJELD** | **523.875.347,12** | **511.711.527,93** |
| | | |
| **MEMORIAKONTI** | | |
| Memoriakonto | 6.698.353,60 | -297.875,66 |
| Herav: | | |
| Ubrukte lånemidler | 6.698.353,60 | -297.875,66 |
| Ubrukte konserninterne lånemidler | 0,00 | 0,00 |
| Andre memoriakonti | 0,00 | 0,00 |
| Motkonto til memoriakontiene | -6.698.353,60 | 297.875,66 |

# Oversikt endring arbeidskapital

1 Forsand kommune - 2013 16.05.2013

| | Regnskap 2012 | Regnskap 2011 |
|---|---|---|
| **OMLØPSMIDLER** | | |
| Endring betalingsmidler | -297.527,05 | -14.391.272,23 |
| Endring ihendehaverobl og sertifikater | -8.199.644,00 | -57.301.705,50 |
| Endring kortsiktige fordringer | -1.286.751,86 | -517.483,78 |
| Endring premieavvik | 919.869,00 | 21.185,00 |
| Endring aksjer og andeler | -2.771.886,40 | 43.129.761,90 |
| **ENDRING OMLØPSMIDLER (A)** | **-11.635.940,31** | **-29.059.514,61** |
| | | |
| **KORTSIKTIG GJELD** | | |
| Endring kortsiktig gjeld (B) | -5.141.431,34 | 1.255.465,59 |
| | | |
| **ENDRING ARBEIDSKAPITAL (A-B)** | **-16.777.371,65** | **-27.804.049,02** |

1 Forsand kommune (2013) - År/Periode 2012 1 - 12 16.05.2013

| | Regnskap 2012 | Per.b(end) 2012 | Avvik(per.) 0 |
|---|---|---|---|
| **Grp. Ansvar: 800 SENTRALADM** | | | |
| 105 ORGANISASJONSSJEF | 5.296 | 5.360 | 64 |
| 110 POLITISK SEKRETÆR | 3.281 | 3.512 | 231 |
| 140 PERSONAL | 2.600 | 3.255 | 655 |
| 150 ØKONOMI | 2.718 | 2.700 | -18 |
| 195 SERVICETORG | 2.157 | 2.355 | 198 |
| **Sum grp. Ansvar: 800 SENTRALADM** | **16.051** | **17.182** | **1.131** |
| **Grp. Ansvar: 801 KULTUR** | | | |
| 210 KULTUR | 1.908 | 1.814 | -94 |
| 211 AKTIVITETSSENTER | 581 | 543 | -38 |
| 213 KAFE MULEN | 247 | 283 | 37 |
| 214 BIBLIOTEKET | 919 | 902 | -17 |
| **Sum grp. Ansvar: 801 KULTUR** | **3.654** | **3.542** | **-112** |
| **Grp. Ansvar: 802 HELSE-&SOSIAL** | | | |
| 220 SOSIALKONTOR | 2.322 | 2.866 | 544 |
| 221 LEGETENESTE | 2.319 | 2.030 | -289 |
| 222 HELSESTASJON | 1.140 | 1.105 | -35 |
| 223 PSYKISK HELSEARBEID | 1.434 | 1.671 | 237 |
| 224 SOSIALTENESTE | 1.391 | 1.305 | -86 |
| 225 BARNEVERN | 5.386 | 5.316 | -70 |
| 226 AVLASTNINGSBUSTAD | 4.157 | 3.153 | -1.004 |
| 227 AVDELING FUNKSJONSHEMMA | 8.584 | 7.889 | -695 |
| **Sum grp. Ansvar: 802 HELSE-&SOSIAL** | **26.734** | **25.335** | **-1.399** |
| **Grp. Ansvar: 803 BARNEHAGE** | | | |
| 230 BARNEHAGE | 9.564 | 9.900 | 336 |
| **Sum grp. Ansvar: 803 BARNEHAGE** | **9.564** | **9.900** | **336** |
| **Grp. Ansvar: 804 SKULE** | | | |
| 240 SKULE | 19.785 | 19.451 | -334 |
| 241 ATO | 2.558 | 2.856 | 298 |
| 242 KULTURSKULE | 1.353 | 1.445 | 92 |
| **Sum grp. Ansvar: 804 SKULE** | **23.696** | **23.752** | **56** |
| **Grp. Ansvar: 805 PLO** | | | |
| 270 PLEIE OG OMSORGSEKSJONEN | 3.591 | 3.643 | 52 |
| 271 Gruppe 1 PLO | 14.826 | 13.641 | -1.185 |
| 272 Gruppe2 PLO | 5.069 | 5.416 | 347 |
| **Sum grp. Ansvar: 805 PLO** | **23.487** | **22.700** | **-787** |
| **Grp. Ansvar: 806 TEKNISK** | | | |
| 300 TEKNISK SJEF | 1.381 | 1.239 | -142 |
| 310 PLANAVDELING | 1.555 | 1.890 | 335 |
| 311 BYGGESAK | 209 | 503 | 294 |
| 312 JORDBRUK | 1.147 | 1.206 | 59 |
| 313 OPPMÅLING OG KALKING | 343 | 449 | 106 |
| 330 EIGEDOMSFORVALTER | 11.505 | 12.088 | 583 |
| 331 KOMMUNALTEKNISK | 4.247 | 4.065 | -182 |
| **Sum grp. Ansvar: 806 TEKNISK** | **20.386** | **21.440** | **1.054** |
| **T O T A L T** | **123.573** | **123.851** | **279** |

| | Regnskap 2012 | Buds(end) 2012 |
|---|---|---|
| **Prosjekt: 004 EDB.MASKINER/PROGRAMVARE** | | |
| **Tjeneste: 1206 SENTRAL EDB** | | |
| 3202 EDB-MASKINAR | 827 | 1.200 |
| 3429 MVA PÅ VEDERLAG MVA-PLIKTIGE ANSK - INV | 207 | 0 |
| 3770 Refusjon frå andre | -42 | 0 |
| 3971 FRÅ DRIFT | -992 | -1.200 |
| **Sum tjeneste: 1206 SENTRAL EDB** | **0** | **0** |
| **Sum prosjekt: 004 EDB.MASKINER/PROGRAMVARE** | **0** | **0** |
| **Prosjekt: 005 LYSEBOTN** | | |
| **Tjeneste: 3605 LYSEFJORDEN** | | |
| 3230 NYBYGG OG NYANLEGG | 0 | 100 |
| 3949 BRUK AV VEGFOND | 0 | -100 |
| **Sum tjeneste: 3605 LYSEFJORDEN** | **0** | **0** |
| **Sum prosjekt: 005 LYSEBOTN** | **0** | **0** |
| **Prosjekt: 010 BYGGEFELT** | | |
| **Tjeneste: 3151 BUSTADOMRÅDE UTBYGGJING** | | |
| 3230 NYBYGG OG NYANLEGG | 327 | 0 |
| 3280 GRUNNERVERV | 4.068 | 5.235 |
| 3429 MVA PÅ VEDERLAG MVA-PLIKTIGE ANSK - INV | 115 | 0 |
| 3948 BRUK AV UB KAPFOND | -4.509 | -5.235 |
| **Sum tjeneste: 3151 BUSTADOMRÅDE UTBYGGJING** | **0** | **0** |
| **Sum prosjekt: 010 BYGGEFELT** | **0** | **0** |
| **Prosjekt: 190 UTLÅN ETABLERINGSLÅN** | | |
| **Tjeneste: 2830 BISTAND TIL ETABLERING OG OPPRETTHOLDELSE AV EGEN BC** | | |
| 3521 UTLÅN FORMIDLINGSLÅN | 225 | 0 |
| **Sum tjeneste: 2830 BISTAND TIL ETABLERING OG OPPRETTHOLDELSE AV EGE** | **225** | **0** |
| **Sum prosjekt: 190 UTLÅN ETABLERINGSLÅN** | **225** | **0** |
| **Prosjekt: 191 UTLÅN** | | |
| **Tjeneste: 3256 TILRETTELEGGING OG BISTAND FOR NÆRINGSLIVET** | | |
| 3520 UTLÅN | 2.500 | 2.500 |
| 3970 FRÅ DRIFT - BUNDNE FOND | -2.500 | -2.500 |
| **Sum tjeneste: 3256 TILRETTELEGGING OG BISTAND FOR NÆRINGSLIVET** | **0** | **0** |
| **Sum prosjekt: 191 UTLÅN** | **0** | **0** |
| **Prosjekt: 195 INNBETALTE AVDRAG - formidlINGSLÅN** | | |
| **Tjeneste: 2830 BISTAND TIL ETABLERING OG OPPRETTHOLDELSE AV EGEN BC** | | |
| 3920 MOTTATT AVDRAG PÅ UTLÅN | -311 | 0 |
| **Sum tjeneste: 2830 BISTAND TIL ETABLERING OG OPPRETTHOLDELSE AV EGE** | **-311** | **0** |
| **Tjeneste: 8701 AVDRAG PÅ LÅN** | | |
| 3920 MOTTATT AVDRAG PÅ UTLÅN | 0 | -1.000 |
| **Sum tjeneste: 8701 AVDRAG PÅ LÅN** | **0** | **-1.000** |
| **Sum prosjekt: 195 INNBETALTE AVDRAG - formidlINGSLÅN** | **-311** | **-1.000** |
| **Prosjekt: 196 FORMIDLINGSLÅN** | | |
| **Tjeneste: 2830 BISTAND TIL ETABLERING OG OPPRETTHOLDELSE AV EGEN BC** | | |

| | Regnskap 2012 | Buds(end) 2012 |
|---|---|---|
| 3548 AVSETJING KAPITALFOND | 7 | 0 |
| **Sum tjeneste: 2830 BISTAND TIL ETABLERING OG OPPRETTHOLDELSE AV EGE** | **7** | **0** |
| **Tjeneste: 8701 AVDRAG PÅ LÅN** | | |
| 3521 UTLÅN FORMIDLINGSLÅN | 0 | 1.000 |
| **Sum tjeneste: 8701 AVDRAG PÅ LÅN** | **0** | **1.000** |
| **Sum prosjekt: 196 FORMIDLINGSLÅN** | **7** | **1.000** |
| **Prosjekt: 197 Ekstraord. avdrag formidlingslån** | | |
| **Tjeneste: 2830 BISTAND TIL ETABLERING OG OPPRETTHOLDELSE AV EGEN BC** | | |
| 3922 MOTTATT EKSTRAORDINÆRE AVDRAG FORMIDLI | -777 | 0 |
| **Sum tjeneste: 2830 BISTAND TIL ETABLERING OG OPPRETTHOLDELSE AV EGE** | **-777** | **0** |
| **Sum prosjekt: 197 Ekstraord. avdrag formidlingslån** | **-777** | **0** |
| **Prosjekt: 504 PENSJON** | | |
| **Tjeneste: 8800 INTERNE FINANSIERINGSTRANSAKSJONAR** | | |
| 3971 FRÅ DRIFT | -40 | 0 |
| **Sum tjeneste: 8800 INTERNE FINANSIERINGSTRANSAKSJONAR** | **-40** | **0** |
| **Sum prosjekt: 504 PENSJON** | **-40** | **0** |
| **Prosjekt: A10 OMBYGGING FORSANDHEIMEN** | | |
| **Tjeneste: 2610 DRIFT AV INSTITUSJONSLOKALER** | | |
| 3230 NYBYGG OG NYANLEGG | 554 | 700 |
| 3429 MVA PÅ VEDERLAG MVA-PLIKTIGE ANSK - INV | 139 | 0 |
| 3948 BRUK AV UB KAPFOND | -693 | -700 |
| **Sum tjeneste: 2610 DRIFT AV INSTITUSJONSLOKALER** | **0** | **0** |
| **Sum prosjekt: A10 OMBYGGING FORSANDHEIMEN** | **0** | **0** |
| **Prosjekt: ADR GATEADRESSE** | | |
| **Tjeneste: 3340 KOMMUNALE VEGAR, MILJØ OG SIKKERHETSTILTAK gatelys** | | |
| 3230 NYBYGG OG NYANLEGG | 29 | 50 |
| 3429 MVA PÅ VEDERLAG MVA-PLIKTIGE ANSK - INV | 7 | 0 |
| 3940 BRUK AV DISPOSISJONSFOND | -36 | -50 |
| **Sum tjeneste: 3340 KOMMUNALE VEGAR, MILJØ OG SIKKERHETSTILTAK gately** | **0** | **0** |
| **Sum prosjekt: ADR GATEADRESSE** | **0** | **0** |
| **Prosjekt: AVF Avdrag formidlingslån** | | |
| **Tjeneste: 2830 BISTAND TIL ETABLERING OG OPPRETTHOLDELSE AV EGEN BC** | | |
| 3510 AVDRAG FORMIDLINGSLÅN | 856 | 0 |
| **Sum tjeneste: 2830 BISTAND TIL ETABLERING OG OPPRETTHOLDELSE AV EGE** | **856** | **0** |
| **Tjeneste: 8701 AVDRAG PÅ LÅN** | | |
| 3510 AVDRAG FORMIDLINGSLÅN | 0 | 1.000 |
| **Sum tjeneste: 8701 AVDRAG PÅ LÅN** | **0** | **1.000** |
| **Sum prosjekt: AVF Avdrag formidlingslån** | **856** | **1.000** |
| **Prosjekt: BB2 Bergebakkane utlån** | | |
| **Tjeneste: 2850 TENESTER UTENFOR KOMMUNALT ANSVARSOMRÅDE (NAV-ANI** | | |
| 3520 UTLÅN | 7.413 | 10.000 |
| 3920 MOTTATT AVDRAG PÅ UTLÅN | 0 | -1.000 |

| | Regnskap 2012 | Buds(end) 2012 |
|---|---|---|
| 3940 BRUK AV DISPOSISJONSFOND | -7.413 | -10.000 |
| **Sum tjeneste: 2850 TENESTER UTENFOR KOMMUNALT ANSVARSOMRÅDE (NAV** | **0** | **-1.000** |
| **Sum prosjekt: BB2 Bergebakkane utlån** | **0** | **-1.000** |
| **Prosjekt: BGL Bakken gard - utbetring lekkasje** | | |
| **Tjeneste: 3858 BAKKEN GARD** | | |
| 3230 NYBYGG OG NYANLEGG | 0 | 200 |
| 3940 BRUK AV DISPOSISJONSFOND | 0 | -200 |
| **Sum tjeneste: 3858 BAKKEN GARD** | **0** | **0** |
| **Sum prosjekt: BGL Bakken gard - utbetring lekkasje** | **0** | **0** |
| **Prosjekt: BPC Bærbare pc-er til elever** | | |
| **Tjeneste: 1206 SENTRAL EDB** | | |
| 3202 EDB-MASKINAR | 167 | 250 |
| 3429 MVA PÅ VEDERLAG MVA-PLIKTIGE ANSK - INV | 38 | 0 |
| 3940 BRUK AV DISPOSISJONSFOND | -205 | -250 |
| **Sum tjeneste: 1206 SENTRAL EDB** | **0** | **0** |
| **Sum prosjekt: BPC Bærbare pc-er til elever** | **0** | **0** |
| **Prosjekt: BPP Bergekleiva parkeringsplass** | | |
| **Tjeneste: 3340 KOMMUNALE VEGAR, MILJØ OG SIKKERHETSTILTAK gatelys** | | |
| 3230 NYBYGG OG NYANLEGG | 0 | 100 |
| 3940 BRUK AV DISPOSISJONSFOND | 0 | -100 |
| **Sum tjeneste: 3340 KOMMUNALE VEGAR, MILJØ OG SIKKERHETSTILTAK gately** | **0** | **0** |
| **Sum prosjekt: BPP Bergekleiva parkeringsplass** | **0** | **0** |
| **Prosjekt: GD Geovekst - oppdatering** | | |
| **Tjeneste: 3030 OPPMÅLING (og kart)** | | |
| 3201 TEKNISK UTSTYR | 161 | 200 |
| 3429 MVA PÅ VEDERLAG MVA-PLIKTIGE ANSK - INV | 40 | 0 |
| 3940 BRUK AV DISPOSISJONSFOND | -202 | -200 |
| **Sum tjeneste: 3030 OPPMÅLING (og kart)** | **0** | **0** |
| **Sum prosjekt: GD Geovekst - oppdatering** | **0** | **0** |
| **Prosjekt: KUV Kulturhus - utbetring varmevekslar** | | |
| **Tjeneste: 3860 KOMMUNALE KULTURBYGG** | | |
| 3230 NYBYGG OG NYANLEGG | 95 | 100 |
| 3429 MVA PÅ VEDERLAG MVA-PLIKTIGE ANSK - INV | 24 | 0 |
| 3940 BRUK AV DISPOSISJONSFOND | -118 | -100 |
| **Sum tjeneste: 3860 KOMMUNALE KULTURBYGG** | **0** | **0** |
| **Sum prosjekt: KUV Kulturhus - utbetring varmevekslar** | **0** | **0** |
| **Prosjekt: KV2 Kulturhus ventilasjonsanlegg** | | |
| **Tjeneste: 3860 KOMMUNALE KULTURBYGG** | | |
| 3230 NYBYGG OG NYANLEGG | 3.485 | 4.200 |
| 3270 KONSULENTHONORAR | 119 | 0 |
| 3410 NYBYGG LØN | 2 | 0 |
| 3429 MVA PÅ VEDERLAG MVA-PLIKTIGE ANSK - INV | 901 | 0 |
| 3910 BRUK AV LÅN | -2.061 | -4.200 |
| 3940 BRUK AV DISPOSISJONSFOND | -2.446 | 0 |

| | Regnskap 2012 | Buds(end) 2012 |
|---|---|---|
| **Sum tjeneste: 3860 KOMMUNALE KULTURBYGG** | **0** | **0** |
| **Sum prosjekt: KV2 Kulturhus ventilasjonsanlegg** | **0** | **0** |
| **Prosjekt: KYR Kyrkja ombygging** | | |
| **Tjeneste: 3900 TILSKOT SOKNERÅD** | | |
| 3230 NYBYGG OG NYANLEGG | 40 | 50 |
| 3429 MVA PÅ VEDERLAG MVA-PLIKTIGE ANSK - INV | 10 | 0 |
| | 0 | 250 |
| 3548 AVSETJING KAPITALFOND | 250 | 0 |
| 3940 BRUK AV DISPOSISJONSFOND | -300 | -300 |
| **Sum tjeneste: 3900 TILSKOT SOKNERÅD** | **0** | **0** |
| **Sum prosjekt: KYR Kyrkja ombygging** | **0** | **0** |
| **Prosjekt: P11 OPPGRADERING PRESTEBUSTAD** | | |
| **Tjeneste: 3900 TILSKOT SOKNERÅD** | | |
| 3230 NYBYGG OG NYANLEGG | 272 | 0 |
| 3941 BRUK AV ANDRE DISPFOND | -272 | 0 |
| **Sum tjeneste: 3900 TILSKOT SOKNERÅD** | **0** | **0** |
| **Sum prosjekt: P11 OPPGRADERING PRESTEBUSTAD** | **0** | **0** |
| **Prosjekt: PPC PC politikarar** | | |
| **Tjeneste: 1000 FOLKEVALDE** | | |
| 3202 EDB-MASKINAR | 123 | 150 |
| 3429 MVA PÅ VEDERLAG MVA-PLIKTIGE ANSK - INV | 31 | 0 |
| 3940 BRUK AV DISPOSISJONSFOND | -154 | -150 |
| **Sum tjeneste: 1000 FOLKEVALDE** | **0** | **0** |
| **Sum prosjekt: PPC PC politikarar** | **0** | **0** |
| **Prosjekt: SSA Skulen - sløydrom avsug** | | |
| **Tjeneste: 2220 LOKALE TIL SKULEN** | | |
| 3230 NYBYGG OG NYANLEGG | 33 | 50 |
| 3429 MVA PÅ VEDERLAG MVA-PLIKTIGE ANSK - INV | 8 | 0 |
| 3948 BRUK AV UB KAPFOND | -41 | -50 |
| **Sum tjeneste: 2220 LOKALE TIL SKULEN** | **0** | **0** |
| **Sum prosjekt: SSA Skulen - sløydrom avsug** | **0** | **0** |
| **Prosjekt: SUL Skulen - utbetring lekkasje** | | |
| **Tjeneste: 2220 LOKALE TIL SKULEN** | | |
| 3230 NYBYGG OG NYANLEGG | 52 | 100 |
| 3429 MVA PÅ VEDERLAG MVA-PLIKTIGE ANSK - INV | 13 | 0 |
| 3940 BRUK AV DISPOSISJONSFOND | -65 | -100 |
| **Sum tjeneste: 2220 LOKALE TIL SKULEN** | **0** | **0** |
| **Sum prosjekt: SUL Skulen - utbetring lekkasje** | **0** | **0** |
| **Prosjekt: SUT Skulen - uteareal/trafikksikring** | | |
| **Tjeneste: 2220 LOKALE TIL SKULEN** | | |
| 3230 NYBYGG OG NYANLEGG | 865 | 800 |
| 3270 KONSULENTHONORAR | 28 | 0 |
| 3429 MVA PÅ VEDERLAG MVA-PLIKTIGE ANSK - INV | 172 | 0 |
| 3940 BRUK AV DISPOSISJONSFOND | -1.065 | -800 |

| | Regnskap 2012 | Buds(end) 2012 |
|---|---|---|
| **Sum tjeneste: 2220 LOKALE TIL SKULEN** | **0** | **0** |
| **Sum prosjekt: SUT Skulen - uteareal/trafikksikring** | **0** | **0** |
| **Prosjekt: SVK Stengekraner i vasskummar** | | |
| **Tjeneste: 3450 DISTRIBUSJON AV VATN (VASSFORSYNING)** | | |
| 3230 NYBYGG OG NYANLEGG | 128 | 150 |
| 3940 BRUK AV DISPOSISJONSFOND | -128 | -150 |
| **Sum tjeneste: 3450 DISTRIBUSJON AV VATN (VASSFORSYNING)** | **0** | **0** |
| **Sum prosjekt: SVK Stengekraner i vasskummar** | **0** | **0** |
| **Prosjekt: SYK Sykkelsti skulen rettedal** | | |
| **Tjeneste: 3340 KOMMUNALE VEGAR, MILJØ OG SIKKERHETSTILTAK gatelys** | | |
| 3230 NYBYGG OG NYANLEGG | 439 | 300 |
| 3410 NYBYGG LØN | 18 | 0 |
| 3429 MVA PÅ VEDERLAG MVA-PLIKTIGE ANSK - INV | 65 | 0 |
| 3940 BRUK AV DISPOSISJONSFOND | -221 | 0 |
| 3948 BRUK AV UB KAPFOND | -300 | -300 |
| **Sum tjeneste: 3340 KOMMUNALE VEGAR, MILJØ OG SIKKERHETSTILTAK gately** | **0** | **0** |
| **Sum prosjekt: SYK Sykkelsti skulen rettedal** | **0** | **0** |
| **Prosjekt: Uten** | | |
| **Tjeneste: 1808 PENSJONSUTGIFTER** | | |
| 3529 Kjøp av aksjer og andelar | 40 | 0 |
| **Sum tjeneste: 1808 PENSJONSUTGIFTER** | **40** | **0** |
| **Sum prosjekt: Uten** | **40** | **0** |
| **T O T A L T** | **0** | **0** |

# Forsand kommune

Politisk

| **Saksbeh** | **Ref.** | **Arkivkode** | **Dato:** |
|---|---|---|---|
| Bodil Vika Gjesteland | 12/951-14 | /K1-210, K1-004, K3-&14 | 15.03.2013 |

## Årsmelding - politisk

Bodil Vika Gjesteland
politisk sekretær

### Hovudtal i budsjett- og rekneskap.

Det var avsett i  3 4 71 budsjettet for 2012 til folkevalde.  Rekneskapet viser kr.3 248.

### Politisk organisering




| Utval | Møte | Saker |
|---|---|---|
| Kommunestyre | 8 møte 2012  (9  -  2011  ) | 107 saker 2012 (89 -  2011 ) |
| Formannskap | 10 møte 2012  (8  -  2011  ) | 61 saker 2012 (51 - 2011 ) |
| Fondstyre | 7 møte 2012  (8  -  2011) | 25 saker 2012 (35 – 2011) |
| Administrasjonsutval | 3 møte 2012  (3  - 2011) | 13 saker 2012 (12   2011 ) |

| | | |
|---|---|---|
| Driftsutval | 5 møte 2012 (7 – 2011) | 48 saker 2012 ( 49 -2011) |
| Klagenemnd | (1 - 2011) | ( 2 - 2011) |

**Tema/orientering i kommunestyret:**

- Orientering om resultatet etter mobbeundersøkinga på skulen v/rektor (21.03)
- Orientering om Ryfylke IKS v/Torkel Myklebust og Nils Moldøen
- Orientering om Lysefjorden Utvikling v/Audun Rake

**Komite**

- Oppretting av komite for eteblering av kunstgressbane
- Oppretting av komite for framdrift av Landa
- Optimist prosjektet 2012-2020
-

**Spørsmål/interpellasjon til ordførar/rådmann**

-spørsmål vedr.kommunal bygningsmasse

**Offentleg spørjetime:**

**Innbyggerintiativ – framleis ferjedrift**

**Tiltakspris:**

Det ble ikkje delt ut tiltakspris i 2012.

**Ausekaret:**

Olette Erevik

| Kommunestyresaker 2012 | Saksnr. | Sett i verk/gjennomført |
|---|---|---|
| Organisering og drift av Landa | 003/12 | |
| Finansiering av tilknyting for vatn og avløp til Bergebakkane bustadfelt | 004/12 | |
| Ungdomsråd i Forsand | 005/12 | |
| Ny bil til pleie- og omsorgstenesta | 006/12 | |
| Gebyr for feiing og tilsyn i Forsand kommu e 2012 – 2015 | 007/12 | |
| Reisemål Ryfylke – vedtak om ny kommuneavtale 2012 – 2015 | 008/12 | |
| Opptak av lån i Husbanken til vidare utlån – startlån | 009/12 | |
| Klage på vedtak om avslag på støtte frå kraffondet – Forsand Sandkompani | 012/12 | |
| Kommunal planstrategi for Forsand – planutfordringar 2012 – 2015 | 013/12 | |
| Søknad frå Ryfylke Friluftsråd om fritak for byggesaksgebyr ved lokale byggeprosjekt | 014/12 | |
| Rapport forvatningsrevisjon | 015/12 | |
| Oppretting av komite for etablering av kunstgressbane | 016/12 | |

| | | |
|---|---|---|
| Oppretting av komite for framtidig drift av Landa | 017/12 | |
| Val av representant i styret for Tveit Vidaregåande skule | 018/12 | |
| Val av skjønnsmedlemmer for perioden 2013 – 2017 | 019/12 | |
| Forskottering av undergang til Bergebakkane bustadfelt | 020/12 | |
| Prestebustad rehabilitering, godkjenning av prosjektet | 021/12 | |
| Innbyggjarinitiativ – framleis ferjedrift | 024/12 | |
| Reguleringsplan Berge/Bergevik – ny 2.gongs handsaming | 025/12 | |
| Godkjenning av forliksavtale mellom Forsand kommune og Agrando A/S | 026/12 | |
| Eventuell bygging av ny prestebustad | 027/12 | |
| Seniorreglement – evaluering | 028/12 | |
| Årsrekneskap og årsmelding 2011 for Forsand Elverk KF | 029/12 | |
| Skatteoppkrevaren – årsrapport 2011 | 030/12 | |
| Godkjenning av årsrekneskap 2011 for Forsand kommune | 031/12 | |
| Årsmelding 2011 for Forsand kommune | 032/12 | |
| Årsmelding 2011 – Kontrollutvalet | 033/12 | |
| Alkoholpolitiske retningsliner 2012 – 2016 | 034/12 | |
| Stillingsheimel 20% sjukepleiarheimel legekontoret | 035/12 | |
| Reguleringsplan småbåthavn Levik – 2.gongs handsaming | 038/12 | |
| Reguleringsplan for masseuttak på Fossanmoen, del av gbnr. 41/28 – 2.gongs handsaming | 039/12 | |
| Kommunal planstrategi for Forsand kommune – høyringsutkast | 040/12 | |
| Alkoholpolitiske retningsliner 2012 – 2016 | 041/12 | |
| Utviding av løyveperiode for sal og skjenking av alkohol – faste løyve | 042/12 | |
| Seniorreglement – evaluering | 043/12 | |
| Samarbeidsavtale mellom Forsand kommune og Helse Stavanger HF | 044/12 | |
| Forsand gravplass, festeavgift | 045/12 | |
| Val av forliksråd for perioden 01.01.2013 – 31.12.2016 | 046/12 | |
| Val av møtefullmektig – forliksråd for perioden 01.01.2013 – 31.12.16 | 047/12 | |
| Val av lagrettemedlemmer/meddommarar for Gulating lagmannssrett, Jæren Tingrett og Sør-Rogaland Jordskifterett | 048/12 | |
| Søknad om permisjon frå politiske verv | 049/12 | |
| Skuleeigarstrategi for Forsand | 050/12 | |
| Utbyggingsavtale vedrørande utbygging av Bergebakkane bustadfelt | 051/12 | |
| Tertialrapport 0112 rekneskap med budsjettendringar | 052/12 | |
| Nytt mandat for Landakomiteen – utsett frist.- | 053/12 | |
| Melding om vedtak etter § 9 punkt 5 i kommunelova | 056/12 | |
| Reguleringsplan Berge/Bergevik – ny handsaming | 057/12 | |
| Etablering av kunstgrasbane på Forsand | 058/12 | |
| Utarbeiding av vegadresser, Forsand kommune | 059/12 | |
| Søknad om løyve for sal og skjenking av alkohol – faste | 060/12 | |

| | | |
|---|---|---|
| løyve 2012 – 2016 | | |
| Veterinærteneste | 061/12 | |
| Søknad om tilskot for utarbeiding av handlingsplan for oppvekestvilkår | 062/12 | |
| Samhandling mellom det kommunale barnevernet og det statlege barnevernet i region vest | 063/12 | |
| Høyringsuttale til planprogram for reiselivsplan i Ryfylke 2013 – 2028 | 064/12 | |
| Stortings og sametingsval 2013: Ein eller to-dagars val | 065/12 | |
| Søknad om fritak frå politiske verv | 066/12 | |
| Søknad om permisjon frå politiske verv i perioden 01.09.12. – 01.09.13 – supplering | 067/12 | |
| Detaljplan Bergebakkane – ny. 2.gongs handsaming | 068/12 | |
| Organisering og drift av landa | 071/12 | |
| Endeleg vedtak om Planstrategi for Forsand kommune | 072/12 | |
| Plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016 | 073/12 | |
| Tertialrapport 0212 rekneskap | 074/12 | |
| Ny selskapsstruktur i Ryfylke IKS | 075/12 | |
| Søknad om fritak frå politiske verv | 076/12 | |
| Skjønn ved Jæren tingrett vedrørande reiselivsanlegg på Oanes – vurdering av anke til Gulating lagmannsrett | 077/12 | |
| Reguleringsplan for fritidsboliger gnr. 9, bnr. 2, Levik – 2.gongs handsaming | 080/12 | |
| Omorganisering av kulturskulen | 081/12 | |
| Plan for selskapskontroll 2012 – 2016 | 082/12 | |
| Partnerskapsavtale for partnerskap for folkehelse i Rogaland | 083/12 | |
| Tilstandsrapport for Fosand skule 2012 | 084/12 | |
| Søknad om lån frå kraftfondet frå Bjørn Hansen A/S | 085/12 | |
| Val av vara til komite for etablering av kunstgressbane | 086/12 | |
| Reguleringsplan småbåthavn Levik – klagehandsaming | 089/12 | |
| Detaljplan Bergebakkane – klagehandsaming | 090/12 | |
| Kjøpsavtale for fortidslansbyen Landa | 091/12 | |
| Lyse Sentralnett AS. 420 kV kraftledning Lyse – Stølaheia – uttale til utgreiingsprogrammet | 092/12 | |
| Statnett SF – 420 kV kraftledning Tonstad (Ertsmyra) – Tjørhom – Lyse og 420 kV Lyse – Saurdal. Høyring av konsesjonssøknader | 093/12 | |
| Politisk godkjenning av søknad om spelemidlar 2013 | 094/12 | |
| Ny prestebustad | 095/12 | |
| Gang- og sykkelsti Kulturhus – Rettedal | 096/12 | |
| Vassryggen – prosjekt nytt vassverk. Sluttrekneskap for prosjekt Vassryggen | 097/12 | |
| Forsand skule – arealbehov – ombygging sluttrekneskap | 098/12 | |
| Bestilling av studie om alternative forbindelsar til Nord-Jæren etter Ryfast | 099/12 | |
| Godkjenning av ny avtaleperiode om konsesjonskraftmidlar til Ryfylkefondet for perioden 0101.13 – 31.12.17. | 100/12 | |
| Budsjettendring investering 20112 | 101/12 | |

| | | |
|---|---|---|
| Rymi – gebyrvedtak 2013 | 102/12 | |
| Gebyr for seksjon teknisk 2013 | 103/12 | |
| Kommunale avgifter betalingssatsar 2013 | 104/12 | |
| Revisjon av den kulturelle skulesekken 2013 – 2015 | 105/12 | |
| Godkjenning av økonomiplan 2013 – 2016 | 106/12 | |
| Godkjenning av budsjett og skattelegging for 2013 | 107/12 | |
| | | |

# Forsand kommune

Rådmannen

| Saksbeh | Ref. | Arkivkode | Dato: |
|---|---|---|---|
| Audun Grødem | 12/951-9 | /K1-210, K1-004, K3-&14 | 05.03.2013 |

## Årsmelding sentrale IT-tenester 2012

### 1. GENERELT OM VERKSEMDA

### 1.1. Tenesteområde

Felles IT-tenester ligg inn under rådmannskontoret og omfattar:

- Kontakt og oppfølging mot ekstern leverandør som driftar nettverket i kommunen, oppfølging av feilmeldingar, strategi- og planarbeid
- Støttefunksjon på feilretting
- Innkjøp av felles maskin- og programvare, jf. økonomiplan
- Halda oversikt over IT-utstyr
- Være rådgjevar for seksjonane ved seksjonsspesifikke innkjøp
- Være kontaktpunkt mot seksjonane
- Utarbeiding og rullering av IT-plan
- Sekretær og medlem av IT-utval
- Økonomisk ansvar - budsjett/ økonomiplan/betaling av rekningar
- Oppfølging av kompetanseplan

Oppgåvene som sentral IT-koordinator er knytt til ei av stillingane ved servicetorget. Torgeir Kvalberg har no denne oppgåva. I tillegg bruker organisasjonssjef ein del av stillinga til dette arbeidet.

**1.2. Hovudtal - budsjett og rekneskap.** Tal i tusen kr.

| Teneste 1206 | Budsjett 2010 | Reknesk. 2010 | Budsjett 2011 | Reknesk. 2011 | Budsjett 2012 | Reknesk 2012 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Drift | 2 300 | 2 089 | 2530 | 2616 | 2685 | 2886 |
| Investering | 1 600 | 1 560 | 1450 | 1104 | 1450 | 1238 |

*Kommentar: Overforbruk på drift skuldast auka utgift til leige av programvare i samband med systemoppgradering til Windows7 og Office2010, men vert veid opp av tilsvarande underforbruk på investering. Modellen med leige av programvare blei vald for å unngå investeringskostnad og gjev fleksibilitet i samband med oppdatering og oppgradering.*

### 2. MÅLSETTINGAR I ARBEIDET

**2.1. Hovudmål(**jf. IKT plan pkt. 3.1.1)

- Effektivisering av offentleg sakshandsaming gjennom riktig bruk av informasjon

- Organisere  samhandling i kommunal informasjonshandsaming på ein samfunnsøkonomisk god måte - både for innbyggjarar og tilsette
- Arbeide for god digital kompetanse
- Forsand skal være ein eKommune – arbeide mot døgnopen forvaltning og auka tilfang av elektroniske tenestar

**2.2. Strategiar**(jf. IKT plan pkt. 3.1.2)

## 3. RESULTATVURDERING

I 2012 er følgjande tiltak gjennomført:

- Heimeside og kommunalt intranett:
  - Ny og utvida funksjonalitet med fleire elektroniske tenester
  - Fleire og betre val for innbyggjarane for elektronisk samhandling med kommunen – døgnopen forvaltning
  - Ny  funksjonalitet i i samband med målet om døgnopen forvaltning::
  - Arbeid med innføring av  ny rekrutteringsmodul og vikarmodul starta, ferdigstilt våren  2013
  - Ny søknadsmodul for kulturskulen med integrasjon mot økonomisystem starta, ferdigstilt våren 2013
- Arbeid med standardisering av skrivarpark starta  –  delar av dette arbeidet er ferdigstilt våren 2013 – sikker utskrift er innført på kommunehuset
- Fleire rammeavtalar inn på eHandelsplattformen
- Utskifting og oppgradering av serverar og virtualisering
- Gjennomført størsteparten av  arbeidet med systemoppgradering med Windows 7 og Office 2010 samt Windows Server 2008R2
- Fokus på IT-tryggleik
- Klassesett med berbare datamaskinar og interaktive tavler kjøpt inn til skulen
- Berbare datamaskinar innkjøpt og tatt i bruk i barnehagen
- Oppgradering av databaser for Helse og sosial og barnevern

## 4. UTFORDRINGAR

- Tilby gode elektroniske tenester for innbyggjarar og tilsette
- Rutinar for god og trygg bruk av IKT
- Halde fram med kompetanseutvikling for å nytte dataverktøy optimalt
- Utvikle rutinar som gjer at investeringsbehov og nye system vert meldt tenesteveg fram til IT-utvalet
- Gjennomføre endringar i  nettverksstruktur som gjer standardisering av skrivarpark og ny funksjonalitet for brukarane lettare tilgjengeleg, med fokus på utskriftssikkerheit
- Vidareutvikling av heimeside og intranettside
- Vurdere felles kommunalt  elektronisk system for kvalitetshandsaming.
- Fullføre oppgradering til Windows 7 og Office 2010, også for heimekontor
- Auke omfanget av  integrasjon mellom Sak/Arkiv og ulike fagsystem
- Auke bruken av eHandelsplattformen gjennom elektroniske innkjøpsverktøy og tilpassa innkjøpsstruktur i organisasjonen – få fleire leverandørar inn på plattformen  og innføre eFaktura i økonomisystemet
- Knyte Pleie og omsorg opp mot Helsenett

Audun Grødem
organisasjonssjef

# ÅRSMELDING 2011 SERVICETORGET

Teneste 1205 : Fellesteneste (post, info, arkiv, telefonsentral)

***1.0.ØKONOMI***

***1.1 Hovudtal budsjett- og rekeskap. (nettotal)***

| *Rekneskap10* | *Budsjett 10* | *Rekneskap 11* | *Budsjett 11* | ***Rekneskap 12*** | ***Budsjett 12*** |
|---|---|---|---|---|---|
| *2.026.861* | *2.255.000* | *2.100.930* | *2.318.000* | ***2.157.000*** | ***2.355.000*** |

Servicetorget har i år ei netto innsparing på meir enn kr. 198.000,-.

**1.2 Administrative ressursar.**
Servicetorget har i utgangspunktet 3 heile stillingar samt 20% personressursar frå teknisk.
Vi har ikkje nytta oss av ekstern vikar.
Frå 15.08.11 til 30.04.12 har vi hatt ein arkivmedarbeidar engasjert ca 9 t. i veka.
For skuleåret 2012/13 har vi ein skuleelev i praksisplass ein dag i veka.

**1.3 HMS – ROS analyse – Medarbeidarsamtalar**
Det er gjennomført 3 medarbeidarsamtalar 1. halvår 2012. Det er utarbeida ROS-analyse for rådmannskontoret, men ikkje for servicetorget åleine. Kommunen er ein IA-bedrift, og servicetorget prøver å legge arbeidstilhøva særleg tilrette når det trengs.

**1.4 Juridisk bistand – Gratis advokat**
Prosjektet er i regi av Justisdepartementet og utgiftene vert dekka av statlege midlar. Innbyggjarane får tilbod om ein time gratis advokathjelp i året. Vi har hatt 21 kontordagar a 2 timar og hatt 14 konsultasjonar. Dette er ein nedgang av brukarar i høve til 2011 (25). Tilbodet vart offisielt avslutta pr. 31.12.12, men sidan vi hadde att ubrukte statlege midlar, har vi fortsatt ordninga med eit redusert tilbod, dvs. 1 dag pr. månad.

**2.0 TENESTEPRODUKSJON**
Servicetorget starta opp 01.11.2002 og er ein sentral formidlar av informasjon og tenester, både internt og eksternt. Eit nøkkelord for å få dette til er informasjonsflyt.

**2.1 Websak;** Eit sentralt verktøy i informasjonsarbeidet, er post- og arkivsystemet Websak. Frå nov 2005 har all inngåande post blitt skanna. Dette gjer at dei som nyttar systemet lett kan søke fram informasjon. Offentlege postlister kan alle lese på heimesida, og talet på dokument har hatt ein jamn auke frå 2005 til 2012;

Inn og utgåande dokument;

| | **2005** | **2006** | **2007** | **2008** | **2009** | **2010** | **2011** | **2012** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Antal dokument | 6279 | 6970 | 7172 | 7129 | 8524 | 8453 | 9139 | 9868 |

**2.2 Innsyn:** Krav om innsyn i dokument vart forsterka i ny Offentleglov. Krav registrert i websak har dobla seg frå 2010 til 2011, dvs. 75 skriftlege krav. Talet i 2012 er ca.80.

**2.3 Nettsider.** Servicetorget har ansvar for heimesida til kommunen. Heimesidene er bygd opp etter krav frå myndigheiter og for at innbyggjarane skal ha tilbod om ei mest mogleg døgnopen forvaltning med tilgong til elektroniske tenester og skjemaløysingar. Ein legg og stor vekt på å ha ei så levende side som mogleg. Det er likevel ei utfordring å halde sidene oppdaterte – her må alle seksjonane ta eit ansvar.

**2.4 Norge.no.** er ei kvalitetsundersøking av offentlege nettstader som kvart år vert gjennomført på oppdrag frå DIFI, Direktoratet for forvaltning og IKT. Forsand fekk i 2011 beste karakter og seks stjerner i undersøkinga, opp frå tre stjerner i 2010. Vurderinga for 2012 kjem ikkje før i mai 2013.

**2.5 Elektroniske tenester / kart** blei ved lansering av ny heimesida gjort lettare tilgjengeleg for innbyggjarane. Likevel viser til dømes bruken av elektronisk byggjesøknad, som har vore tilgjengeleg sidan 2009, at brukarane treng oppmuntring. Berre eit fåtall leverer byggjesøknad elektronisk, medan andre elektroniske tenester retta mot innbyggjarane, til dømes søknad på stillingar og barnehageplass, er svært mykje brukt. For å oppmuntre til auka bruk av elektroniske byggesøknader bør kanskje søkjarar få reduserte gebyr eller lova kortare sakshandsamingstid?

**2.6 Mottakskontroll byggesaker:** 1.1. 2009 etablerte Servicetorget samen med Seksjon teknisk ein ny rutine av mottakskontroll på byggesaker. Den nye rutinen er meint å kunne fange opp manglar i søknaden før sakshandsaming. Søkar får raskare tilbakemelding på at søknaden er mottatt og komplett. Sakshandsamingstida vil på denne måten og kunne kortast ned. Ordninga har fungert godt. Det blei sendt 26 hurtigsvar i 2012 mot 45 i 2011.

**2.7 Arkiv;** Kommunen har 75 hyllemeter arkivplass til disposisjon hos Interkommunalt arkiv i Stavanger. Vi nytter pr i dag ca halvparten til arkivmaterialet frå før 1965 . Hausten 2012 leverte vi ca 40 hyllemeter arkivmateriale etter Sigleif Engen til Statsarkivet. Tilfluktsromet vert nytta til arkiv for resten av vårt materiale, men er ikkje godkjent for oppbevaring over lengre tid.

**2.8 InfoLand** Sal av meklaropplysningar. Inntektene her viser ein tilbakegang. Det tydar på mindre omsetnad av eigedomar. Kommunen har og alt for låge satsar på dei tenestene / opplysningane ein her sel.

| **Periode** | **Antall** | **Netto sal i kr.** |
|---|---|---|
| **2012** | **48** | **7.079** |
| 2011 | 58 | 9.320 |
| 2010 | 84 | 13.181 |
| 2009 | 86 | 14.917 |
| 2008 | 29 | 5 097 |
| 2007 | 104 | 15.353 |
| 2006 | 49 | 7.003 |
| 2005 | 69 | 10.547 |

**2.9 Sommarjobb skuleungdom;**
Servicetorget har dei siste åra administrert ordninga med sommarjobb for skuleungdom. I 2012 fekk 48 (42) ungdomane eit jobbtilbod; 10 (18) stk hadde ordna eigen avtale med private, 38 (24) stk fekk avtale gjennom kommunen.

**2.10 Innkjøpsansvarleg og IT-kontakt**
Frå 01.11.11 har arbeidet som innkjøp- og IT-ansvarleg vore lagt til medarbeidar i servicetorget.

Sjå nærare om dette i rådmannen si årsmelding og i årsmelding for IT .

## 3.0 RESULTATVURDERING

**3.1 Nye dataprogram / oppgraderingar.**.
For å auke datatryggleiken, har vi fått endra oppstartsrutinar på datamaskinane. Dette har ført til ein del utfordringar. Vi har og oppgradert til office 2010 og Windows 7.

**3.2 Heimesida.** Det ei utfordring å halde heimesida aktuell og oppdatert.Vi har fått innsyn i politiske dokument og forbetra elektroniske tenester, for eksempel. Auka hastighet på kartsidene våre..

**Arkiv**

**3.3 Arkivplanen** er ikkje heilt ferdig.

**3.4 Fullelektronisk arkiv og sakshandsaming** for sentralarkivet vart innført frå 01.01.2012. Dette har fungert bra. For dei andre arkivdelane, for eksempel. Gab-arkivet, har vi framleis papir. Andre kommunar som vi kan samanlikne oss med, for eksempel Sauda, har alt elektronisk. (unnatak: avtalearkiv)

**3.5 . Kompetanseheving.** Fredags-IT er ein times opplæring på data som vi har prøvd å gjennomføre dette året. Det burde vore ein plan for årleg kursing i websak, offentleglova og forvaltningslova.

## 4.0 UTFORDRINGAR 2013

**4.1 ROS-analyse:** Utarbeiding av ROS-analyse samt internkontrollsystem for behandling av personopplysningar etter krav frå Datatilsynet.

**4.2. Arkiv**.
Vidareutvikle elektronisk arkiv og sakshandsaming, og førebu fullelektronisk arkiv for fleire arkivdelar.

**4.3 Arkivplanen** må bli ferdig.

**4.4 Infoland** Utarbeide nye betalingssatsar**.**

**4.5 Kompetanseheving:** Større pågang frå aviser og publikum for innsyn i dokument og søkjarlister gir auka behov for opplæring.

**4.6 Elektroniske tenester** For å oppmuntre til auka bruk av elektroniske byggesøknader bør kanskje søkjarar få reduserte gebyr eller lova kortare sakshandsamingstid?

# Forsand kommune

Personalkontoret

| **Saksbeh** | **Ref.** | **Arkivkode** | **Dato:** |
|---|---|---|---|
| Siw Kristin Sundheim | 12/951-7 | /K1-210, K1-004, K3-&14 | 04.03.2013 |

**Status 2012:** Personalressursar på personalkontoret: pr 31.12.12 er det 60 % stilling som personalrådgivar, og 20 % sekretærressurs. (40 % stilling overført plan- og næringsutvikling.) Det overordna ansvar for personalarbeidet er lagt til organisasjonssjef. Nedanfor følgjer statistikk som er henta ut av Visma Enterprise personalsystem.




**Figur 1. Merknad:** Rekneskapet viser at det er ubrukte midlar på 655. Dette skuldast m.a. at det var budsjettert for 100 % stilling på personal, og 40 % av dette skulle tilbakeførast til plan/næring. I tillegg er m.a. planlagde opplæringstiltak (leiarutvikling) utsett slik at opplæringsbudsjettet har ubrukte midlar på kr 300.




**Figur 2. Merknad:** Vi har nedgang i sjukefråværet, som ikkje har vore så lågt sidan 2008. Det blir samstundes jobba godt og systematisk med sjukefråværsoppfølging og dialogmøte med dei som er sjukemeldt. Totalt er det ca. 9,14 årsverk som er sjukemeldt (149,84 x 6,1 %).




**Figur 3. Merknad:** talet på administrative vedtak er rimeleg stabilt. Desse vedtaka blir rapportert til ADM-utvalet i kvar møteinnkalling.




**Figur 4. Merknad:** Denne tabellen viser berre talet på tilsette og seier ikkje noko om årsverk. Vi kan likevel sjå at det frå 2011 til 2012 er ei auke med 12 kvinner og 1 mann. Talet på årsverk har ikkje auka tilsvarande, så det må vere fleire mindre deltidsstillingar i denne auken.




**Figur 5. Merknad:** Vikarar er markert med rød søyle. Sum totalt = faste stillingar og vikarar. Dette gjeld alle som mottek lønn. Sjukemeldte (langtid) som det er sett inn vikar for, vil og telle med i statistikken.




**Figur 6. Merknad:** Gjennomsnittleg stillingsstorleik for kvinner i kommunal sektor er framleis lav. I desse tala ligg noko uønska deltid, samstundes som det er mange som har fått innvilga søknad om redusert stilling p.g.a. omsorg for små barn. I tillegg er det innvilga redusert stilling for fleire kvinnelige seniorar, og både menn og kvinner har fått innvilga delvis AFP og redusert stillinga si av den grunn.. Når det gjeld menn er det hovudsakleg badevaktstillingar som drar stillingsprosenten ned. (Desse stillingane er på mellom 10 % og 20 %). **Kommunen lyser ut ledige faste stillingar internt, med fortrinnsrett for deltidstilsette til å auke sine stillingar** (eit krav i både lov og tariffavtale).




**Figur 7. Merknad:** lønnsforskjellen mellom kvinner og menn er aukande og var i 2012 på ca 105 000,- mens det i 2011 var på kr 85 000,- og i 2007 på kr 67 000,-. (Det er viktig å presisere at dette er årslønn ut i frå heil stilling, slik at deltidsarbeid ikkje har innverknad på denne statistikken.)




**Figur 8. Merknad**: Undervisningspersonalet får fastsett si lønn ut i frå kompetanse, difor har kvinner i undervisningsstilling hatt høgare gj. snittslønn enn sine mannlege kollegaer fram til 2012. Årsaka til at menn har gått forbi kvinnene er sannsynlegvis at vi har fleire unge kvinner i undervisningsstillingar som ikkje har oppnådd full ansiennitet. Alle menn i undervisningsstilling har full ansiennitet.




**Figur 9. Merknad:** Den største gruppa av tilsette er mellom 55 og 64 år. Dette vil medføre auka kostnadar til pensjon, dersom dei ved oppnådd alder vel å gå over på AFP heilt eller delvis. I tillegg vil det bli auka kostnadar til rekruttering dei næraste åra.

For rådmannen

Siw Kristin Sundheim
personalrådgjevar

# Forsand kommune

Rådmannen

| **Saksbeh** | **Ref.** | **Arkivkode** | **Dato:** |
|---|---|---|---|
| Audun Grødem | 12/951-6 | /K1-210, K1-004, K3-&14 | 05.03.2013 |

## Årsmelding HMS 2012

## Innleiing:

Internkontroll og systematisk kvalitetsarbeid er sentralt for all kommunal verksemd. Tradisjonelt har arbeid retta mot/for tilsette vore kalla HMS og arbeid retta mot brukarar kalla kvalitetsarbeid. Måten å arbeide på er lik og det kan ofte vere vanskeleg å setje eit klart skilje mellom det eine og det andre. Eit døme på dette er dersom eit tenesteområde slit med eit dårleg arbeidsmiljø. Det er typisk eit HMS-tema. Det er likevel openbert at dette vil gå ut over kvaliteten på tenesteproduksjonen.
Kommunen har difor nå laga ei såkalla HMSK-handbok. Handboka er eit styringsdokument for alt kommunen gjer av tiltak innan internkontroll og kvalitetsutviklings-arbeid og understrekar at fokus på kvalitet og kvalitetsutvikling skal gjelde for alt kommunen driv på med. Dette er også eit gjennomgåande tema i kommunen sin arbeidsgjevarstrategi.

### 1. Sjukefråver

**Mål:**

Vi skal arbeide for å stabilisere sjukefråværet i kommunen på 5 %, jf handlingsplan for IA-arbeid og arbeide for at det arbeidsrelaterte fråværet er på eit minimum.

## Resultat

| Årstal | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Sum | 7,38 | 6,32 | 6,57 | 6,7 | 5,38 | 5,98 | 6,4 | 7,28 | 7,2 | 6,7 | 6,1 |

**Sjukefråversoppfølging – IA-arbeid**(Inkluderande Arbeidsliv)
Kommunen er godkjent som såkalla IA-verksemd og arbeider systematisk både for å førebygge at tilsette blir sjuke og med oppfølging av den enkelte tilsette ved sjukefråver. Det er i løpet av 2012 halde 19 Dialogmøte 1 der den tilsette er med saman med sin leiar, representant frå bedriftshelsetenesta og org sjef. Målsettinga med desse møta er å drøfta om det tilhøve ved arbeidssituasjonen og arbeidsgjevarsida som kan gjere at den tilsette raskare kan kome tilbake i arbeid. Dialogmøte 1 skal haldast innan 7 vekers sjukefråver. Etter om lag 26 vekers fråver kallar NAV inn til Dialogmøte 2.

**Måloppnåing:**
Kommunen sin arbeidsgjevarstrategi er sentral når det gjeld bygging og vedlikehald av ein kultur i organisasjonen som gir trivsel og godt arbeidsmiljø. God praksis her er avgjerande for førebygging av sjukefråver. Arbeidsgjevarstrategien er tema for alle tilsette minst ein gong årleg.
Kommunen sin praksis innan IA-arbeid blir evaluert to gonger i året i lag med HTV/HVO. I all hovudsak er dagens praksis i samsvar med retningslinjene. Ut frå desse føresetnadane er

sjukefråveret truleg det som er optimalt for organisasjonen pr i dag, sjølv om fråveret er 1,1 % høgare enn måltalet.

**Utfordringar:**
Arbeidet med å implementere arbeidsgjevarstrategien må halde fram. Det er framleis signal om at han ikkje er tilstrekkeleg kjent mellom dei tilsette.
Det er ei utfordring å halde konstant trykk på IA-arbeidet med tilstrekkeleg opplæring av leiarar på alle nivå og godt samarbeid med bedriftshelsetenesta.

## 2.Kvalitetsmeldingar.

| | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|---|---|---|---|---|
| Skulen | 9 | 19 | 23 | 42 |
| Barnehagen | 3 | 5 | 35 | 20 |
| Helse- og Sos | 3 | 9 | 20 | 18 |
| Kultur | 1 | 0 | 1 | 1 |
| Rådm.kontor | 6 | 17 | 21 | 18 |
| Teknisk seksjon | 0 | 2 | 11 | 5 |
| PLO-seksjonen | 68 | 72 | 234 | 602 |
| Sum kommunen | 90 | 124 | 355 | 706 |

Merknader:
Kvalitetsmeldingane har eit HMSK-fokus, dvs at dei kan dreie seg både om tilhøve som gjeld tilsette og om tilhøve som gjeld kvalitet på tenestene og dermed brukarane. Kvalitetsmeldingane blir handtert på kvar seksjon dersom det dreier seg om seksjonsinterne tilhøve. Leiar skal gå gjennom meldinga og vurdere den i høve til om det er eit hendeleg uhell eller om det bør settast inn korrigerande tiltak. Tilbakemelding til meldar og evt andre involverte er sentralt. Dersom saka dreier seg om tilhøve på tvers av seksjonane vert meldingane adresserte til rådmannen ved org sjef. Oversikter over alle kvalitetsmeldingar vert kvartalsvis gjennomgått i AMU.

**Måloppnåing:**
Kriteriet for å lage kvalitetsmelding er at den tilsette vurderer at det som har skjedd ikkje skulle ha skjedd. Poenget med dette er læring. Ved slike hendingar skal leiar vurdere om hendinga gir grunnlag for endra rutiner eller liknande med sikte på å redusere risikoen for det kan skje om att seinare. Som me ser er praksis på skriving av kvalitetsmeldingar sterkt varierande i kommunen.

**Utfordringar:**
I samsvar med arbeidsgjevarstrategien ønskjer me å bygge ein organisasjonskultur der me skal lære av eigen praksis – lærande organisasjon. Dette inneber mellom anna at me skal lære av feil. Utfordringa er å ha konstant trykk på at dette er viktig for organisasjonen.

## 2. HMSK-tiltak

### 1. Månadsrapportering

Frå sommaren 2011 innførte rådmannen ei eiga rapporteringsordning der seksjonane skulle rapportere om kva dei gjer på sentrale HMSK-område – den såkalla månadsrapporteringa.

| | Brannøvingar | | Medarbeidarsamtalar | | Medarbeidar-/brukarundersøkingar | | Revisjon av stoffkartotek | | ROS - analyse | | HMS - revisjon | | Vernerundar | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Måltall (årleg hending): | 1 | | 1 | | 1 | | 2 | | 1 | | 1 | | 2 | |
| **Sentraladministrasjonen:** | 1 | 0 | 11 | 10 | 0 | 0 | 1 | 0 | 1 | 2 | 1 | 1 | 1 | 0 |
| **Helse og sosialseksjonen:** | 0 | 0 | 31 | 30 | 0 | 2 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 | 0 | 1 |
| **Kulturseksjonen:** | 1 | 1 | 5 | 5 | 1 | 2 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 |
| **Teknisk seksjon:** | 1 | 0 | 33 | 29 | 1 | 4 | 1 | 0 | 1 | 0 | 0 | 0 | 1 | 0 |
| **Barnehage:** | 1 | 0 | 22 | 22 | 1 | 1 | 0 | 0 | 1 | 2 | 0 | 0 | 1 | 1 |
| **Skulen:** | 2 | 2 | 41 | 41 | 2 | 7 | 1 | 0 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 |
| **PLO-seksjonen** | 2 | 1 | 46 | 40 | 1 | 1 | 1 | 0 | 1 | 0 | 1 | 1 | 1 | 1 |
| * sum frå driftsplanen: | 8 | | 189 | | 6 | | 5 | | 6 | | 4 | | 6 | |
| *** Sum så langt i år:** | | **4** | | **177** | | **17** | | **1** | | **6** | | **5** | | **5** |

**(*) = ikkje fastsatt volumtall**

Merknader:
Tala til høgre indikerer kva som faktisk er utført. Tala i venstre kolonne uttrykker måltal. Der tala for faktisk gjennomførte tiltak er høgare enn måltalet så er det måltalet som er sett for lågt.

**Måloppnåing:**
Denne rapporteringa starta me med i 2011. Som ein ser er måloppnåinga varierande både mellom seksjonar og på tema.

**Utfordringar:**
Det må vere eit klart mål at alle seksjonar gjennomfører alle tiltaka i rapporteringa i samsvar med måltalet.

## 2. Personskadar

Det er i 2012 registrert tilsaman 14 personskadar, 11 gjeld brukarar og 3 gjeld tilsette. Dette dreier seg om: 9 av hendingane er registrert på skulen. Dette dreier seg om fall og fall på isen, kollisjon mellom to elevar, brot i handledd, samanstøyt mellom to elevar, skade i samband med leik i akebakken, uhell på Garden der elev vert sparka av hest, slag frå elev mot lærar.
4 av hendingane er registrert i barnehagen. Dette dreier seg om fall frå stol med armbrot som resultat (x2), brannskade der eit strykejern tok fyr i leidninga.

Skadane vert følgt opp og registrert ved forsikringsmelding alt etter innhald.

Forsand 15.03.2013

Audun Grødem
Org sjef

# Forsand kommune

Rådmannen

| Saksbeh | Ref. | Arkivkode | Dato: |
|---|---|---|---|
| Terje Nysted | 12/951-19 | /K1-210, K1-004, K3-&14 | 03.04.2013 |

## Årsmelding for kraftfondet 2012.

Ein legg med dette fram årsmelding for bruk av kraftfondet i 2012.

Viser elles til rekneskapet og kommentartar nedanfor.

### Formål

Formålet for kraftfondet er å medverka til næringsutvikling med sikte på auke i lokal verdiskaping og sysselsetting.

### Generelt om bruken av fondet

Fondet vert i hovudsak nytta til planlegging, utgreiing og utbygging av offentleg infrastruktur, andre fellestiltak, marknadsføring og medlemsstøtte til drift av regionale og landsdekkande nettverk for å betre rammevilkåra for kommune, næringsliv og busetnad. Elles vert fondet nytta som direkte støtte til næringslivet i samband med utgreiing og planlegging av næringsprosjekt, samt til utvikling/utbygging av infrastruktur. Til grunn for arbeidet ligg retningslinjer for bruk av kraftfondet, kommuneplan, strategisk næringsplan og landbruksplan.

### Prioriterte oppgåver og utfordringar i 2012

Den strategiske næringsplanen inneheld følgjande føringar:

- aktiv næringspolitikk som sikrar høg lokal sysselsetting
- auka folketal gjennom ein sterkare lyst til å bu i Forsand
- styrkja og utvikla eksisterande næringsliv
- stimulera til nyetableringar
- leggja til rette for vekst og utvikling av reiseliv og kulturbasert næring

### Resultat i 2012:

Positivt

- tilrettelegging for bustadbygging i Bergebakkane og i Bergevik gjorde store framsteg
- folketalet er i vekst
- me fekk konsolidert og vidareført Lysefjorden utvikling as
- stor aktivitet innan landbruket med bygging av vegar, nydyrking, kjøp av mjølkekvotar m.m.
- etablering av Bjørn Rygg med Forsand Betong på Mæle viser fin progresjon
- kommunestyret vedtok ny planstrategi for perioden 2012 – 2015

- konflikten mellom kommunen og Agrando as vart forlikt

Negativt
- av ymse grunnar kom me ikkje i mål med revisjon av strategisk næringsplan og retningslinjer for bruk av kraftfond
- me har ikkje fått evaluert og konkludert kring framtidig organisering/drift av turistinformasjon
- me har ikkje fått utarbeidd Klima & Energiplan
- hotellplanane på Oanes i tilknyting til Lysefjordsenteret as vart kansellert
- uvissa om kva retning kommunen går i når det gjeld overordna samferdselsløysingar og samarbeidsretningar
- det store forbruket av kraftfondet

**Status for kraftfondet**

IB per 01.01.2012 var kr. 12.973.208,-
UB per 31.12.2012 var kr. 8.151.621,-

Dette viser eit samla overforbruk i 2012 på kr. 4.821.587,- Av desse er 3 millionar kroner tatt utanfor driftsramma – 2,5 million i lån til Bjørn Hansen as samt 0,5 million til rettsforliket med Agrando as. Overforbruket på ramma i 2012 er såleis kr.1.821.587,-

Overforbruket på om lag 1,8 millionar kroner skuldast i hovudsak to forhold: Anslagspostane Tilskot etter administrative reglar for støtte til landbruket og Planlegging/utgreiingskostnadar etter politiske vedtak. Som sagt er begge postane aktivitetsstyrt. Dette har vore kommunisert ei rekke gonger før, og det er vanskeleg å halde oversikt. Forholdet kan rettast på i ein revisjon av regelverket.

Rekneskapstala viser at det er utbetalt tilskot til landbruket på godt og vel 1 million kroner dette er meir enn det dobbelte av kva som plar vera vanleg på eitt år.

Posten Planlegging/utgreiing er også belasta med ein snau million kroner. Halvparten av dette, ca ein halv million, gjekk med til ekspropriasjonsskjønnet for hotell på Oanes og utgreiing av Heilskapleg plan for bruk av kommunal bygningsmasse.

<u>Drift av Landa</u>

Forsand kommune sto for drifta av Landa frå 1/3 2012 til 31/12 2012. Driftsresultatet viser snautt kr.160.000,- i minus. Tek ein med kr.200.000,- frå Lysefjorden utvikling as og kr.200.000,- frå Forsand kommune, vert det reelle driftsresultatet kr.560.000,- i minus.

Forsand den 9.april 2013

Årstein Løland
Plan- og utviklingssjef

# Forsand kommune

Seksjon kultur

| Saksbeh | Ref. | Arkivkode | Dato: |
|---|---|---|---|
| Eva Landre Meling | 12/951-15 | /K1-210, K1-004, K3-&14 | 15.03.2013 |

## Årsmelding 2012 - Kulturseksjonen

### Økonomi

Rekneskap viser eit lite overforbruk på kr 112.687 som i hovudsak er knytt til overlapping av kulturleiarstillinga.

| Kultur | Rekneskap | Budsjett |
|---|---|---|
| Teneste 2310 Aktivitetstilbod barn og unge | 253 377 | 233 000 |
| Teneste 3601 Friluftsområde | 22 687 | 22 000 |
| Teneste 3650 Kulturminnevern | -14 278 | 5000 |
| Teneste 3750 Museumstenester | 63 970 | 41 000 |
| Teneste 3850 Andre Kulturføremål | 999 479 | 1 062 000 |
| Teneste 3851 Kulturaktivitetar | 582 741 | 451 000 |
| Teneste 2340 Aktivitetssenteret | 581 402 | 543 000 |
| Teneste 3853 Kafé Mulen | 246 505 | 283 000 |
| Teneste 3700 Bibliotek | 918 531 | 902 000 |
| Sum: | 3 654 414 | 3 542 000 |

Lokale lag har mottatt grunn- og driftstilskot etter kommunalt reglement, totalt kr 270.162. Grunntilskot etter aktivitet i laget, driftstilskot blir dekka med 50% av bokførte kommunale avgifter, straum og forsikring. Underskotsgaranti, tilskot til arrangement og tilskot til kurs er utbetalt med kr 73.640. Eit lag, Forsand klatreklubb, har mottatt oppstartingstilskot.

### 2.Tenesteproduksjon

Kulturseksjonen har ansvar for budsjett- og tenesteområda friluftsliv, kulturminne/kulturhistorie, museum, kulturadministrasjon, kulturaktivitetar, fritidsklubb, aktivitetssenter, kafé Mulen og bibliotek. Frisørtilbodet ved Aktivitetssenteret blir no drive av ein privat. Seksjonen har god dialog og samarbeid med lokale lag og organisasjonar.

Søknadar om kulturmidlar etter kommunalt reglement og spelemidlar. Frivillige, enkeltpersonar, lag og organisasjonar er flinke med gode trivselstiltak i lokalsamfunnet. Fleire arrangement er eit samarbeid mellom desse og kulturkontoret. Kultur har eit godt samarbeid med lag og organisasjonar i Forsand, og har jamleg møter med desse.

Kulturkalender for vår og haust blei etablert med program for eit halvt år om gongen. Denne blir sendt ut til alle husstandane.

Kulturseksjonen har hatt sekretær- og administrativ oppfølgingsfunksjon i to politisk nedsette komitear; Landakomiteen og Kunstgraskomiteen.

*Friluftsliv*

I samarbeid med landbruk har ein hatt fokus på tilrettelegging og vedlikehald av turstiar. To skuleungdomar hadde sommarjobb med å rydda og merka stiar tre veker.
Kultur og Landbruk inngjekk i 2011 ein avtale med Akora i Strand om reingjering av toalett og rydding av søppel ved nokre lokale friluftsområder.

Til å gjennomføra tiltak i samsvar med handlingsplan for Frisk i Friluft mottok me kr 25.000 frå Fylkeskommunen.Tiltaka var friluftskafé drive av elevbedrifta, kompetanseheving av treningskontaktar for ungdom med nedsett funksjonsevne og idrettslaget sin Forsandtråkk/nytt tiltak familieorientering.

Ein politisk komite er oppnemnt for gjennomgang/kartlegging av friluftsområda med fokus på alt etablerte områder, nye tiltak, avtalar og opprusting/drift.

*Museum/kulturminnevern/lokalhistorie*
Rogaland Fylkeskommune vedteke ny Museumsplan som i 2012 blei utforma med handlingsplan. Regionalt høyrer me til Ryfylkemuseet, Ein museumsplan for Forsand blei utarbeidd i 2009, utan at me har årlege samarbeidsprosjekt med museet i dag. Frå 2012 blei det vedtatt eit årleg tilskot på kr 20.000.

Prosjekt Pilt-Ola hadde januar 2012 avslutningsmarkering der alle bidragsytarar blei inviterte.

I bortimot 50 år har Ester Rettedal samla stoff frå Forsand limt materialet inn i permar, desse er gitt i gåve til biblioteket.

Ei bok om sauegjetaren Rasmes Wathne, ført i pennen av Arthur Benoni Hetland, blei lansert i samarbeid med det lokale sogelaget med forteljarkveld om «Sau og hei» på Aktivitetssenteret. Biblioteket arrangerte bokbad med forfattaren.

Sogelaget har gjennom året hatt mange fine lokalhistoriske arrangement. Dei har også gitt ut hefte «Linjespenn i tid og rom».

*Ryfylkesamarbeidet Kulturforum Ryfylke og Kulturhaust i Ryfylke*
Desse to interkommunale fôra består hovudsakleg av kulturleiarane i dei sju Ryfylkekommunane. Med stabile tilskot frå Ryfylkefondet og Fylkeskommunen har kommunen minimal økonomisk innsats i høve til mangfald i kulturprogramma. Marknadsføring skjer gjennom eige programhefte.

*UKM*
Ingen deltakarar.

*Ausekaret*
Ausekaret vert utdelt anna kvart år, neste år blir i 2014.
I 2012 fekk Olette Erevik kultur- og miljøprisen Ausekaret for stor innsats innan lokalt lagsarbeid for barn.

## Prosjekt

Ryfylkebiblioteket
Biblioteksjefen i Forsand tok sommaren 2009 initiativ til eit samarbeidsprosjekt med biblioteka i Strand, Hjelmeland, Finnøy, Suldal og Sauda om profilering, koordinering av arrangement og felles løysing for utlån av elektroniske media (e-bøker o.l.) Utlånsmodulen skulle vore på plass i februar, men var først operativ i desember. Som eit resultat av alle desse nye tiltaka har dei seks biblioteka fått til fellesbiblioteksystem. Prosjektet er finansiert av Nasjonalbiblioteket/ABM Utvikling, Rogaland Fylkeskommune, Ryfylkefondet og ved arbeidsinnsats frå biblioteksjefane.

Frå årsskifte 2012/13 gjekk Ryfylkebiblioteket inn i driftsfase og er no ein eigen avdeling under Ryfylke IKS.
Kulturrådet løyvde i november eit tilskot på kr 100.000 som skal nyttast til formidling av e-bøker under prøveprosjektet, skal vera avslutta sommaren 2013..

Barnefattigdom
Gjennom søknad via NAV fått Rogaland Fylkeskommune innvilga kr 100.000 til styrking av innsats mot barnefattigdom, Ei 50 % prosjektleiarstilling er alt i gong med kartlegging av oppvekstvilkåra for barn og unge. Det er høve til å søkja om midlar over fleire år. Kartleggingsarbeidet skal munna ut i ein handlingsplan.

Oppvekstplan
I budsjettet for 2013 blei det avsett kr 100.000 som er kommunal del i ein oppvekstplan. Deler av grunnlagsmaterialet frå kartlegginga ved barnefattigdom blir vidareført inn i oppvekstplanen.

SPOR
Viktig samarbeid mellom kommune og lokale kulturnæringsaktørar. SPOR kulturløype blei arrangert for første gong i palmehelga 2012. Kulturseksjonen ytte ei starthjelp for å få til godt samarbeid mellom aktørane, profesjonalisera marknadsføringssida og generelt visa at dette fôra kan gje betre grunnlag for vekst innan lokale kulturnæringar.

**AKTIVITETSSENTERET**
Aktivitetssenteret har brukarar i alle aldersgrupper. Senteret fungerer etter intensjonane som ein uformell møteplass, er derfor vanskeleg å talfesta kor mange som er daglege brukarar som kan variera mellom 6 –60 personar i ulike aldersgrupper. Utarbeidar halvårsprogram. Oppnådd mål er å ha minimum ein dagleg praktisk aktivitet innan husflid/vev, handarbeid, baking, data, trearbeid og eigenaktivitet. I tillegg kjem andre kulturinnslag frå artistar, musikk- og allsongsprogram, teater, opplesing og liknande, samt kurs. Barnehagen er flinke å delta på barneprogram, noko dei eldre set stor pris på. Aktivitetssenteret har i dag to vikarar/ekstrahjelp.

Aktivitetsenteret hadde hausten 2012 ei kartlegging om transportbehov og bruk av senteret for aldersgruppa 70+. Av svarprosent 27,5 svarte berre eit fåtal at dei trong skyss.

Samarbeid – med kulturskulen, kjøken Forsandheimen, kyrkjekontoret, eldrerådet, frivillige, Musikklaget om ulike aktivitetar og møter. Har filial og utlån av bøker i samarbeid med biblioteket. Psykiatritenesta har faste temamøter. Pensjonistforeninga, båtforeninga og Forsand vellforening har også faste møter i lokala. Lokala blir i tillegg brukt til private arrangement som konfirmasjonar- og fødselsdagsfeiring.

Faste program
Måndag kaffikos, syng med oss og sosiale aktivitetar. Tysdag og torsdag eigenaktivitet ev. temaaktivitet. Onsdag trim. Annakvar fredag keramikk, dei andre fredagane bokpresentasjon, opplesing og eigenaktivitet.

Dei eldre har behov for tilbod også om ettermiddagen, samt at dei treng komma ut av huset. Prøve så langt ressursane rekk å organisere sporadiske turar ut av senteret, som til tider kan vera vanskelege å gjennomføra grunna knapp bemanning. Ønske tettare samarbeid med pleie- og omsorg, ergoterapeut og lokale frivillige lokale lag. Har møter i ressursgruppa som ser på aktivitetar. Aktivitetssenteret held ope heile året.

Arrangement i regi av Aktivitetssenteret

- Syng med oss kvar 14.dag
- Sittedans
- Besøk av Seniorshop og Sissel's Damekonfeksjon
- Konsertar, Førestillingar og Barneteater; Dårekisten og Tusenfold
- Foredrag ved Gunnar Stålsett
- Jakt og fiske/ Svein Fiskeseth
- Lysbilde frå Ukraina prosjektet
- Sogelaget/lokalhistorie ved Tora Liv
- Ost og Vinkvelder , Torsdagsdans
- Frukost siste torsdag i mnd. for psykiatrien.
- Turar ut i lokalmiljøet
- Oljemaling / Akrylmaling, smykkelaging/glasfusing og lysstøyping
- Bruk av vevane og strikkekafé
- Flatbrød- og lefsesteiking,
- Hagelaget
- Julemesse og juleverkstad

Frisørtilbodet – som blir drive privat drive er eit godt helsetiltak. Faste frisørdagar måndag og onsdag eventuelt fredag etter behov.

Frivillige - Kunne ønska fleire frivillige. Dei som alt er her gjer ein framifrå innsats som er heilt avgjerande for dagens driftsnivå. Vevane blir fortida brukt av yngre innbyggarar.

## AKTIVITETSTILBOD BARN OG UNGE

Fritidsleiar/kontakt i 30% stilling. Føremål med stillinga er å fremme ein sunn fritid for barn og unge i Forsand kommune gjennom eit målretta arbeid som mellom anna inneberer eit samarbeid med skule, idrettslag og Strand kommune. I 2012 har dette blitt ivaretatt gjennom drift av fritidsklubb og arrangering av diverse arrangement for barn og unge, samt noko arbeid som koordinator for Samordning av lokale kriminalitets- og rusførebyggjande tiltak. (SLT-koordinator).

Fritidsklubben og arrangement

Fritidsklubben har i 2012 hatt opent kvar torsdag frå 18-20 heile året for aldersgruppa 4-7 klasse. Tilbodet har også vore ope for eldre ungdom. Dette har blitt annonsert via Facebook. Ein har i hovudsak nytta føresette som vakter i tidsrommet 18-20.
Fritidsklubben har aktivitetar som musikk/dans, playstation, air-hockey, bordtennis og biljard. Har vore arrangert mange arrangement; DJ, karneval og halloweenparty for dei yngste. Skumparty, juleball for ungdomstrinnet i samarbeid med elevbedrifta og romjulsarrangement i samarbeid med FIL for dei eldste.
Tilboda er populære, i gjennomsnitt 15-20 barn per gong på ordinær klubb mens det kjem 40-80 på arrangementa.
Fritidskontakten har hatt fast kontortid ein føremiddag i veka og på den måten vore tilgjengeleg for dei eldre elvane i høve til aktivitetar.

I samarbeid med Kulturhaust blei det arrangert ungdomskonsert med det populære bandet Honningbarna.

SLT-koordinator

Er halde tre møter i den lokale tverrseksjons styringsgruppa for SLT. Planarbeid med barnefattigdom/oppvekstplan rapporterer til styringsgruppa. SLT-koordinatoren har deltatt i interkommunalt nettverksarbeid.

Handlingsplan for Samordning av Lokale rus og kriminalførebyggande Tiltak er revidert for 2012-2013. Statlege SLT-midlar frå KRÅD kr 20.000 øyremerka kompetansehevingstiltak blei i oktober brukt til å gjennomføra to fagkveldar med fokus på barnet. Kveldane hadde

eksterne føredraghaldar psykolog og lokal informasjon om vår barnevernsteneste, med tillegg av film, diskusjon og gruppearbeid. 80 personar, dei fleste kommunalt tilsette deltok.

**KAFÈ MULEN**
Kafeen er ein møteplass i hjarta av Kulturhuset. Drifta følgjer i hovudsak opningstider i symjehallen. Utvida opningstid inkl. fredag i vinterhalvåret. Effektiv og god drift. Dess meir aktivitet på huset, dess betre handel. Jamt besøk, år etter år. rem til påske. Mindre om kveldane fram mot sommaren – topp igjen på hausten. Fleksibelt personale, utfordring med vikarhjelp. Grunna vedlikehald av symjehall blei ikkje kafeen opna etter skuleferien før 1. november.

**BIBLIOTEKET**
Driftsbudsjettet i 2012 var på same nivå som i 2011 med 0,7% av kommunen sitt totalbudsjett.

Forsand tok initiativ og har vore vert for det interkommunale samarbeidsprosjektet mellom biblioteka i Ryfylke om opprettinga av Ryfylkebiblioteket. I desember 2012 kunne me endeleg opna for utlån av e-bøker via nettportalen Biblioteka i Ryfylke. Er svært fornøgd over å kunne tilby lånarane både e-bøker og felles katalog som et resultat av samarbeidet. Prosjektet er heilfinansiert via eksterne midlar. Frå årsskiftet 2012/13 skal Ryfylkebiblioteket driftast innanfor ordinære budsjettrammer.

Pga overgang til nytt biblioteksystem kan det vera feilkjelder i statistikken samanlikna med tidligare år. Utlånstala viser ein nedgang i det totale utlån på 4,9%. Dei nasjonale tala viser tilsvarande tendens.

| **Utlån** | **2011** | **2012** | **Endring i %** |
|---|---|---|---|
| Totalt utlån | 10274 | 9765 | - 4,9% |
| Utlån til barn | | 6239 | |
| Utlån til vaksne | | 3526 | |
| Bøker/lydbøker | | 7869 | |
| Film/anna | | 1896 | |

Statistikken viser i tillegg at bøker frå kulturfondet utgjorde meir enn 50% av dei nye bøkene i 2012.

Dei nye opningstidene med ope to kveldar i veka har fungert greit etter at biblioteket la til rette for sjølvbetente utlånsløysingar for Forsand skule. I 2012 har biblioteket markert Egner jubileet med barneførestilling og lokal boklansering.

Arbeidsmiljøet er godt, men vinteren 2011/12 var det store problem med det fysiske arbeidsmiljøet pga manglande ventilasjon på kulturhuset. Dette blei utbetra hausten 2012. Tilkomst i heis for rullestolbrukarane, barnevogn og arbeidsfolk er ikkje tilfredstillande.

Den nye biblioteklova vektlegg biblioteka si rolle som formidlarar av kunnskap, kultur og som sosiale knutepunkt vil setja krav som også Ryfylkebiblioteket Forsand må ta tak i.

**3. RESULTATVURDERING.**
Kulturseksjonen har mange arbeidsoppgåver. Seksjonen legg til rette for mangfaldige kulturtilbod for unge, vaksne og eldre.

Seksjonen har fleire spennande prosjekt som er utviklande for seksjonen internt, men som også er med på å setje Forsand på kartet ut over kommunegrensa.

Kultur har eit lite avgrensa fagmiljø for dei tilsette, dette har ført til at seksjonen treng samarbeidet på tvers over kommunegrenser. Kulturseksjonen nyttar ressursane godt og får mykje ut av budsjettet. Er også flinke til å få tak i eksterne midlar til prosjekt.

**Personal**
Kulturseksjonen har ein stabil personalsituasjon med lite sjukefråvær. Vikarsituasjonen kan vere ei utfordring då det blir lite stabilt arbeid å tilby ringevikarar, noko som resulterer i at det er problematisk å ha nok vikarar.
Fast kulturleiar som har vore i permisjon/utlån til Strand kommune kom tilbake 1.7.2012. Frå same tidsrom har vikaren vore engasjert i ulike prosjektstillingar.

**4. UTFORDRINGAR.**
Organisatorisk – å tenka heilhet i ein liten seksjon der dei fleste går i deltidsstillingar, med ein tilsett på kvart arbeidsområde. Ha godt samarbeid med andre kommunale seksjonar.

Kompetanse – liten stab som jobbar med breitt arbeidsfelt innan eit svært breitt felt, ein person må ha mange forskjellige oppgåver, vanskeleg å til ein kvar tid å ha tilstrekkeleg kompetanse på alle områda.

Avgrensa ressursar – går ut over utviklings oppgåver, mykje av tida går til drift av eksisterande tiltak.

Utviklingsoppgåver
I samsvar med regjeringa si kulturutgreiing/kulturløftet har statleg kulturbudsjett nærast dobbla seg i sum, utan at kommunane har hatt særleg vekst. Årleg auke i det kommunale kulturbudsjettet blir «spist opp» av pris- og lønsauke. Kulturutgreiinga dokumenterer at taparane i kulturløftet er folkebiblioteka, fritidsklubbane og kulturskulane.

- Innfri den nye biblioteklova si rolle som formidlarar av kunnskap, kultur og som sosiale knutepunkt.

- Auka stilling som barne-og ungdoms/fritidskoordinator/SLT frå 30% til 50%. Følgja opp tiltak som kjem fram i oppvekstplan m.m.

- Frå januar 2013 er kulturskulen organisert til kulturseksjonen. Treng då jobba for eit betre funksjonelt undervisningslokale og ikkje minst ein felles kultursal for konsertar m.m.

- Lokalt museum. Har i dag ingen fast kommunikasjon eller samarbeid med Ryfylkemuseet.

- Folkehelse/Friluftsliv med større fokus/marknadsføring av turområda, få folk ut på tur!

- Behov for revidering av kulturmidlar og sjå på nytt kommunalt tilskotsreglement tilpassa dagens behov.

Eva Lander Meling
seksjonsleiar kultur

**Forsand kommune**

Seksjon helse og sosial

| Saksbeh | Ref. | Arkivkode | Dato: |
|---|---|---|---|
| Elsa Løland | 12/951-16 | /K1-210, K1-004, K3-&14 | 15.03.2013 |

# ÅRSRAPPORT FOR HELSE- OG SOSIALSEKSJONEN - 2012

## INNLEIING

Seksjonen består av: legetenesta, fysioterapitenesta helsesøstertenesta, jordmortenesta, psykiatritenesta, avdeling for funksjonshemma, NAV og barneverntenesta.

Dei ulike lovane med forskrifter er styrande for helse- og sosialpersonellet sine oppgåver.

## 1.MÅLSETTINGAR FOR ALLE TENESTENE

- Hovudmålsettinga er å yte dei tenestene som er pålagt kommunen gjennom aktuelle lovar og forskrifter, samt oppgåver som følgjer av politiske vedtak.
- Å driva førebyggjande og helsefremjande arbeid som styrker barn, unge, foreldre og andre vaksne/eldre si fysiske, psykiske og sosiale helse.
- Yte brukarane god service gjennom god informasjon, tilgjengelegheit og kort sakshandsamingstid/ventetid.
- Ha fokus på brukarmedverknad og tilpasse tjenesten brukaren sitt funksjonsnivå/muligheter.
- Ha god kvalitet på tenestene, ivareta brukaren sin rettstryggleik og arbeide heilskapleg.
- Samarbeide med andre instansar for å få gode løysingar og utvikle tverrfagleg samarbeid internt for å kunne utnytte ressursane best mogleg.

## 2. DEI ULIKE TENESTENE I SEKSJONEN

### 2.1 Legetenesta

1,6 årsverk med legestillingar + 0,4 årsverk kommuneoverlegefunksjon. I tillegg har vi hatt 100% turnuslege, som er ei opplæringstilling fordelt på 2 personar gjennom året.. Det er i tillegg 2,0 årsverk med sjukepleiarar.

Oversikten viser alle leger i kommunen/bydelen. Lista kan sorterast ved å klikke på hver kolonneoverskrift

| Fastlege | Kjønn | Praksisnavn | Tilgj.[1] | Adresse | Poststed | GP[2] | FL[3] | Antall innbyggere på listen | Ledig |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Ammicht, Anja | K | Forsand Legekontor | Ja | Helsesenteret | 4110 Forsand | Nei | Ja | 199 | 0 |
| Ammicht, | M | Forsand | Ja | Helsesenteret | 4110 | Nei | Ja | 494 | 0 |

| Fastlege | Kjønn | Praksisnavn | Tilgj.[1] | Adresse | Poststed | GP[2] | FL[3] | Antall innbyggere på listen | Ledig |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Michael Galappaththi-A, Umesh C | M | Legekontor Forsand Legekontor | Ja | Helsesenteret | Forsand 4110 Forsand | Ja | Ja | 519 | 181 |

1) Tilgj.= Tilgjengelig for funksjonshemmede m.fl.
2) GP = Gruppepraksis - Legen jobber i et legesenter sammen med andre fastleger.
3) FL = Fellesliste - Legen deler sin liste med andre fastleger ved det samme senteret. Dersom du velger legen, kan du komme til en annen lege ved legesenteret når du bestiller time.
Ledig = Antall ledige plasser på fastlegens liste

- Ein del av de 212 nye pasientar som kom i 2012 kom tilbake frå tidligare fastlege Alf Midtskog som har sluttet med sin praksis i Hommersåk,
  Ein del er nye innbyggjarar.
  Ein del er tyske statsborgarar som reiser over kommunegrensene til Forsand legekontor.
  Ein del er frå Strand kommune som ikkje hadde ledig fastlegeliste i Strand kommune og ikkje tilstrekkelig legebemanning med fleire månadar ventetid for timeavtale over lang tid.

**Konsultasjonar**

| | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Registrerte pasientkontaktar | **6970** | **6942** | **7840** | **7420** | **8735** | **8821** |
| **Delar seg på følgjande type konsultasjonar:** | | | | | | |
| Planlagde eller øyeblikkelig konsultasjonar | | | | | | **3785** |
| Enkel personlig pasientkontakt | | | | | | **1312** |
| Pasientkontaktar til rådgiving per telefon/ brev | | | | | | **1347** |
| Telefon reseptbestilling eller tilvising | | | | | | **955** |
| Sykebesøk | | | | | | **31** |
| Kontakt med samarbeidspartnarar | | | | | | **862** |
| Ansvarsgrupper/ Dialogmøter/ Sjukemelding | | | | | | **137** |
| Honorar for forsikringar/attestar | | | | | | **392** |

**Kompetanseheving:**
Kommuneoverlegen er nå spesialist i samfunnsmedisin. Spesialiseringa i allmennmedisin gjeld til 2015 for både Anja og Michael. Umesh er i gang med spesialisering i allmennmedisin. Alle legane har rett til 10 dagar pr person i full stilling til kursing for vedlikehald av spesialistutdanninga(gjeld for 5 år om gongen)

**Deltaking i felles legevakt Strand/Forsand: har økt betydelig i 2012.**
Forsand hadde 2 leger og 1 turnuslege som kjører legevakt.
Kvar lege har 3-4 vakter i månaden og så kom det i tillegg vakansvakter pga sjukefråvær på Jørpeland legesenter. Opp til 12 legevakter i månaden ble kjørt av Forsand leger.
Fram til 2011 var gjennomsnittstall av legevakter av Forsand leger lågare ved bare 1 legevaktslege og en TL med cirka 7 vakter i månaden. Kommuneoverlegen er fritatt frå legevakter.
Kvar legevakt fører til synlig meir belastning for legane som jobbar først ein krevjande dag og deretter legevakt i 17 timer.
Legevakta varer til 8.30, ved 1-2 timer for administrativ arbeid med notatdokumentasjon og regnskap er man ikkje ferdig på legevakten før 9.30 eller kl. 10.00. Legevaktslegen fortsetter i legekontorstillingen sin etter legevakt med 4 timer fri frå jobb etter kl 12.30 fram til 15.30. Ved forsinka arbeidsstart etter legevakten blir det ofte overtid fram til 16.30.
Legens inntektstap for legekontor i de 4 timer fri etter legevakten fram til kl. 12.30 har økt ved aukande legevakter.
Samtidig må ofte en annen lege bli stedfortredande lege for pasientbehandling / tilsynsarbeid og bli trekt vekk frå sine oppgåver (administrativt arbeid).

**Året 2012 på legekontoret**

- Har medverka til avlasting av pasientkonsultasjonar hos AA og MA, begge ble avlasta og har deltatt meir i oppfølgingsmøter av sjukemeldte og ansvarsgruppemøter.
- Både AA og MA bruker daglig tid til rettleiing av turnuslegane og ny fastlege i spesialiseringa. Turnuslegene har blitt motivert til allmennlegeyrke og gitt positive tilbakemeldingar over sine distriktstenester i Forsand kommune.
- Tal på overførte avspaseringsdagar frå tidlegare år ble redusert hos både AA og MA.
- MA og AA har brukt i konsultasjonane ultralydapparatet til undersøkingar og behandlingar. Det har ført til en raskare utredning og behandling for pasientane og færre tilvisingar til spesialisthelsetenesta.

(HUSK: Samhandlingsreform: Kommunane medfinansierar spesialistbehandling på Sjukehus. For talet på tilvisingar til spesialisthelsetenesta må kommunen betale : d.v.s. jo færre tilvisingar til spesialisthelsetenesta som blir skrivne ( dersom behandlingstilbodet finnes i kommunen) desto mindre beløp bli fakturert frå Helse Vest til kommunen).

- UG har hatt faste møter med HSPL kvar uke for å betra kvalitet i pasientbehandling for HSPL pasienter og samarbeid mellom fastlege og HSPL:
- Sidan pasientane ble tidligare skrevet ut av sjukehus til sjukeheim og dermed er sjukare enn før har tilsynslegen MA og TL hatt 2x i uka legetilsyn på sjukeheim.

## *Utfordringar i 2013:*

1) Fortsette å møte det stadig aukande krav om helsetenester i første linjetenesta.
2) Vedlikehalde inventar og utstyr. Investere i ny ultralydmaskin.

3) Jobbe vidare med folkehelseutfordringar, jmf samhandlingsreforma og folkehelselova. Livsstilproblematikk.
4) Sette av tilstrekkelig tid, 20 % stilling til utvikling i datakommunikasjon (kvalitetsbetring og samhandling)
5) Vidareføre arbeidet med personal rekruttering og personalarbeid for å ha et fagleg forsvarleg, godt, stabilt, langsiktig planlagt arbeidsmiljø.
6) Styrke samarbeidet både internt og eksternt.
7) Sette av tilstrekkelig tid til planarbeid
8) Sette av tilstrekkelig tid til administrativ arbeid.
9) Sette av tilstrekkelig tid, 20 % til arbeidet med intern kvalitetssikring og samhandlingsrutinar/-avtalar. Tilby gruppeopplegg for røykeslutt, kostrettleiing, rettleiing for auka fysisk aktivitet innan folkehelsearbeid.
10) Vedlikehald av lokala på legekontor: oppussing i form av ny maling av vegger, nytt golvbelegg, vegghengte toalett.
11) Lydisolering av luka, sjølve dørene, dørkarmar og dørtersklar.
12) Ombygging av midlertidige venteværelse:
    Utviding av venteværelse: rive veggen til GYN rom.
    Bruke tidligare garderobe i 1. etasje som undersøkingsrom for gynekologi, rektoskopi og ultralyd.

## 2.2 Jordmor- og Helsesøstertenesta

Det er til saman 100% stilling som helsesøster. P.g.a omsorgspermisjon har vi hatt sjukepleiar i vikariat gjennom 2011. Jordmortenesta er i samarbeid med Strand. Vi dekker 50% stilling og 50% driftsutgifter som telefon, kurs. Nedskjering på liggedøgn på UIS for dei fødande har ført til tettare oppfølging frå jordmor via telefon og heimebesøk. Jordmor og helsesøster får tilbakemelding frå foreldra at dette gjev tryggleik og at dei har fått god hjelp når det har vore behov for det.

| | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Fødselstal | **15** | **17** | **10** | **18** | **15** | **15** | **10** |
| | | | | | | | |

Det er til saman 100 % stilling som helsesøster i kommunen. Grunna omsorgspermisjon, har denne stillinga i 2012 vore delt mellom helsesøster i 60 % på helsestasjonen og sjukepleier i 40 % stilling i skulehelsetenesta.
I tillegg til å ha ansvar for den daglige drifta av helsestasjonen har helsesøster tilsett på helsestasjonen, også d overordna faglege og administrative ansvaret for heile helsesøstertenesta i kommunen. Det vil seie eit overord ansvar for det helsefremmande og førebyggande arbeidet i kommunen retta mot barn og unge i alderen 0-20 å

Jordmortenesta er i samarbeid med Strand. Vi dekker 50 % stilling og 50 % driftsutgifter som tlf og kurs.

Nedskjering på liggedøgn på SUS for dei fødande, har ført til tettare oppfølging frå jordmor og helsesøster vi tlf, tidlege kontrollar på helsestasjonen og heimebesøk. Jordmor og helsesøster får tilbakemelding frå foreldre dette gjev tryggleik og at dei har fått god hjelp når det har vore behov for det.

Fødselstal:2009: 18
2010: 15
2011: 15
2012: 10

I tillegg flytta det 17 barn til kommunen i løpet av året 2012.

**Skulehelsetenesta:**

Her opplever sjukepleier som er tilsett i 40 % stilling eit stort arbeidspress. Ho er saman med inspektør og rektor fast medlem i "læringsmiljøgruppa" ved skulen. Dei har møte kvar veke, og har fokus på læringsmiljøet i klassane. Sjukepleiar har oppfyljingssamtalar med elevar og har også kartlagt miljøet i klassar der det har vore store utfordringar med mellom anna mobbing. Dette er eit viktig, men tidkrevjande arbeid. Konsekvensen har vorte at andre lovpålagte oppgåver ikkje er blitt utførte til rett tid. Dette er beklagelig, men viser at det er stort behov for større stillingsstørrelse i skulehelsetenesta.

**Helsestasjonstenesta:**

Helsesøster ved helsestasjonen opplever også at arbeidsdagen ikkje strekk til. Det blei svært mykje overtid i året som gjekk. Dette er ikkje ynskjeleg! Men som einaste tilsette helsesyster i kommunen, med overordna ansvar for helsesøstertenesta, er det ikkje lett å la oppgåver bli liggjande. Det er blitt for lite tid til å drive fagutvikling og utvikle tenesta i året som gjekk.

Jordmor: Vi har framleis eit kommunalt finansiert tilbod med beredskaps- og følgjeteneste til fødeavdelinga for våre gravide. Nå i vår skal Ryfylkekommunane i nye viktige forhandlingar med Helse vest, ift kven som vidare skal betale for denne tenesta.
Medio 2013 vert nye nasjonale retningsliner for barselomsorga publisert. Helsedirektoratet ber om at kommunane syter for at desse vert implementert.

Det er elles eit godt etablert samarbeid med både barnevern, barnehage, skole, tannhelsetenesta, SUS, legekontor og psykiatritenesta.

**Brukarundersøkinga:**

Våren 2012 blei det utført ei brukarundersøking ved **helsestasjonen**. Dette er eit viktig styringsreiskap når tenesta skal vurderast og vidareutviklast. *Totalt sett kom vi betre ut enn landsgjennomsnittet*. Det er bra! Likevel er det område det kan arbeidast vidare med. Eksempelvis blei det etterlyst barselgrupper for mødrer som er heime i permisjon. Hausten 2012 starta vi difor opp "foreldre & barn-gruppe" som treffast kvar veke. Målet med dette nettverksbyggjande arbeidet er å leggja til rette for sosialt samvær, auka trivsel og livskvalitet for foreldre som er heime med små barn.

**Tilsyn**:
Etter oppdrag frå Statens helsetilsyn skal Fylkesmennene i 2013 gjennomføra landsomfattande tilsyn med helsestasjonsverksemda for barn frå 0 - 6 år.

## *UTFORDRINGAR*:

Eit viktig bodskap i **Samhandlingsreformen** er at dei førebyggjande helsetenestene i kommunane skal styrkast. Dette gjeld helsestasjons- og skulehelsetenesta, svangerskaps- og barselomsorgstenesta.

Folkehelseprofilen for Forsand (2012) viser at vi kjem dårlegare ut enn landsgjennomsnittet ift psykisk helse i befolkninga.
Helsedirektoratet kunngjorde nettopp også ei undersøking som viser at så mykje som 10 % av alle barn har så store psykiske vanskar at det vanskeliggjer kvardagen deira. Sett saman med dei opplysningane vi har frå skulehelsetenesta, er dette tal som gjer meining, og som også ser ut til å gjelde for vår kommune. I så fall kan vi altså rekne med at så mykje som 20 elevar ved skulen vår har så store psykiske problem/utfordringar, at det er krevjande for dei å kome

gjennom dagen. Slik eg som helsesøster i kommunen ser det, fortel dette oss noko viktig om kvar vi må satse i det vidare førebyggjande arbeidet. Barns psykiske helse må prioriterast høgt framover!
I skulehelsetenesta registrerer vi at hovudårsaka til at barn tek kontakt, anten etter oppfordring frå vaksne eller på eige initiativ, nettopp er spørsmål knytt opp til deira psykiske helse. Dei strever ofte med komplekse problem knytt opp mot følelsar og relasjonar både til seg sjølv, andre barn, vaksne og foreldre.

I eit rundskriv ber Helsedirektoratet om at kommunane: " Sørger for at helsestasjons- og skolehelsetjenesten er en sentral aktør i det helsefremmende og primærforebyggende arbeidet til gravide, barn og unge 0-20 år. Tjenesten skal oppfylle lov og forskrift og følge veileder med anbefalt program. En faglig forsvarlig tjeneste forutsetter riktig kompetanse og nødvendige ressurser."

Helsesøster har spesialkompetanse i helsefremmande og førebyggjande arbeid.
Her i Forsand har vi hatt 100 % stilling som helsesøster i mange år. Ein ser nå eit stor behov for at denne tenesta vert styrka slik at ein kan møte dei helsemessige/relasjonsmessige utfordringane vi ser i kommunen vår.

"Forskrift om kommunens helsefremmende og forebyggende arbeid i helsestasjons- og skolehelsetjenesten" er i all hovudsak fulgt. Men krev nokre kommentarar.

1) Helsestasjonen sitt tilbod til gravide skal etter gjeldande forskrift §2-3 omfatte samlivs- og foreldrerettleiing. Dette er tema som blir *nemnt* i konsultasjonar, men som vi ser burde vore vidareutvikla til eksempelvis eit foreldreførebuande kurs.
2) Ifølge § 2-2 skal "*Helsestasjons- og skolehelsetjenesten bidra til kommunens oversikt over helsetilstand og de faktorer som kan virke inn på helsen til barn og ungdom, og til gravide som går til kontroll i tilknytning til helsestasjonen*."
    - Pr i dag er helsesøster med som bidragsytar i gruppa som skal arbeide fram ein oppvekstplan for kommunen. Men den oppgåva eg er pålagt som premissleverandør, burde nok fått endå større fokus.
3) Ifølge § 2-3 skal skulehelsetenesta "*samarbeide med skole om tiltak som fremmer godt psykososialt og fysisk lærings- og arbeidsmiljø for elever".*
    - Dette er eit svært omfattande og tidkrevjande arbeid der sjukepleier i skulehelsetenesta er godt involvert og gjer ein god jobb. Men desse arbeidsoppgåvene har påverka arbeidssituasjonen i så stor grad at andre pålagte arbeidsoppgåver i skulehelsetenesta er blitt skadelidande. Behovet for meir ressursar inn i skulehelsetenesta er stor.

## 2.3 Fysioterapitenesta

Ett årsverk fordelt på 2 fysioterpeuter med 60%-40%. Prioriterte grupper er som før funksjonshemma barn, vaksne funksjonshemma, kortids rehabiliteringspasientar ved Forsandheimen, akutte skader og nyopererte + sjukemeldte. Dei fleste med belastningslidingar er dei som kjem på venteliste.

**Pasienttal:**

| | **2007** | **2008** | **2009** | **2010** | **2011** | **2012** |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Samla pasientar | 57 | 44 | 80 | 78 | 126 | 128 |
| Kvinner | 31 | 25 | 43 | 42 | 60 | 72 |
| Menn | 26 | 19 | 37 | 36 | 66 | 56 |

.

**Aldersfordelig i 2012:**
**0 – 12 år**:12 personar **13-18 år**:5 personar

**19 – 67:** 71 personar **68 – 99:** 40 personar

Omtrent 95 % har heimeadresse i kommunen. 100% er tilvist frå lege, kiropraktor el manuelterapeut ev sjukehus. Barn med funksjonshemming treng kontinuerlig oppfølging av fysioterapeut.

Muskel- og skjelettplager er ein folkesjukdom, som er årsak til mykje av sjukefråværet. Rehabilitering etter t.d slag, ulukker og liknande er også ei utfordring for enkeltindividet. Fysioterapibehandling bør skje saman med eigentrening. Fleire fysioterapeuter legg opp til å ha treningsapparat i tilknyting til praksisen, der pasienten kan drive eigentrening etter rettleiing frå fysioterapeuten.

**Andre fysioterapioppgåver**:
- Observasjon og testing av førskulebarn for kartlegging av motorikk og funksjon, både individuelt etter tilvising frå lege og som screening av alle førskulebarn i barnehagen
- Treningsgruppe i varmtvannsbasseng 1 x veka
- Deltaking i treningsgruppe saman med ergoterapeut

### *Utfordringar:*
***1. Utbetring/utviding av lokala –dette manglar framleis***
***2. Utskifting av apparaterutstyr/og innkjøp av treningsutstyr. Viktig i forhold til samhandlingsreforma sitt fokus på førebyggjande arbeid. Må sjåast saman med pkt 1.***

## 2.4 Psykisk helsearbeid
**Brukartal:**

| | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|---|---|---|---|---|
| Brukarar totalt | 24 | 24 | 24 | 27 |
| Nye innskrivingar | 13 | 8 | 15 | 11 |
| Utskrivingar | 14 | 9 | 15 | 8 |
| Heimebesøk | 340 | 630 | 380 | 490 |
| Samtaler | 122 | 129 | 310 | 355 |

Tilboda er som før med samtalar ,heimebesøk, oppfølging til diverse off. tenester, utarbeiding av Individuelle Planar og oppfølging i ansvarsgrupper. Medisindosetter, rettleiing og praktisk hjelp til daglege gjeremål, samt rådgiving i økonomi.

Gruppetilboda er slik for 2012: Svømmegruppe ein gong pr veke i samarbeid med Strand DPS (Distriktspsykiatriske senter) og eining psykisk helsearbeid i Hjelmeland.
Turgruppe ein gong pr veke og sommardagsturar. Overnattingstur til Svanevatn saman med avd. for funksjonshemma og felles frokost ein gong pr månad

Psykiatritenesta har hatt undervisning i ungomskulen om psykisk første hjelp saman med skulehelsesøstertenesta . Psykiatrisk sjukepleiar har hatt oppfølging av ein skuleklasse pga ”kriser”

Deltaking i prosjektet ”Å koke suppe på ein spiker” har medført utvikling av samarbeidet med DPS og kommunane Strand og Hjelmeland. Spikersuppeprosjektet gir oss tilgang til psykolog og psykiater ved DPS Strand kvar 6. veke kor samarbeid om felles pasientar føregår og kor nye brukarar for raskare hjelp.

Det er elles eit godt samarbeid med både barnevern, helsesøster, legekontoret, PLO, skole og barnehage.

Temakveld for alle: Ein temakveld om angst med psykolog spesialist, Bente Arntzen. Få møtte denne gongen, mot tidlegare år.

### *Utfordringar:*

***1. Ny 4-årig plan for psykisk helse(ikkje fått prioritert i 2012)***
***2. Utvikle felles forståelsesplattform i sterkare grad med samarbeidspartnarar innad i kommunen..***
***3.Utvikle samarbeidet inn i skulen medundervisning og individuell oppfølgingfor barn/unge***

## 2.5 Sosialtenesta – økonomisk stønad/rusproblematikk

Utbetalingar på økonomisk stønad til livsopphald var i 2012 kr. 352.000, mot budsjettert kr. 270.000. Dette utgjer ei auke på kr. 156.000 i økonomisk stønad mot fjoråret, som igjen hadde ei auke på 59.000 i høve til 2010. Utbetalingane er dermed auka kraftig dei to siste åra. Årsaka til dette er at Forsand no – i motsetnad til tidlegare – har innbyggarar som ikkje har anna inntektskjelde enn økonomisk stønad frå NAV.

| **Lovgrunnlag/ vedtak** | **2008** | **2009** | **2010** | **2011** | **2012** |
|---|---|---|---|---|---|
| Sosiale tenester | 58 | 34 | 61 | 56 | 68 |
| Kom. Bustøtte / Husbank lån/tilskot | 40 | 67 | 14<br>8 | 20<br>9 | 16<br>3 |
| **Totalt** | **98** | **101** | **83** | **85** | **87** |

| | **2007** | **2008** | **2010** | **2011** | **2012** |
|---|---|---|---|---|---|
| Kliental økonomisk stønad | 22 | 17 | 22 | 11 | 20 |

Talet på brukarar Forsand kommune har hatt ein person i kvalifiseringsprogrammet i 2012. Kostnader kr.174.000.
I tillegg har ein oppfølging av brukarar med rusproblematikk og økonomisk rådgiving til personar som har opparbeida seg gjeld. Begge sistnemnte saksområde er tidkrevjande.

## 2.6 Tenester etter helse- og omsorgslova i forhold til barn/vaksne med nedsett funksjonsevne.

| | **2009** | **2010** | **2011** | **2012** |
|---|---|---|---|---|
| **Tal brukarar** | **31** | **29** | **27** | **29** |
| **Omsorgsløn** | **8** | **4** | **7** | **7** |
| **Avlastningstilbod** | **5 + 1 frå Strand** | **5 + ein frå Strand** | **5** | **6** |
| **Støttekontakt** | **12** | **14** | **15** | **14** |
| **Miljøarbeidarteneste** | **2** | **2** | **2** | **3** |
| **IP plan** | **11** | **11** | **11** | **12** |
| **BPA** | **4** | **5** | **4** | **5** |

## Målsetting for arbeidet

Tenesteområdet avdeling for funksjonshemma skal sørgje for ei teneste for funksjonshemma i kommunen. Stillinga skal medvirke til å fremme sosial tryggleik, samt medvirke til likeverd og likestilling og betre levevilkår for funksjonshemma. Medverke til at den enkelte får muligheit til å leve og bu sjølvstendig og ha eit aktivt og meiningsfullt liv saman med andre. Tenesta skal være lett tilgjengelig for brukarane.

## Generell vurdering av året som er gått

Avdelinga fekk i januar 2012 ein ny brukar. Brukar flytta da heimanfrå og inn i eiga leilegheit. Kartlegging/erfaringar visar at denne brukar, vil trengja litt meir ressursar i 2013 enn det vi starta med i 2012.
Avdelinga får tilbakemelding på at turnusane er gode. Turnusane gir rom for å følgje opp brukarane på ein god måte. Tilsette gir tilbakemelding på at de trivast under avdelinga. Avdelinga prøver å halde fokus på ulike ting, som god opplæring, psykososiale og fysiske miljø. Gode rutinar for personalmøter, samt medarbeidarsamtale kvar vår. Avviksmeldingar som kommer inn til avdelinga, tar vi opp som tema på personalmøter, der vi vågar å snakke ut om saker som kan være ”litt vanskelige”.
Faglig er vi flinke på å innhente informasjon frå andre faggrupper, vi jobbar godt tverrfaglig med andre instansar i kommunen. Saman med psykiatriavd har vi ulike turar i løpet av året, samt fast felles frukost, ein g pr md. Vi har felles brukare og synes vi gir brukarane ei god oppfølging på denne måten.

Rekruttering på støttekontaktar har tatt seg litt opp. Vi har nå få brukare utan støttekontakt.

Brukerstyrte personlege assistentar som jobbar i forhold til brukarar med varig diagnose, har nå fått vanleg arbeidsavtale. Vi har fortsatt oppdragsavtaler, men då pga at vi ser brukar kan klare seg sjølv på sikt.( Nedtrappings plan)

Avdelinga prøver å unngå overtid, og har nå ein større vikarpool. Avdelinga tar og i bruk Wisma Enterprise Ressusstyring Web, som vil minske tida, eg som ledar brukar for å få inn vikarar.

## Resultatvurderingar

”Prosjektet for ressurskrevjande brukar” fungerer særs godt, tilsette gir tilbakemeldingar på at brukar sin situasjon er endra. Brukar er meir stabil og fornøgd, mindre utagering. Vi konkluderer med at brukar har få tilsette å førehalde seg til, dei tilsette jobbar likt. Kvardagen er blitt forutsigbar og strukturert. Vi har gode rutinar og prosedyrar. Vi evaluerer jamleg jobben vi gjer, samt er opptatt av å ”gjera kvarandre gode”. Vi har i 2012 vært opptatt av helse, miljø og sikkerheit for tilsette. Der vi har lagt til rette for eit betre inneklima, ordna ”røykestue”, søkt om større bil til brukar, samt investert i ny sofa og tv til tilsette. Vi har personalmøter, der vi tar oss tid til samtale, om korleis vi har det, kvar gang vi møtes. Å jobbe 1:1 kan være ein utfordring mentalt. Ryfylke DPS er med på personalmøte ein gang pr md.

Hos ein einskildsbrukar, fekk vi tilsett ein person med høgskoleutdanna. Dette bidrog til større refleksjon og betring i rutinar for brukar. Situasjonen hos brukar har/er til tider ustabil/sårbar pga svangerskap permisjonar og ein del eigenmeldingar frå ein tilsett pga psykiske plager. Leiar har i periodar problem med å dekke alle vakter. Leiar ser på det som forsvarlig at brukar er utan assistent innimellom.

Avdelinga har auka, 15 stk er tilsett med arbeidsavtale på avdelinga, samt vi har 16 stk på oppdragsavtaler. (2 ”nye” fritidskontaktar som blir lønna 50 % av avd funksjonshemma.)

Avdelinga har saman med barnevernet 2 fagsamlingar per år. Evalueringa viser at det ikkje er interesse for dette tilbodet. Fagsamlinga var meint som eit "treffpunkt" for støttekontaktar, brukarstyrte personlige assistentar, avlastningsheim, fosterforeldre.

Faste samarbeidsmøter med Elsa Løland, Mona Larsen og Bente May Stangeland.
*Leiar for ATO-avdelinga har også vore/er leiar med budsjett og personalansvar for avlastingsbustaden.* Hennar leiarstilling er på 60%, noko som ikkje samsvarer med oppgåvene. Ein prøver i stor utstrekning å bruke personalet både i ATO og avlastingsbustaden, då det i avlastingsbustaden er små stillingsbrøkar. Dette har så langt fungert greitt og er med å kunne dekke opp vikarbehov på begge stader. Det er pr 31.12.12 3,6 årsverk fordelt på 13 personar i avlastingsbustaden i den faste turnusen. I periodar er årsverka høgare, då ein utvider tilbodet for foreldra i feriar.

| | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Meldingar | 16 meldingar på 16 barn | 20<br>2 lagt bort | 17<br>7 lagt bort | 34 | 19 på<br>4 lagt bort | 23<br>7 lagt bort |
| Undersøkingsaker | 16 | 21 | 10 | 20 | 14 | 21 |
| Antal barn med hjelpetiltak | 25 | 34 (tidvis 39 i løpet av året) | 30 | 25 (Tidvis 33 i løpet av året) | 27 (Tidvis 34 i løpet av året) | 23 (Tidvis 26 i løpet av året) |
| **Av desse** | | | | | | |
| Fosterheimsplasseringar | 5 (7 fram til september 2007) | 4 | 6 | 7 | 10 | 10 |
| Akuttplasseringar – midlertidig plassering | 0 | 0 | 0 | 3 | 0 | 0 |
| Tilsynssaker | 1 | | | | 8 | 7 |
| Adm.Vedtak | 116 | 91 + 1 Fylkes-nemdsak | 124 + 2 fylkesnemd-saker og 2 saker til Tingretten | 88 Vedtak FN -saker på 3 barn, Stadfesting av akuttsak på 3 barn<br>1 ankesak til Tingretten | 115 vedtak Ordinær FN<br>På 3 barn Ankesaker til Tingretten på 4 barn Ankesak til Lagmanns-Retten på 3 barn | FN –sak på 3 barn.<br>Ankesak på 1 barn.<br>Krav om tilbakeføring av 2 barn mottatt. |

## 2.7 Barnevernstenesta

Det er 2 årsverk knytt til barneverntenesta, som fordeler seg med 1x100% + eit årsverk fordelt på 60-40% pga omsorgspermisjon.

2012 har vore nok eit krevjande år. Dei to siste åra har talet på saker vore relativt stabil, men vi ser at dei seinare år har gitt oss meir komplekse og krevjande saker. Barneverntenesta har

hatt fleire fristbrot på undersøkingsaker. Det er høge krav til skriftleg arbeid og dokumentasjon i barneverntenesta, slik at dette utgjer ein betydeleg stor del av arbeidet. Pga av sjukefråvær og arbeidspress blei saka om tilbakeføring av 2 barn imidlertid ikkje skriven før i januar 2013. Klage på dette blei sendt frå motparten sin advokat til Fylkesmannen.

Barneverntenesta i Forsand er med i konsultasjonsteam for vald og seksuelle overgrep som har medlemmer frå Forsand, Strand, Hjelmeland, Buf-etat, Familierådgjevningskontoret og BUP. Her kan kommunane melda opp bekymringssaker ift valdsproblematikk anonymt, og få rådgjeving.
Barneverntenesta deltek i fleire samarbeidsfora internt i kommunen, m.a med skule, barnehage, psykiatriteneste og helsestasjon.
Vidare er det etablert samarbeidsmøter med DPS og barneverntenestane i Ryfylke, samt samarbeid med sistnemnte i forhold til fagutvikling. I haust blei det oppstart på opplæring i Kvellomalen, ein ny metode for undersøkingssaker og evalueringar i sakene. Dette skal etablerast inn i dataprogramvaren vår, Acos barnevern i 2013.

***Utfordringar:***

- ***Overhalde tidsfristar som er lovfesta, samt gjennomføre dei lovpålagte oppgåvene i forhold til det enkelte barn bl.a tiltaksplanar og omsorgsplanar***
- ***Oppretthalde kompetansen hos personalet gjennom fagleg oppdatering***

# 3. VURDERINGAR AV ÅRET SOM GJEKK

## 3.1 Personalsituasjonen

Oppgåvene totalt i helse- og sosialseksjonen er mange og det er stadig aukande krav til skriftleggjering, brukarmedverknad, kvalitetssystem innan ulike områder. På fleire av områda melder ein at det er ressursmangel i forhold til oppgåver som det gjennom stalige føringar blir forventa av kommunane. Mange einingar er små og sårbare både i forhold til uventa sjukdom, feriar, og fri til å oppdatere kompetansen. Delte stillingar er ikkje noko god løysing i forhold til ressursutnytting og ein burde i sterkare grad fått auka opp i slike tidsavgrensa situasjonar.

Medarbeidarsamtalar har vore gjennomført med 30 av 31 tilsette i seksjonen.

Sjukemeldingsfråværet i 2012 var i helse- og sosialseksjonen på 6,3.% mot 4,4 i 2011. Dette er ei auke på 2,1%.

Aktivitetsnivået på legekontoret er framleis høgt, noko som avspeglar seg i talet på pasientkontaktar.
Personalet som jobbar innan psykisk helsearbeid har travle dagar, men aktiviteten kan nok i større grad styrast samanlikna med legekontoret.

Sakene i barnevern krev høg kompetanse då desse er meir alvorlege og komplekse enn før. Med så mange omsorgsaker er det ikkje rom for fleire tunge saker med *nåverande* personalsituasjon (2 stillingar). Når ei stilling er delt på 2 personar, medfører dette at det blir redusert arbeid til saksbehandling. Dette fordi nødvendig opplæring, fagmøter og rettleiing må begge delta i. Dette har ført til brot på lovfesta fristar i forhold til meldingar/undersøkingar i barnevernet. Helse- og sosialleiar har og vore barnevernsleiar i 2012, og involvering i sakene har tatt mykje tid i år også. Dette går ut over oppfølginga i dei andre einingane.

Dersom ein skal følgje opp sentrale føringar i forhold til folkehelseperspektivet og driva meir førebygging, må der auka ressursar til. I andre kommunar har dei mykje meir å fagfolk å gjera

bruk av i helsesøstertenesta. Familiens hus er her eit stikkord, kor der både er psykologar, barnevernsarbeidarar, familirettleiarar, kursing for foreldre m.m. barnevernet kjøper ein del tenester til individuell rettleiing, men kanskje kunne det vore smartare og meir økonomisk gunstig å ha hatt eigne tilsette til slike oppgåver.

## 3.2 Budsjett- og rekneskapsvurderingar

| Helse- og sosialseksjonen samla: | Rekneskap 2012 | Budsjettert 2012 |
|---|---|---|
| | **Kr.26.734** | **kr.25.335** |

**Rekneskapet samla for seksjonen viser ei overskriding i forhold til budsjett på kr. 1.399.**

**Kommentarar:**
Generelt kan ein seie at dei årlege budsjettprosessane som ikkje medfører at det ikkje skjer ei sterkare omfordeling på seksjonar, medfører overforbruk på kvart einaste tiltak som kjem utover dei som eksisterer.
**Dette er gjort kjent i budsjettkommentarane for 2012:**
*Nye tiltak som t.d ny brukar med behov for miljøarbeidarteneste, er det ikkje tatt høgd for i budsjettet. Med utgangspunkt i dagens situasjon og vikarbehov, er det for lite på budsjettet til vikarar ved sjukdom/fri/feriar i prosjektet rundt enkeltbrukar (basert på rekneskap pr.30.06.2010). Utløyser overtid, når ein ikkje klarer å skaffe nok vikarar.* **Jmf avd. for funksjonshemma sine overskridingar**.
*Veit at for eit av barna vil det bli søkt om utvida avlastning. Det trengs ekstra ressursar for å kunne gi utvida tilbod.* **Jmf avlastingsbustaden.**

*Budsjettet baserer seg på eksisterande barnevernstiltak som er vedtekne, men gir ikkje rom for nye tiltak. Advokatutgifter vil truleg og bli høgare enn budsjettert. Foreldre som er fråtatt omsorga for barn, kan krevje sakene opp på ny kvart 2. år, og medfører advokatutgifter.*
På **barnevern** er det eit overforbruk på kr.70.000.

På **fysioterapitenesta** var det sett av 100.000 til treningsapparat. Desse blei ikkje kjøpt i 2012 heller, då det framleis ikkje er gjort noko med rombehovet til fysioterapitenesta.

Når det gjeld **legekontoret** har vi eit overforbruk på kr.289.000.

**Helsestasjonen** hadde 35.000 i overforbruk.

Dei samla tenestene i **NAV** kom ut med eit overforbruk kr.86.000.

**Avlastingsboligen** hadde eit overforbruk på kr. 1 mill. Årsaka er auka avlastingsbehov for 3 barn.

**Avd. for funksjonshemma:** Eit overforbruk på kr. 695.000. Då har ein lagt inn forventa statstilskot til ressurskrevjande brukarar som skal rekneskapsførast på det året midlane er gitt for.

**Samla sett i helse- og sosial er deler av overskridingane dekka innan eige budsjett.**

# 5. SATSINGSOMRÅDE /UTFORDRINGAR

- ***Ta vare på dyktige medarbeidarane gjennom god personalpolitikk inkl. løn og godt arbeidsmiljø. Tilsette som trivest er kommunen sin største***

***ressurs i forhold til å yte gode tenester, og oppretthalde stabilitet som betyr mykje for brukarane/pasientane.***

- ***Folkehelselov – førebygging på alle nivå særleg retta mot livsstilsendringar – frisklivsentral med koordinator.***
- ***Omfanget av og kompleksiteten i barnevernsaker vil også framover krevje omfattande ressursaer. -treng utviding av stilling.***
- ***Utvikling av tenestetilbodet for funksjonshemma – avlastingsbustad, servicebustadar, aktivitetstilbod på dag/kveld***
- ***Redusere rehabiliteringstida for pasientar gjennom auka ressursbruk til trening/opplæring***
- ***Bustadar til funksjonshemma, som har bistandsbehov - og til økonomiske vanskelegstilte. Inklusiv betre utnytting av ressursar til denne brukargruppa.***
- ***Brukarmedverknad – individuelt og på systemnivå.***
- ***Samhandlingsreforma i forhold til helsetenester gir utfordringar i forhold til førebyggingsperspektivet.***
- ***Ombygging på helsesenteret for fysioterapeut og legesenter jmf legen sine kommentarar***

Forsand, 15.03.2013

Elsa Løland
seksjonsleiar helse og sosial

# Forsand kommune

Rådmannen

| Saksbeh | Ref. | Arkivkode | Dato: |
|---|---|---|---|
| Terje Nysted | 12/951-18 | /K1-210, K1-004, K3-&14 | 02.04.2013 |

# Årsmelding for barnehagen 2012

## 1. Økonomi

| | Budsjett | Rekneskap | Avvik |
|---|---|---|---|
| 2012 Barnehagen | 9.900.000 | 9.564.317 | 335.683 |

Barnehagen har brukt 335.683 kroner mindre enn budsjettert. Årsaka er hovudsaklig at det er brukt mindre ressursar på vikar.

## 2. Tenesteproduksjon og resultat

### Målsettingar for barnehagen sitt arbeid

På bakgrunn av "Lov om barnehage" og "Rammeplan for barnehagen" er hovudmålet for barnehagen å gje barna gode moglegheiter til læring og utvikling i nær forståing med foreldre/føresette. Personalet i barnehagen har utarbeidd årsplan for barnehagen, som beskriv målsettingar og pedagogiske arbeidsmetodar.

Rammeplan for barnehagen gir retningslinjer for verdigrunnlaget, innhaldet i og oppgåvene til barnehagen.

Barnehagen arbeider etter visjonen" Vi gjer kvarandre gode"

## Rammevurderingar

### 1) Ute miljøet

Barnehagen har eit uteområde som er godt egna til barnehagen. Det er eit stort område, og det kan vere utfordrande å ha oversikt over heile området til ein kvar tid. Barnehagen har eigne rutinar for tryggleik ute, som blir gjennomgått årleg i personalgruppa. Barnehagen nyttar naturen i nærmiljø i stor grad. I tillegg har barnehagen samarbeid med Madland gard, og barna går på garden to dagar i veka. Utfordringane i uteområdet er å halde grus og steinar vekke frå asfalterte områder.

### 2) Inne miljøet

Barnehagen har eit svært godt innemiljø, det fungerer bra mellom anna i høve til støy, lys, og ergonomi. Utfordring er knytt til det største kjøkkenet. Dette fungerer tidvis dårleg, då det har for liten kapasitet til å lage mat til nærmare 50 barn. Det er ønskjeleg å utbetre kjøkken, med mellom anna to komfyrar og fleire skap.

### 3) Behovsanalyse for utstyr

Barnehagen er bra utstyrt når det gjeld leiker og aktivitetsmateriell.
Det er og viktig å erstatte øydelagt/utslite utstyr/leker kvart år

# STATUS DRIFT

## Barnehageplassar

### 1) Barnehageplassar, dekningsgrad

Barnehagen har eit totalt leike og opphaldsareal på 774 m2. Det er garderobeplassar for 15+16 barn under 3 år, og 24+36 for barn over 3 år. Totalt 31 plasser for barn under 3 år og 60 for barn over. I følgje vedtektene for barnehagen er arealnorma for barn under 3 år 6m2, og for barn over 3 år, 4 m2
Barnehagen har i dag 80 barn i barnehagen. Vi har framleis nokre ledige plassar, men dersom talet på søkarar aukar til 91 barn, vil barnehagen ha for få garderobeplassar.

## Oversikt over barn i barnehagen

### Barnehagen har 4 basar, med aldersinndelte grupper:

| **Barnetal totalt i barnehagen (des12)** | | |
|---|---|---|
| Base | Født | Tal på barn |
| Blå Base | 2011 | 9 |
| Gul Base | 2010 | 17 |
| Rød Base | 2009/2008 | 32 |
| Grøn Base | 2007 | 21 |
| Totalt | | 79 |

*Merk at desse tala  varierer frå vår - til hausthalvår*

### Statistikk av barnehagedekninga dei siste åra:

| | Barn under 3 år | Barn over 3 år | Totalt |
|---|---|---|---|
| 2006 | 21 | 49 | 70 |
| 2007 | 17 | 59 | 76 |
| 2008 | 24 | 49 | 73 |
| 2009 | 23 | 47 | 70 |
| 2010 | 24 | 44 | 68 |
| 2011 | 26 | 47 | 73 |
| 2012 | 26 | 53 | 79 |

### <u>Opptak:</u>

Hovudopptaket 15. mars 12 fekk alle som søkte tilbod om plass, dei dagane det vart søkt om. Utover våren/sommaren kom det stadig fleire søknader, og barnehagen tok inn barna etterkvart. Alle barn som har søkt har søkt etter fristen for hovudopptaket, har fått plass, men alle har ikkje fått dei dagane det vart søkt om.
Det er berre barn busett i Forsand kommune som har fått plass, bortsett frå eit barn der ein forelder var rekruttert inn i stilling i kommunen. Desember 12 var det eit barn i barnehagen som var busett i anna kommune.

### 3. Foreldrebetaling

I dag er høgaste sats for foreldrebetaling 2330 kroner i månaden, vi ligg innanfor maksimalprisen. Foreldra betaler i tillegg matpengar, 258 kroner i månaden for full plass. Barna får frukost, lunsj og ettermiddagsmåltid i barnehagen.
Vi har inntektsgradert foreldrebetaling i barnehagen. Søskenmoderasjon er 50% for barn nr 2, og 75% for barn nr.3

### 2) Spesialundervisning etter § 5-7 i Opplæringslova

### <u>Førebyggjande arbeid, tidleg innsats (Ressurspedagog)</u>

Frå aug. 07 har vi hatt ein førskulelærar som har ansvar for barn med spesielle behov (Ressurspedagog) Dette vert gjort både for å få best mogleg kvalitet på tilbodet til barna, samstundes vert kostnadane noko mindre enn dei ville vore dersom vi kjøpte tenesta frå Strand kommune slik praksis var tidlegare.

Oversikt over barn med særlege behov 2012 (frå august 2012):

| Barn som får ekstra ressursar | Spesialpedagogiske timar | Ekstra ressursar, miljøarb/assistent |
|---|---|---|
| barn mellom 3-6 år | t-timar pr veke | |
| 1 barn mellom 3-6 år | | 20 timar pr veke |

Alle barna som har ekstra ressursar/spespedtimar har fått tildelt ressursane ut frå tilråding frå PP-tenesta.
Ei barnegruppe har ekstra bemanning pga av gruppas samansetning, som eit førebyggjande tiltak, tidleg innsats

**Ressurspedagog i barnehagen**:

- Ressurspedagogen går tidleg inn og kartlegg barna saman med pedagogisk leiar.
- Medan barna blir oppmeldt til PPT, arbeider ressurspedagogen med barna og deira problem, og barnehagen kjem på den måten svært tidleg inn med hjelpetiltak
- Ressurspedagogen har oversikt og kjennskap til barnehagens pedagogiske verktøy og legge til rette for at personalet i barnehagen kan ta i bruk dei ulike opplegga ved rettleiing.

## Bemanning

Barnehagen følgjer norma om 3 barn under tre år pr. vaksen, og 6 barn over tre år pr. vaksen, noko som er vanleg i kommunale barnehagar. Det er likevel fleire dagar i veka vi har fleire barn enn norma i høve til vaksne. I følgje Barnehagelova er pedagognorma inntil 9 barn under 3 og inntil 18 barn over 3 år pr pedagog. Barnehagen ligg innanfor denne norma, men pga av auke i barnetalet, ser vi det nødvendig å auke med ei pedagogstilling frå hausten 2013.

## Oversikt over personalsituasjonen

Barnehagen har 8 stillingar som førskulelærar.

| Stilling | Talet på stillingar | Førskulelærar | Fagarbeidar | Anna utdanning |
|---|---|---|---|---|
| Styrar | 1 | 1 | | |
| Sekretær | 0,2 | | | |
| Pedagogisk leiar/pedagog | 6 | 5 | 1 | |
| Ressurspedagog | 1 | 1 | | |
| Miljøarbeidar | 1 | | | 1 |
| Fagarbeidarar/assistentar | 14 | | 12 | 2 |
| Stillingar med dispensasjon frå utdanningskravet | 1 | | | |

Hausten 2012 hadde barnehagen ein førskulelærarar i permisjon. Det var ein fagarbeidar som var konstituert i denne stillinga. Det er fleire pedagogar som har permisjon i delar av stillinga, desse permisjonane er ikkje dekka opp av førskulelærar.

## 4. Resultatvurderingar

## Pedagogisk utvikling

Etter at vi starta opp i den nye barnehagen har personalet saman utvikla barnehagen sin pedagogikk, der fokus har vore barns medverknad, fysisk fostring og sosial kompetanse. Vi har arbeidd mykje med endra struktur og organisering frå avdelingsbarnehage til basebarnehage. Vi har og hatt fokus på vaksenrolla i barnehagen, for å kunne utvikle ei felles pedagogisk plattform, og gjere kvar enkelt i personalgruppa trygge i rolla.

## Barnegruppene:

Det har dei siste 5 åra vore ei auke i talet på barn som har behov for ekstra oppfølging. Barnehagen har arbeidd målretta og brukt ekstra ressursar for å førebyggje og sette inn tiltak så tidleg som mogleg. Det kan sjå ut som om denne utviklinga held fram, med barn og familiar som har behov for ulik støtte og hjelp.
Barnehagen arbeider målretta med ulike tiltak for å førebyggje og hjelpe barn og familiar som har behov for støtte.

- 2011 gjekk fleire tilsette frå kommunen på kurs for å bli rettleiarar i ICDP. Dette er eit lågterskel tilbod som rettar seg mot alle føresette. 2 tilsette frå barnehagen hadde våren 2012 og våren 2013 ICDP kurset for føresette til barn i førskulealder.
- Ressurspedagog. Stillinga som ressurspedagog er vurdert som viktig i høve til barn med spesielle behov
- Utvikling av vaksenrolla. Kontinuerleg arbeid med vaksenrolla i barnehagen for å kunne møte barn og føresette på best mogleg måte. Arbeidsmåtane er ein kombinasjon mellom interne oppgåver/drøftingar i personalgruppa, og felles kurs for tilsette.

### Naturgruppe

Hausten 2012 starta barnehagen eit forsøk med naturgruppe. Det var eit tilbod til 12 barn i alderen 4-5 år. Tre dagar i veka, mellom 09.00-14.00, var barnegruppa ute i naturen. Barnehagen planelegg å vidareføre naturgruppa.

## 5. Utfordringar for 2013

### Satsingsområder:

Forsand, Rennesøy, Hjelmeland, Finnøy og Strand kommune er saman om eit pedagogisk program kalla ”Være saman”. Programmet har som hovudmål å heve kompetansen hos alle tilsette i barnehagane. Programmet inneheld, forutan teori og opplegg for dei tilsette, ei pakke med materiell som skal nyttast saman med barna, samt ei ”foreldrepakke” som skal nyttast til tema på foreldremøter og i rettleiing av føresette. Barnehagen vil ha hovudfokus på dette programmet i 2013.

### Personalressursene:

Barnehagen har dessverre ingen mannlege tilsette, noko som er ønskjeleg å ha. Utfordringa er å få mannlege søkarar når vi lyser ut stillingar. Det var i 2012 ingen mannlege søkarar, med utdanning eller erfaring innan barnehage, på ledige stillingar i barnehagen.

### Sjukefråver

Barnehagen hadde i 2012 eit relativt høgt sjukefråvær. Det er fleire tilsette med lengre periodar sjukefråvere som forklarar det meste av fråveret. Barnehagen har følgt opp den enkelte arbeidstakar.

### Budsjett for 2013

Barnehagen sitt budsjett for 2013 er 10.516.000 kroner.
Dersom barnetalet ikkje aukar i 2013, og barnehagen ikkje får nye barn med omfattande behov for spesialpedagogisk hjelp, vil barnehagen klare budsjettramma. Utfordringane vil komme dersom det blir auke i talet på søknader. Barn som fyller 1 år innan september 2012, har rett på barnehageplass, likeeins har barn med spesielle behov rett på tilrettelagt pedagogisk tilbod, etter Opplæringslova. Det er mogleg innanfor ramma for 2013 å tilsetje ein pedagog, dersom det er behov. Barnehagen kan då utvide talet på barnehageplassar med 6 barn over tre år eller 3 barn under tre år.

Terje Nysted
rådmann

**ÅRSMELDING 2012 – SEKSJON SKULE**

**Økonomi**
Seksjon skule hadde i 2012 eit mindreforbruk på kr 55.874 i høve til revidert budsjett på kr 23.752.000. Skuleskyss og vaksenopplæringa vart litt mindre omfattande enn budsjettert med. ATO har fått tilført midlar for å ta høgde for dobling av elevtalet hausten 2012 (teke av skulen si ramme). Kulturskulen hadde att litt pengar på si ramme, medan grunnskuledelen gjekk ut over si ramme. Til saman altså eit lite mindreforbruk.

Forsand brukar mykje pengar på skule, men me har littlågare utgifter enn kommunar i samanliknbar gruppe. Utgifter til skuleskyss er høge og mange elevar har krav på tilbod om skyss.

| Kostratal: | Forsand kommune | Samaliknbar kommunegruppe | Landet |
|---|---|---|---|
| Netto driftsutg til gr.skulesektor pr innb. 6-15 år | 147.576 kr | 149.793 kr | 97.534 kr |
| Utgifter til skuleskyss pr innbyggjar 6-15 år | 2.545 kr | 1.762 kr | 1.841 kr |
| Tal på elevar som får tilbod om skuleskyss | 54,5% | 27,9% | 22,4% |

**Tenesteproduksjon**
Skulen skal gi elevane eit opplæringstilbod som er tilfredsstillande. Også i år har det vore viktig at vaksentettleiken er stor nok til å kunna gi tilpassa opplæring til elevane. Det har vore viktig å arbeide med å skape godt arbeidsmiljø, slik at elevar kan trivast og ha motivasjon for læring. Det har også vore viktig at personalet trivst og ynskjer å halda fram i jobbane sine.

Tal på born i skulen:

| 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|---|---|---|---|
| 189 | 194 | 182 | 189 |

Skulen hadde 21,9 årsverk til undervisning og 1,2 årsverk til undervisningsrelaterte oppgåver (inkludert IKT 0,5 årsverk, spes.ped. 0,5, rådgjevar 0,2 årsverk). Sos.ped 0,4 årsverk har stått i vakans.
Me hadde 3,2 årsverk for barne- og ungdomsarbeidarar. I tillegg har 0,5 BUA-årsverk stått i vakans.

Satsingsområdet for skulen var lesing, slik som i fjor og forfjor. Me har også halde fram med skuleutviklingsprosjekt med fokus på klasseleiing og pedagogisk leiing. Felles standard for Forsand skule i god klasseleiing er innført, dvs opplæring i ti kollektive

ferdigheiter for tryggleik, trivsel og læring i alle klassar. Læringsmiljøgruppa (inspektør, helsesyster og rektor) følgjer opp utviklinga.

Leksehjelp har vore tilbod til elevar i 1.-4. klasse. 20 elevar har delteke.

SFO
35 born deltok og tilsette i 0,72 årsverk (inkludert i talet for BUA ovanfor). Av desse har me 0,45 årsverk med godkjent fagbrev, 0,30 årsverk er anna personale.

| Kostratal: | Forsand kommune | Samaliknbar kommunegruppe | Landet |
|---|---|---|---|
| Elevar i SFO | 47,1% | 66% | 60,5% |
| 100% plass i SFO | 30,3% | 58,8% | 56,8% |

Forsand har låg prosentdel av fulltidsplassar i SFO, og det kan koma av at mange føresette vel å vera heime med barn onsdagar når småskulen har fri.

ATO
ATO hadde 4,6 årsverk om hausten og 0,6 årsverk på leiar (3,6 året før, inkludert 0,6 årsverk på leiar). Det er 4 elevar (to i fjor).

Kulturskulen
Kulturskulen hadde 128 betalande elevar i alderen 2 år (barnehagen) og opp til 50+. 7 elevar står på venteliste. Personalet på 5 personar utgjer 2,375 årsverk. I tillegg kjem administrasjonsressursen på 0,35 årsverk.

**Resultatvurdering**
Elevane våre har fått eit tilfredsstillande opplæringstilbod. Fordi me har god grunnbemanning, greidde me å gi tilpassa undervisning i det ordinære opplegget til ein del av elevane med spesielle behov.

Trivselen var god, noko som vart stadfesta i Olweus-undersøkinga i desember og Elevundersøkinga om våren. (Olweus: Trivsel på mellomtrinnet: 0% på dårleg, 0% på svært dårleg, verken god eller dårleg 19,3%, god 59,6%, svært god 21,1%. Trivsel på ungd.trinnet: 0% på dårleg, 4,3% på svært dårleg, verken god eller dårleg 12,8%, god 63,8% og svært god 19,1%. Elevundersøkinga: Svært god/god trivsel: 77%, litt god trivsel: 23%).

Kostratal:

| **Spesial-undervisning** | Forsand kommune | Samaliknbar kommunegruppe | Landet |
|---|---|---|---|
| 1.-4. klasse | 6,9% | 7,7% | 5,6% |
| 5.-7. klasse | 14,8% | 14,0% | 9,8% |
| 8.-10. klasse | 8,9% | 12,4% | 11,1% |

Overordna prinsipp for spesialundervisning er å setja inn tiltak tidleg. I Forsand har prosenten på 1.-4. klasse stige litt, sjølv om me framleis greier å gi noko ekstra hjelp i det ordinære opplegget. Målet er at prosentdelen som får spesialundervisning skal minka på mellom- og ungdomstrinn.

Nasjonale prøver viste at lesedugleiken hos elevane våre gjekk tilbake i forhold til førre år, dette til trass for at me har hatt stort fokus på lesing. Med så små elevgrupper som me har vil tala kunna variera ganske mykje frå år til år.
Bruk av kartleggingsverktøyet SOL er til god hjelp til meir systematisk arbeid med leseopplæringa på alle årstrinn.

Anti-mobbearbeidet er systematisert og føregår etter Handlingsplan for godt skulemiljø. Etter kursrekkje i god klasseleiing frå Senter for Adferdsforskning (SAF) har skulen halde fram med sterkt fokus på klasseleiing og utarbeidd ein felles standard for dette. Me har arbeidd etter Felles standard for Forsand – god klasseleiing (10 kollektive ferdigheiter for tryggleik, trivsel og læring i alle klassar). Felles standard gjer at me vil arbeida oss fram til tilnærma same praksis i alle klassar.

Skulen har arbeidd med å få til større elevmedverknad. Elevundersøkinga viser om lag same resultat som i fjor, som var ei forbetring i høve til 2010.
Elevundersøkinga 2012 viste at elevar meiner skulen lyttar til forslaga til elevane: 70% svarte ja (75% i 2011), 29% svarte sjeldan/aldri (25% i 2011). Skulen vil halda fram arbeidet med elevmedverknad. Me har lagt til rette for at elevrådet har møte kvar månad og får fleire saker til uttale.

Kulturskulen har gitt eit godt tilbod, men har ikkje hatt plass til alle som ønskte det.

**Utfordringar**

- Å få bukt med mobbing
  Anti-mobbearbeidet må fortsetja med stor tyngde. Arbeidet skal heile tida vera systematisk og etter gjeldande plan. Godt skule-heim-samarbeid er viktig.

- Å auka læringsutbyttet for elevane generelt samt få betra lese- og reknedugleiken
  Ein må framleis ha fokus på lesing. Mengdetrening er viktig, også heime. Ein må også fokusera på, og systematisera, opplæringa i matematikk.

- Å få implementert Felles standard for god klasseleiing i alle klassar, slik at dei 10 kollektive ferdigheitene for tryggleik, trivsel og læring er på plass i alle klassar i alle timar.

15.03.2013
Ingunn Varhaug, Seksjonsleiar skule

Vedlegg: Årsmelding frå kulturskulen (for siste gong under skulen)

**Årsmelding for Forsand kulturskule 2012**

**Kulturskulen hadde i 2012:**
128 betalande elevar (GSI for hausten 2012) i alderen 2 år (barnehagen) og opp til 50 +.

Skulen har eit samla personale på 5 personar som utgjer 237,50 % i årsverk (GSI for hausten 2012), her er ikkje administrasjonsressursen teke med, denne utgjer 35 %.

Hausten 2012 hadde me og 7 elevar på venteliste (4 gitar, 2 piano og 1 song).

**Kulturskulen hadde desse arrangementa i 2012:**

- 4. feb.: Låtskrivarseminar og konsert m/ Hanne Sørvaag i Torghuset, Jørpeland. Saman med Strand kulturskule.
- 14. mars: Konsert m/ høgdepunkt frå ulike musikalar.
- 20. mars: Dramaforestilling og ustilling frå kortkurs bilde/keramikk
- 25. sep.: Dramaforestillingar
- 23. okt.: FN-konsert
- 24. okt.: Konsert med country-/rootssongar
- 13. nov.: Forestillingar med ungdomsteateret
- 3. des.: Julekonsert Kor Kult.
- 11. des.: Dramaforestillingar
- 13. des.: Lucia-konsert i Forsand kyrkje.
- 18. des.: Dramaforestillingar

**Tilsette**
Skulen har eit samla personale på 5 personar som utgjer 237,50 % i årsverk (GSI for hausten 2012), her er ikkje administrasjonsressursen teke med, denne utgjer 35 %.

**Tilbod**
I 2012 har me hatt fylgjande tilbod:
- Song
- Piano
- Gitar
- Slagverk
- Band (hausten 2012)
- Lydteknikk (hausten 2012)
- Den Grøne Grisen
- Drama/Ungdomsteater
- KorKult

**Brukarundersøkinga (våren 2012)**

Som fylgje av burkarundersøkinga 2012 sette kulturskulen i gong fylgjande tiltak:

- Kontinuerleg arbeid med å knytte til seg vikarar som kan steppe inn ved sjukdom
- Oppretthalde verksemda med konsertar og syte for at alle får ha minst ein konsert i halvåret der dei får vist kva dei har arbeida med.
- Nettsida: Kulturskulen har fått si eigen nettside som skal lanserast hausten 2013. Her ynskjer me å jobbe aktivt for at den er oppdatert til ein kvar tid.
- Elevane kjenner tilhøyr i kulturskulen: Me vil arbeide for at me får synleggjort oss betre via nettet og PR for våre arrangementar.
- Påverka mål for eiga undervisning: Her har me innført eit lite skjema kalla «skjema for brukarmedverknad» kor ein i forkant av eit skuleår/semester kan gå igjennom med eleven kva han/ho ser for seg eller ynskjer å lære det komande skuleåret.

**Resultat**
I 2012 hadde me få avlyste timar av di me var gode på å få inn vikarar.

Oppgåvene elles har vore gjennomført som normalt. (Sjå og pkt om brukarundersøking).

**Utfordringar**
Vikarar/ lærarar: Det er ein utfordring å få kalla inn vikarar kvar gong det trengs, med tanke på kor Forsand er på kartet, og at undervisninga vår er spreidd utover fleire dagar i veka. Det vil nok og i framtida være utfordringar med å få inn lærarar med naudsynt kompetanse til ein kvar tid. Me går gjerne inn i eit samarbeide med skulen på Forsand og/eller Strand kulturskule.

Elevtalet og lærarressursar: Viss elevtalet stig dei neste 3-4 åra, og me til dømes må ha inn fleire lærarar, vil me kunne få utfordringar med dei lokala me har. Det vil ikkje være plass til at 4 lærarar underviser samstundes den same dagen. Me har og eit lite kontor som deles mellom 3-4 personar. Det vil være særs gunstig for kulturskulens utvikling viss ein bygde ut med fleire øvingsrom, kontor til tilsette etc. i neste byggjetrinn.

SFO og gratis kulturskuletime: Regjeringa har bestemd at kulturskulane i landet skal innføre 1 time gratis tilbod med kulturskule i tilknyting til SFO frå hausten 2013 av. Forsand har då blitt tildelt 26.000,- for hausten 2013 (5 mnd) og 52.000,- for heile 2014. Her ser me klare utfordringar knytt til økonomi, og at stillingsressursen vert veldig liten. Me må og sjå at pengane faktisk kjem inn i budsjettet før me kan arbeide dette tilbodet.

For Forsand kulturskule

Forsand 15.3.2013.

Anders Berglund
--------- Leiar ----------

# Forsand kommune

Seksjon pleie og omsorg

| Saksbeh | Ref. | Arkivkode | Dato: |
|---|---|---|---|
| Grete Strømsmo | 12/951-5 | /K1-210, K1-004, K3-&14 | 15.02.2013 |

# Årsmelding for pleie- og omsorgsseksjonen 2012

## 1. REKNESKAP 2012

| **PLO 2012** | Hele tusen | Hele tusen |
|---|---|---|
| **Teneste 270** | **Regnskap** | **Budsjett** |
| 270 -2347 Fotpleie | 58 | 86 |
| 270 -2416 Ergoterapi | 261 | 334 |
| 270 -2530 Vaskeritenestar | 520 | 518 |
| 270- 2532 Kjøkkenteneste | 1 669 | 1 360 |
| 270 -2550 Medfinansiering | 989 | 1 347 |
| 270- div føringar | 94 | 0 |
| **Samla 270** | **3 591** | **3 643** |
| **Teneste 271** | | |
| 271 -2531 Institusjonsteneste Gr 1 | 9 112 | 6 357 |
| 271 -2540 Heimesjukepleie | 3 779 | 4 829 |
| 271- 2541 Heimehjelp | 1 936 | 2 455 |
| **Samla 271** | **14 826** | **13 641** |
| **Teneste 272** | | |
| 2531 Institusjonsteneste Gr 2 | 5 069 | 5 416 |
| | | |
| **Totalt for PLO** | **23 487** | **22 700** |
| **Differanse/overforbruk** | **- 787** | |

| **Samla utgift og inntekt for heile PLO 2012** | **Regnskap** | **Budsjett** |
|---|---|---|
| Utgifter | 27 475 | 25 040 |
| Inntekter | -3 988 | -2 340 |

Regnskapet syner eit overforbruk på 787 000 kr.
Det er mange faktorar som gjer at resultatet blir slik. Grovt sett kan ein sei at:

Utgifter:

- Større lønsutbetalingar pga vikar for sjukefråver, svangerskap og ekstravaktar pga tenestemotakarar med stort hjelpebehov. Samt overtid på knapt 400 000 kr, som delvis var som "gulrot" for fast tilsette for å dekke tilstrekkelig bemanning på sommaren.
- Utgpkt lønn budsjettert for 2012 er 11 481 700 (utan sosial utg). Dette inkl 4% lønnsauke som blei satt som ramme for budsjettet. Lokalt og sentralt oppgjer ligg på 5,35 % dvs 250 000 kr meir. Når ulempetillegg og sosial utg som pensjon og arbeidsgivaravgift blir lagt til, utgjer det godt og vel 400 000 kr.

Inntekter:
- Refusjon for sjukefråver og svangerskap enn budsjettert (heng saman med auka utgift).
- Betre inntekter til dei som bur i institusjon som gjer betre vederlag, jfr jamt godt belegg heile året.
- Ca 267 000 som "rest" etter rammeoverføring samhandlingsreformen, jfr pkt under.

Underteikna rapporterte allereie i mars at det ville vera særs vanskelig å halde ramma. Nær jul var det rapportert ca 1 mill i overforbruk slik at dette blei noko betre pga at det blei refundert pensjonsinnbetaling.

Budsjettet er delt opp etter teneste. Enkelte tenestar "flyt inn i kvarandre" slik som det er i ansvar 271 som inkluderer institusjonsteneste, heimesjukepleie og heimehjelp.

For ramma "medfinasiering" har 952 888 kr gått til delfinansiering til Helse Stavanger.
Vi har brukt 128 000 til utskrivingsklare (a 4000 kr) og for 2 rehabiliteringsopphold i Hjelmeland. Dei gongar vi har valt å behalda utskrivingsklar pasient på sjukehuset framfor å ta vedkommande heim av faglige årsakar.
Totalt har vi brukt 1 080 888 kr av rammeoverføringa. Sånn sett har Forsand kome greitt ut av den økonomiske omlegginga.

# 2. TENESTEPRODUKSJON

## 2.1 STATISTIKK TENESTEPRODUKSJON

**Oversikt sjukeheimsavdelingane ( Gr. 1 (7 plassar) og Gr. 2 (7 plassar)) :**

| | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Liggedøgn | 4.353/85% | 3746/73% | 3457/67% | 3563/70% | 4940/97% | 4439/86,63% |
| Antall plassar | 14 | 14 | 14 | 14 | 14 | 14 |
| Brukarar pr. 31 | 10 | 9 | 9 | 9 | 14 | 12 |

Det er eit variabelt belegg i avdelingane. For skjerma eining her det vore stabilt fullt. For somatisk avdeling er det meir variabelt. Og vi har kjøpt rehabiliteringstenestar for 2 pasientar i Hjelmeland da det var fullt i begge avdelinga i ein periode. Det som ikkje kjem fram i denne statistikken er pleietyngde/hjelpeomfanget til bebuararne.

Dekningsgrad: Antall plassar/einingar(institusjon og bustadar) til dei over 80 år (80+)

| | Antall innbyggarar utgang 2012 | Personar 80+ År 2012 | Antal plassar | Dekningsgrad |
|---|---|---|---|---|
| Forsand kommune | 1221 | 60 | 34* | 56,7% |

* vi har i tillegg 6 trygdebustader. Om dei også vert tatt med i dekningsgraden, har vi heile 67%

I kva grad det er tilstrekkelig med plassar i framskriving?

Framskriving av antall eldre:

| Antall 80 + | 2030 | Dekningsgrad med dei plassar vi har i dag(utan trygdebustadar |
|---|---|---|
| I hht SSB; sterk aldring | 90 | 37,77 % |
| I hht SSB; svak aldring | 77 | 44 % |

**Oversikt heimehjelp/heimesjukepleie ( antall som får hjelp):**

| | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Heimehjelp | 32 | 43 | 42 | 30 | 29 | 31 | 35 | 31 |
| Heimesjukepleie | 21 | 16 | 31 | 29 | 32 | 30 | 44 | 34 |

Dette er ei gruppe med tenestemottakarar som kan variere veldig i hjelpebehov og antall. Det er difor komplisert å sei noko om kor mykje ressursar dette krev. Det måtte i så fall vera ei samanstilling av IPLOS (Individbasert PleieogOmosorgsStatistikk).

**Kjøkkenet:**
Det totale antall middagar pr år knapt 13 000 porsjoner.
Kvelds- og frukostmåltider er ca 8700.

**Ergoterapi:**
Ergoterapitenesta er særs viktig med tanke på det som skjer innan førebygging, jfr Samhandlingsreforma.

**Vaskeri:**
Vaskar uniformar til personalet, alt av pasienttøy til institusjonsbebuarar og privattøy til bebuarar. Vaskeriet har vore ganske sprengt på kapasietet.

**Tryggleiksalam:**
Det er 23 brukarar av tryggleiksalarm.

**Fotpleie:**
Har stabilt antall brukarar, effektiv drift.

## 2.2 STATUS PERSONELL

**Personale**
Registrering pr 31.12.11(personale i permisjon kor stillinga ikkje er tilsatt av vikar helt eller delvis er ikkje telt med) Her er berre dei som er i aktiv tenesteproduksjon.

| | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Sum | 34,75 | 35,14 | 33,90 | 28,92 | 26,78 | 28,63 | 28,61 |

**Kommentarar:**
Det har vore eit betydelig større belegg i institusjon med bebuarar som krev mykje medisinsk oppfyljing og faglig kompetanse. Vi var litt ”bakpå” ein lengre periode i 2011 med kombinasjon av høgt belegg med krevjande pleie, mange sjukemeldte og få vikarar. Det blei tilsett 100% sjukepleiar.

### 2.3 SJUKEFRÅVER

| 2003 | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 8,78 | 7,38 | 4,8 | 5,31 | 5,23 | 6,0 | 7,1 | 4,07 | 10,7 | 9,7 |

Pleie og omsorgstenesta er den tenesta i kommunane som tradisjonelt har høgt sjukefråvær. Året 2010 var heilt spesielt bra. I løpet av 2011 fekk vi auka sjukefråver pga skadar og operasjonar. På same tid hadde vi få vikarar og i tillegg tenestemottakarar som har krevd mykje. Dette har fortsett inn i 2012. Tilsetting av 100% sjukepleiar har bidratt postitivt. Markedet er skikkelig utfordrande mtp på vikarar. Problemet er gjennomgåande i både helseføretak og kommunal omsorgsteneste.

## 3. MÅLSETTING FOR ARBEIDET OG RESULTATVURDERING.

Pleie- og omosorgsseksjonen har utarbeidd ei felles målsetting:

*"Me gjer kvarandre gode-gjennom tryggleik og romslighet gir me heilhetlig omsorg".*

Det har vore brukarundersøking i 2012 der det er gode resultat stort sett på alle spørsmål. Vi har plukka ut oppgåver som skal forbetrast, bla skal det lagast identitetskort til personalet slik at brukarar er trygg på at det er tilsett som kjem på besøk.

Det at vi har etablerte balansegruppar er ein fordel når vi skal ha eit større fokus på førebygging og kvardagsrehabilitering, jfr samhandlingsreforma.

Vi har jobba med arbeidsmiljøet ila 2012, då det har vore fleire ting som har vore påvist behov for å jobba videre med. Dette vert vidareført i 2013.

## 4. KOSTRATALL

| **ÅRET 2011** | Hjelmeland 2011 | Strand 2011 | Sirdal 2011 | Forsand 2011 |
|---|---|---|---|---|
| Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgtjenesten | 17 734 | 12 475 | 27 903 | 29 690 |
| Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner) | 169 907 | 243 907 | 176 695 | 80 679 |
| Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass | 965 900 | 1 099 442 | 935 756 | 1 417 571 |

| **ÅRET 2012** | Hjelmeland **2012** | Strand **2012** | Sirdal **2012** | Forsand **2012** |
|---|---|---|---|---|
| Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgtjenesten | 18 370 | 13 284 | 28 771 | 33 293 |
| Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner) | 201 690 | 263 264 | 174 271 | 76 468 |
| Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass | 918 951 | 1 153 930 | 989 537 | 1 802 571 |

Av dei valte kommunar ligg fortsatt Forsand høgst på netto driftsutgifter pr innbyggar. Frå året 2010 var det same differanse som var parallellforskjøven til 2011. Det kan ein ikkje sjå frå 2011 til 2012.
Det som ikkje er lett å forklare er det gedigne hopp på korrigerte brutto driftsutgifter institusjon pr plass. Vi har hatt ressurskrevjande brukar, men det skal ikke gje eit slikt gjennomsnittlig høgt tall. Her kan det vera noko med innrapportering då det jo har gått noko ned på mottakar i heimetenestrar.

## 5. UTFORDRINGAR FRAMOVER

Utfordringane ligg ikkje på antall plasser, men på rekruttering av tilstrekkelig kvalifisert arbeidskraft. Det gjeld både dei som skal inn i faste stillingar og vikariatar, men også ringevikarar. Det er ikkje slik at kommunane løysar det med å sett opp lønna, det er berre med på å flytte på det personellet som er mobil.

Så er det førebyggjande perspektiv i samhandlingsreforma ei utfordring. Skal vi klare det aleine som kommune, eller skal vi jobbe interkommunalt?

Etter eitt år med nye reglar for utskriving frå sjukehus har vi mestra det greitt. Vi har kjøpt 2 opphald for rehablilitering i Hjelmeland.
Reint økonomisk kom vi greitt ut som kommune.

## 6. ÅRSMELDING RAKEL NYGÅRDS FOND.

| | |
|---|---|
| I 2012 var det fyljande styre: | Per Søiland frå Eldrerådet |
| | Inge Håvard Aarskog, politisk representant |
| | Grete Strømsmo, pleie- og omsorgsleiar |
| Tiltak 2012: | Utgiftsdekning til ”torsdagskaffen” i nystova. |
| | Overraskelsesmiddag til damene som arrangerer torsdagskaffen. |
| | Blomer til jul til bebuarar i institusjon og omsorgsbustad. |
| | Avsetting av 15000 kr til uteplass, overført til 2013. |
| Saldo pr 31.12.12 | 1 289 920 kr |
| Renter ila 2012: | 39 080 kr |

Forsand mars 2013

Grete Strømsmo
Seksjonsleiar pleie- og omsorg

# Forsand kommune

Rådmannen

| Saksbeh | Ref. | Arkivkode | Dato: |
|---|---|---|---|
| Årstein Løland | 12/951-11 | /K1-210, K1-004, K3-&14 | 07.03.2013 |

## Årsmelding for 2012 - seksjon teknisk.

### Generelt

Ein viser til rekneskapen for 2012 og legg med dette fram årsmelding for verksemda på seksjon teknisk.

Følgjande ansvarsområde inngår i seksjonen med følgjande budsjett- og rekneskap i 2012:

| | Budsjett 2012 | Rekneskap 2012 | Avvik |
|---|---|---|---|
| 300 – Teknisk sjef | 1.239 | 1.381 | -142 |
| 310 – Planavdeling | 1.890 | 1.555 | 335 |
| 311 – Byggesak | 503 | 209 | 294 |
| 312 – Jord og skog | 1.206 | 1.147 | 59 |
| 313 – Oppmåling og kalking | 449 | 343 | 106 |
| 330 – Eigedomsforvaltning | 12.088 | 11.505 | 583 |
| 331 – Kommunalteknikk | 4.065 | 4.247 | -182 |

Sum Budsjett 21.440 Rekneskap 20.386 Avvik 1.054

Rekneskapstala viser altså eit overskot/underforbruk på kr. 1.054.000,- sett i forhold til budsjettramma. Det reelle driftsresultatet er likevel eit overforbruk på ca kr.250.000,-i forhold til ramma på kr.21.440.000,- Bakgrunnen for dei ekstraordinære inntektene på kr.1.296.000,- er eit reint budsjetteknisk resultat etter rettsforliket med Agrando as. Reelt netto driftsresultat for seksjonen enda vel 1 % over ramma (kr.250.000,-). Ein ser då bort frå dei ekstraordinære inntektene jf Agrando as.

## Kommentarar til drifta:

Organisatorisk er seksjonen godt tilfreds med dei grep som vart tekne i 2012 etter at eigedomsforvaltar slutta i stillinga si. Ved ei betre utnytting av ressursane fekk me på plass felles merkantil funksjon samtidig som eigedomsforvaltar sine oppgåver vart delt på to eksisterande stillingar. Vidare ser me stor felles nytteverdi for seksjonen ved at det kom på plass geodata kompetanse. Dette er uvurderleg når me framover skal innføre digital plandialog og arbeide med digitale kartløysingar m.m. I tillegg har dette medført økonomiske innsparingar då me nå tek oppmålingsarbeid sjølve og slepp eksternt kjøp av tenesta.

I løpet av 2012 har me for alvor sett resultat av grepa som vart gjort for uteseksjonen i samband med drift/vedlikehald på kommunale bygg, vegar og anlegg. Det har vanka mange gode tilbakemeldingar gjennom året.

## Utfordring framover:

Å oppretthalde kompetanse over tid er den største utfordringa framover. Mulegheitene ligg i at arbeidstakarane **trivst og held seg friske og raske**! Då skal me takla det mesta om me elles er aldri så sårbare.  Me ser fram til å bygge vidare på dette laget med siktemål å verta endå betre.

Ein viser til avdelingane sine meldingar nedanfor.

### Planavdelinga Ansvar 310

Planavdelinga er tillagt ansvar for utarbeiding og handsaming av regulerings- og utbyggingsplanar, dispensasjonshandsaming, samt medverka til utarbeiding av overordna planar som områdeplanar, konsekvensanalysar, kommuneplanar etc.

Reguleringsplanar som er 1. gongs handsama og lagt ut til offentleg ettersyn:

Reguleringsplan Berge Bergevik – ny 1. gongs handsaming i to alternativ
Reguleringsplan fritidsbustader gbrnr. 9/2, Levik – ny 1. gangs handsaming
Reguleringsplan Myra – Gøysamyra – 1. gongs handsaming
Reguleringsplan Håheller – 1. gongs handsaming

Reguleringsplanar som er 2.gongs handsama i kommunestyret:

Reguleringsplan småbåthamn Levik – 2. gongs handsaming
Reguleringsplan for masseuttak Fossanmoen, del av gbrnr. 41/28 – 2. gongs handsaming
Reguleringsplan fritidsbustader gbrnr. 9/2, Levik -  2. gangs handsaming
Reguleringsplan Berge Bergevik – ny 2. gongs handsaming

Reguleringsplanar til klagehandsaming

Reguleringsplan Berge / Bergevik, - klagehandsaming
Reguleringsplan småbåthamn Levik - klagehandsaming
Detaljplan Bergebakkane – klagehandsaming

Årsresultat

Rekneskapen for 2012 gikk i balanse.

Fokus i 2013:

Avdelinga har gjennom fleire år mangla kompetanse på digitalisering av planar og oppdatering av digitale kart og må kjøpa desse tenestene. Frå januar 2012 har seksjon teknisk tilsett kartkompetanse som også kan stå for intern opplæring i kartprogram og digitalisering. Planavdelinga vil i løpet av 1. halvår 2013 innføre digital plandialog innafor smartkommunesamarbeidet. Det vil sei at planar med tilhøyrande dokument vil bli lagt ut til høyring gjennom kartportalen og merknader kan sendast direkte via denne.

Det vil være heilt nødvendig i åra framover å ha eit større fokus på kart og nykartlegging, digitalisering av planar, kompetanseheving innan data og digitale kartprogram.

**Byggesak Ansvar 311**

Budsjett:
Budsjettet for 2012 var i utgangspunktet på 503.000,-. Reelt for heile budsjettåret blei summen 208.618,- kr. Dette skyldast i hovudsak ein del refusjon av sjukepengar og noko høgare gebyrinntekter.

Volum:
Det har i 2012 vært handsama ca 100 byggesaker. Dette er noko mindre enn tidlegare år. Ein del av årsaken til dette er lengre tids sjukemelding. Det har heller ikkje vore like mange byggesaker å handsame i 2012.

Utfordringar:
- Ei forventa stor saksmengd med tanke på nye bustadfelt.
- Stadig endringar i lovverk med påfølgande krav om oppdatert kompetanse.

**JORDBRUK 2012 Ansvar 312**
Økonomi
Landbrukskontoret har i fleire år klart å leva opp til rådmannen sine sparekrav. År 2012 visar resultatet ei innsparing på 23,5 % forhold til budsjett og 36 % i forhold til resultat år 2011.
Kr 150.000 som er dobbeltført statstilskot for «Porten til heia» i Lysebotn er trekt ifrå.
I tillegg manglar kontoret ei overføring frå konto for grendautvalget i Lysebotn.
Landbrukskontoret har finansierat prosjekt «Porten til heia» med totalt kr 511.833. Av dette skulle kr 176.833 ha blitt overført som eigeninnsats frå grendautvalget sine midlar med kr 176.833 for år 2011 og 2012.

Skogbruksverksemda er heilt delt frå landbrukskontoret frå år 2010 og ikkje medrekna i dette resultatet. Skogbruksverksemda har forbruka kr 547.000 år 2012.

Landbrukskontoret sine gode tal kan forklarast ved auka fokus på kontorarbeid og minka tid til aktivt utviklingsarbeid i år 2012. Tilskot for forvaltning av verna område har opphørt i år 2011. Arbeidsinnsats for verna områder har i aukande grad blitt utført som kontorarbeid i stort sett utan reising. Tilskot til veterinærvakta er ikkje utbetalt år 2012. Utbetala lønn er 98 % av budsjettert.
Fortsett er det problem med dårleg kostnadskontroll, manglande faktureringsrutinar og feil i konteringsarbeid.

| Teneste (1.000 kr) | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| • 3252 Landbrukskontor | 607 | 471 | 515 | 726 | 799 | 773 | 809 | 852 | 774 |
| • 3255 Fiske, jakt og vilt | 12 | 22 | 22 | 28 | 22 | 6 | + 21 | 40 | 7 |
| • 3259 Skogbruk | 159 | 28 | 325 | 331 | 58 | 35 | 494 | 0 | 0 |
| • 3604 Verneområdar | 0 | 0 | 151 | 47 | 26 | - 7 | + 24 | 278 | + 31* |
| • 3605 Lysefjorden | 0 | 51 | 1 | 42 | 46 | -33 | 0 | 1 | 0 |
| Totalt | 778 | 572 | 1.014 | 1.174 | 927 | 774 | 1.258 | 1.170 | 750 |

Tenesteproduksjon

Landbrukskontoret har ei brei saksforvaltning med omsyn til mange ulike lovverk innafor jordbruk, kulturlandskap, bygdeutvikling, reiseliv, verneområder, vilt, fiske og miljø. Kontoret har ei stor mengde arbeidsoppgåver ved å rettleia bønder og andre bebuar som ønskjar assistanse eller tilskot for tiltak i bygdemiljøet. Tal tiltak med tilskot frå SMIL eller kraftfondsmidlar har auka i fleire år.

Landbrukskontoret skal arbeida for at oppretthalda og vidareutvikle eit livskraftig jordbruk i Forsand gjennom å utnytte lokale ressursar og sentrale tilskotsordningar. Forsand har klart å stå mot nedlegging av landbruk relativt godt. Det er i dag 62 aktive gardsbruk i kommunen. Men det er ei tendens til at mjølke-produksjonen konsentrerast til få bruk og til Jæren ved sal av mjølkekvoter og nedlegging. Det er og risiko for at bruk av heiområda for sauebeite vill minka i framtida. Tilskot utbetalt til beiting i verna område har minka i fleire år.

*  Korrigert for dobbeltføring av statstilskot med kr 150.000.
Ny regional landbruksplan, statleg landbruksmelding, gjødselforskrift, dyrevernlov, jakt-forskrift, naturmangfoldslov og vassdirektiv er eksempel på lovverk som kjem til å forandra vilkåra for landbruk og naturbruksforvaltning i de åra som kjem. Frå januar år 2013 skal søknad om produksjonstilskot (2 ggr per år) og regionalt miljøprogram (1 gong per år) leverast elektronisk. Dette er ei omstilling som på kort sikt gir meirarbeid men som på lenger sikt skal bli arbeidsbesparande.
Nokon få helikopter- og vannskootersøknad samt konsesjonssaker har vart svært arbeidskrevjande i fleire år.

Ny lokal forvaltning av verna område er oppstarta frå mars 2011. Dette har ført til meirarbeid og aukande byråkrati, men rutinane fungerar nå godt og sakshandsamingstid for motorferdselsaker er kort.

Landbrukskontoret har i 2012 fokusera tilsynsarbeid på tilskot til vedlikehald av stølsbygg og driveplikt og buplikt i medhald til jordlov, odelslov og konsesjonslov.
Resultatvurdering
Mål for forandring og utvikling av landbrukskontoret sine rutinar er ikkje oppnått i 2011. Tal saker er stort og handsamingstid i mange kompliserte saker er for lang. Digitale verktøy er ikkje i tilstrekkeleg bruk. Detta skuldast ei generelle auka av saker og nye oppgåver i forhold til forandra lovverk. Kvalitet i handsaminga av mange saker er lav.
Overtidsforbruket er aukande.

I løpet av år 2010-11 har landbrukskontoret søkt samarbeid med kulturseksjonen for å få avklart grenselinja mellom forskjellige ansvar og meir rasjonale bruk av tid og ressursar. Dette arbeid må vidareførast i år 2013.
Det har ikkje vart fungerande samarbeid mellom forvaltninga i Forsand og skogbrukssjefen i Strand kommune i løpet av år 2012.

Utfordringar

- Ny landbruksplan må ferdigstillast.
- SMIL-strategien skal omarbeidast
- Nye retningslinjer for kommunale tilskotsordningar til landbruket bør utarbeidast.
- Regulering av jordbrukssjefen sin stillingsomtale så at arbeidsmengda blir tilpassa det som er lovpålagt og det som er tildelt kommunale ressursar.

- Utvikling og utlegging av digitale skjema og verktøy så at brukarane kan gjera meir av arbeid sjølv må ferdigstillast (tenestekatalogen).
- Utvikling av samarbeid med nabokommunar, brukarorganisasjonar og politikarar for betre forståing av prioriteringar i landbruks-kontoret sit arbeid.
- Auka samarbeid med eksterna aktørar for å minka landbrukskontoret sin arbeidsmengde (RYCON, ECOFACT, konsulentar, rekneskapsfirma, Fylkeskommune m.fl.).
- Ressurs må avsettast for digitalisering av markslagskart, spreieareal, valdkart, viltforvaltning m.m. snarast. Lovpålagd digitalisering av viltforvaltninga er nå 1 år forsinka.
- Kommunal skogforvaltning og utviklingsarbeid skogbruk må gjenopprettast.

**Oppmåling/ feiing/kalking/ 3030/3380/3603 ansvar 313**

**Oppmåling** har fått 8 nye søknader i 2012 der det omfattar dispensasjon, oppretting av tomt, festetomt, innløysing av festetomt og grensepåvisning. Det er òg saker som ein har utsett grunna påvente av godkjente reguleringsplanar frå tidlegare år som har blitt arbeid med i 2012 som Bergebakkane. Fleire saker må behandlast i fleire omgangar før den er ferdig.
Retting i kartet blir det meir og meir av etter som folk i bygda fin " eigedomen" sin på nett og oppdagar kor grensene er satt. Dette er gratis teneste i kommunen. Merkar òg at vegleiing har tatt meir tid det siste året innan dette faget.
Grunna endringar i lovverk har det blitt mykje kurs og seminar i år òg for å kunna forvalta dette på best mulig måtte. Krava til matrikkelføringa er blitt strengare, endra og krev at ansvarleg myndigheit har god kompetanse på dette. Dette kjem innbyggarane til gode ved at dei kan få god vegleiing og svar på spørsmål innan områda som det er komme nye lovverk for og som stadig blir endra.
Økonomisk så er regnskapet for 2012 forbruk totalt på 318000,-. Det var totalt budsjettert for 449000,-. Oppmålingstenesta er tatt tilbake til seksjon teknisk ifrå Rycon AS i løpet av 2012. Kursutgifter er og høgre enn budsjettert men allikevel er totalen innafor det som var budsjettert for 2012.

**Feiing** blei i 2012 ufört av Brann og Fyringssikring i Sandnes som fekk kontrakt på dette i Forsand , Strand og Hjelmeland .Kommunen blei delt i 4 og det blir tatt ein del pr. år. Ein har brukt litt meir midler på opplæring, systemhjelp og feiing for 2012 som igjen har gitt overforbruk på 25000. Det er og komme inn mindre inntekter på avgift frå huseigarar då ein del nye hus ikkje har ovn/ pipe men bruker kun elektrisk oppvarming. Dette resulterer i at kommunen må gje fritak i slike saker.

**Kalking** av vassdraga er støtta av stat og fylke. I 2012 har ein mindre vedlikehalds - reperasjonar på anlegga. I 2012 fekk ein kjøpt nye pumper i Lyse då desse var gamle og slitne. Ein fekk ikkje tilskot frå Direktoratet i 2012 grunna fondet var så stort at ein fekk minka det ned litt. Det same gjaldt for helikopterkalking av fjellvatn der me ikkje fekk refundert alle utgifter for 2012. Me søker om midlar i 2013 så får ein sjå om direktoratet meiner at ein har minka ned fondet nok til at ein kan få tilført nye midlar.

**Eigedom Ansvar 330**

Nettotala 2012 var:

| | |
|---|---|
| Budsjett | kr. 12.088.000,- |
| Rekneskap | kr. 11.505.000,- |

Arbeidet til eigedom er definert av bokstavane FDVU. Forkortingane står for forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling. I tillegg kjem og personalansvar.
Største utfordringa for eigedom er og blir vedlikehaldet. Det er fleire tekniske anlegg som krev mykje, og det same gjeld bygningane, spesielt utvendig.

Eigedomsforvaltninga blei i juni 2012 delt. Personalansvar, forvaltning av eigedom og bygg blei lagt til ansvar 313 og drift og vedlikehald blei lagt til ansvar 331. Det har vore utfordrande å få dette til men samtidig har det gitt positive resultat for heile eigedomsavdelinga. Det er gjort mykje vedlikehald som er fleire år gammalt i 2012. Avdelinga har òg kjøpt inn ein del kvitevarer til å erstatta dei som har sagt takk for seg i 2012.

Eigedom består av 9 badevakter, 9 reinhaldarar og 4 personar til administrasjon og vedlikehald. Totalt utfører desse personane ca 11 årsverk med litt variasjon avhengig av årstid. Tal tilsette kan variera frå år til år grunna mange deltidsstillingar.

Stillingsauka i 2011 har vist godt i 2012 med tanke på at me har klart å innarbeide betre rutinar for inspeksjon og oppfylging av bygga våre**.**
Ved å ha faste dagar på bygga har og vaktmeisterfunksjonen fungert betre.

I 2012 blei symjehallen stengd i eit par månadar på hausten for å få oppgradert og tatt vedlikehald som var nødvendig. Dette resulterte i at ein tapte billett og utleige inntekter og hadde noko mindre straumbruk men ein hadde fortsatt same lønnskostnadane. Ein har brukt badevaktane dei månadane symjehallen var stengt til vedlikehald og reinhald.

Me har ein del utfordringar knytt opp mot brukarane våre. Det gjeld både reinhald, vedlikehald og drift av symjehallen. Brukarane ynskjer sjølvsagt ein best mogleg oppfølging og servicegrad, noko budsjetta dessverre ikkje alltid tillet.

## Kommunalteknikk Ansvar 331

**HMS:**
Det er ikkje registrert personskade eller større skade på maskinar og utstyr dette året.

Kommunale vegar (teneste 3333):

Reasfaltert deler av kommunal veg i Fossmork, reasfaltert veg på Mæhlshammaren.
Gjennoppbygging og asfaltering av veg mellom Kyrkjevegen og Gjøysa.
Gang/sykkelsti Kulturhus Grøndal påbegynt.

**Personell:**
Det har ikkje vore utskiftingar i styrken i 2012, men ein mann kom tilbake frå permisjon.

Rekneskapet for 2012 enda opp med eit overforbruk på kr. **181.000,-**
Nettotala 2012 var:

| | | |
|---|---|---|
| Budsjett | kr. | 4.065.000,- |
| Rekneskap | kr. | 4.246.592,- |

Overforbruket kom i hovudsak som eit resultat av uventa gjennoppbygging av overtatt veg i frå Kyrkjevegen og opp til Gjøysa.

**Utfordringar:**
Som HMS tiltak bør ein fortsett vurdere ombygging til tørroppstilte pumper og montere sumpspylar/rørar i kloakkpumpestasjoner som ikkje har dette.

Vidare skal det byggast lager for salt ,sand og garasje for diverse utstyr. Dette tiltaket var vedtatt i investeringsbudsjettet for 2013, men vart utsatt til 2014.

## Kommentarar til investeringsbudsjettet for 2011:

Ein viser til investeringsbudsjettet for 2011, og har følgjande kommentarar til status – beløp i heile tusen:

- teglvegg Forsandheimen – 950 – prosjektet starta opp hausten 11 og vart endeleg sluttført i 12.

- vegadresser – 500 – prosjektstart nå i 12 etter at vi har fått på plass god kompetanse i seksjonen.
- ballbinge Forsand – 500 – ting tar tid, men kjem venteleg på plass i 12
- avlaup nødvendig utbetring iht regelverk – 400 - avventar ny reguleringsplan for Myra
- sykkelsti skulen/Grøndal -3575 – oppstart i slutten av 2012 –, vert sluttført våren 2013.
- reinseanlegg Øyren – 1 500 – avventar vedtak på hovudplan avlaup
- Tørejuvet – 200 – ny søknad til behandling hjå fylkesmannen er under førebuing

Årstein Løland
plan- og utviklingssjef

# Forsand kommune

Rådmannen

| **Saksbeh** | **Ref.** | **Arkivkode** | **Dato:** |
| --- | --- | --- | --- |
| Audun Grødem | 12/951-3 | /K1-210, K1-004, K3-&14 | 12.02.2013 |

## Årsmelding Eldrerådet - 2012

**Bakgrunn for eldrerådet sin funksjon:**
Grunnlaget for eldrerådet er omtalt i Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd.
Eldrerådet er eit rådgjevande organ for kommunen.
Aktuelle saksområde kan vera:

- Levekår for eldre
- Ta opp saker som har med eldre sine livsvilkår
- Uttala seg om saker som kan vera av felles interesse

**Samansetting av eldrerådet i 2012:**
Per Søiland (leiar)
Ingvar Fossan (nestleiar)
Borgny Rettedal Fossan
Gerny Berge (politisk valt) perm frå 26.09.
Reidar Thu (politisk valt)
Ingunn Tangen(politisk valt) frå 26.09
Sekretær: Audun Grødem

**Saker som har vore oppe til behandling:**
Politiske saker som har vore oppe i eldrerådet :

- Støtte til innsamlingsaksjon for PET – Sjukehuset i våre hender
- Gateadresser til husstandane
- Innbyggjarinitiativ – framleis ferjedrift
- Reguleringsplan for Berge/Bergevik
- Innspel til budsjett 2013 – innspel om ergoterapeut.
- Bestilling av studie om alternative forbindelsar til Nord-Jæren etter Ryfast.

Saker/emne som rådet har teke eige initiativ i:

- Snuplass ved Aktivitetssenteret
- Parkering ved inngangspartiet til PLO-seksjonen
- Dagsenter ved Aktivitetssenteret
- Glatte vegar
- Samhandlingsreforma
- Praksis når det gjeld tildeling av omsorgsbustader
- Orientering frå kulturleiar om brukarundersøking ved Aktivitetssenteret.
- Evaluering av Aktivitetssenteret
- Parkeringsplasser ved PLO-seksjonen og Helsesenteret/Aktivitetssenteret

**Arrangement/ seminar:**

- Feira eldredagen 1.okt med arrangement på aktivitetssenteret: Biletkåseri ved Kjell Bjørka

- Temamøte om omsorgsbustader saman med Råd for funksjonshemma – 24.09
- Samling for eldreråda i Ryfylke i Forsand den 6. september.
- Seniorkonferansen i Stavanger – her var Borgny og Per deltakarar frå Forsand

**Økonomi:**
Budsjett teneste 1802: kr 15 000,-. Rekneskap: 12 448,-.

Audun Grødem
organisasjonssjef/sekretær

# Forsand kommune

Rådmannen

| Saksbeh | Ref. | Arkivkode | Dato: |
|---|---|---|---|
| Audun Grødem | 12/951-4 | /K1-210, K1-004, K3-&14 | 12.02.2013 |

## Årsmelding Råd for funksjonshemma 2012

**Bakgrunn for RFF sin funksjon:**

Råd for funksjonshemma er heimla i Lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne mm av 17. juni 2005. Mandat for rådet er fastsett i vedtak i kommunestyret 29.04.08.

*RFF er eit rådgjevande organ for kommunen i saker som gjeld likestilling av og tilrettelegging for funksjonshemma.*

Aktuelle saksområde er:

- Saker som gjeld behov og interesser til funksjonshemma
- Saker for å fremja likestilling for funksjonshemma og deltaking i samfunnet
- Saker som kan vera av felles interesse.

**Samansetting av rådet:**

| | |
|---|---|
| Leiar: | Per Torbjørn Espedal |
| Nestleiar. | Silje Wiik (politisk valt) |
| Medlemmer: | Ellen Berge |
| | Tormod Harbo |
| | Bjarte Dagestad (politisk valt) |
| Sekretær: | Audun Grødem |

**Saker som har vore oppe til behandling:**

Politiske saker som har vore oppe i RFF:

- Frisk i friluft
- Reguleringsplan for Berge/Bergevik

Saker/ emne som rådet har teke eige initiativ i:

- Universell utforming – Bergekrossen
- Universell utforming – dør på skulen
- Sosialbustadplan
- Førespurnad frå RFF i Strand om fellesmøte
- Universell utforming – prinsippielt
- Omsorgsbustader – praksis i høve til behov
- Universell tilgang til kommunehuset
- Alternativ bruk av kommunale bygningar.
- Tilgjenge til biblioteket

Temamøte om omsorgsbustader i lag med Eldrerådet var halde 24.09.

**Økonomi:**

RFF har ikkje eige budsjett. Utgifter til dei faste møta blir førte på politisk teneste.

Audun Grødem
organisasjonssjef/sekretær

FORSAND KOMMUNE
År/Saksnr.: 12/951 - 2
23 JAN. 2013
Arkivkode P 048/14 | Arkivkode S 210
Kopi til: TNY
Avd.: | Saksbeh.: AGK
Kassasjonsår: | Gradering:

Forsand kommune

| DERES REFERANSE | VÅR REFERANSE | ARKIVNR. | JOURNALNR. | DATO |
|---|---|---|---|---|
| | | | | 17.01.2013 |

# ÅRSMELDING SKJENKEKONTROLLEN 2012

I Forsand kommune er det i løpet av 2012 utført:

- 18 kontroller ved skjenkesteder
  - Det ble funnet 0 avvik
  -
- 6 kontroller ved salgssteder
  - Det ble funnet 0 avvik
- 18 kontroller ift tobakkskadeloven

Det er gjennomført 2 færre skjenkekontroller enn budsjettert. Tilskuddet for 2013 vil bli justert for differansen mellom innbetalt tilskudd og fordelte kostnader i 2012.

Med hilsen

Randi Helland Stråtveit
avd.leder
miljørettet helsevern og skjenkekontroll

Sverre Skårland
seksjonsleder
skjenkekontroll

BRANNVESENET
SØR-ROGALAND IKS

FORSAND KOMMUNE
År/Saksnr.: 12/951 - 2
23 JAN. 2013
Arkivkode P 048/14 | Arkivkode S 210
Kopi til: TNY
Avd.: | Saksbeh.: AGK
Kassasjonsår: | Gradering:

Sammen for en trygg og sikker framtid

Forsand kommune

| DERES REFERANSE | VÅR REFERANSE | ARKIVNR. | JOURNALNR. | DATO |
|---|---|---|---|---|
| | | | | 17.01.2013 |

# ÅRSMELDING SKJENKEKONTROLLEN 2012

I Forsand kommune er det i løpet av 2012 utført:

- 18 kontroller ved skjenkesteder
  - Det ble funnet 0 avvik
  -
- 6 kontroller ved salgssteder
  - Det ble funnet 0 avvik
- 18 kontroller ift tobakkskadeloven

Det er gjennomført 2 færre skjenkekontroller enn budsjettert. Tilskuddet for 2013 vil bli justert for differansen mellom innbetalt tilskudd og fordelte kostnader i 2012.

Med hilsen

Randi Helland Stråtveit
avd.leder
miljørettet helsevern og skjenkekontroll

Sverre Skårland
seksjonsleder
skjenkekontroll

# Årsmelding

Salg-/skjenkekontroll i år 2012

| | |
|---|---|
| Kommune: | 1129 Forsand |
| Adresse: | |
| Postadresse: | 4110 Forsand |

**Statistikk for skjenkesteder**

Antall kontroller utført: 18

**Statistikk for utsalgssteder**

Antall kontroller utført: 6

**Kontrollerte skjenkesteder**

Ambulerende/enkelt anledning
- 16.06.2012
- 29.06.2012
- 11.08.2012

Bergevik Brygge
- 24.05.2012
- 21.06.2012
- 11.08.2012

Helleren
- 24.05.2012
- 21.06.2012

Kjerag Panoramic Rest
- 25.08.2012

Kjerag pub og turistsenter
- 16.06.2012
- 28.06.2012
- 25.08.2012

Lysefjorden Turisthytte
- 16.06.2012
- 28.06.2012
- 25.08.2012

Lysefjordsenteret
- 24.05.2012
- 21.06.2012
- 11.08.2012

# Årsmelding
Salg-/skjenkekontroll i år 2012

**Kontrollerte utsalgssteder**

| Coop marked, Forsand |
|---|
| • 31.03.2012 |
| • 04.08.2012 |
| • 29.12.2012 |

| Joker Lysefjorden |
|---|
| • 31.03.2012 |
| • 04.08.2012 |
| • 29.12.2012 |

# Årsmelding

Salg-/skjenkekontroll i år 2012

| | |
|---|---|
| Kommune: | 1129 Forsand |
| Adresse: | |
| Postadresse: | 4110 Forsand |

**Statistikk for skjenkesteder**

Antall kontroller utført: 18

**Statistikk for utsalgssteder**

Antall kontroller utført: 6

## Kontrollerte skjenkesteder

| Ambulerende/enkelt anledning | |
|---|---|
| | • 16.06.2012 |
| | • 29.06.2012 |
| | • 11.08.2012 |

| Bergevik Brygge | |
|---|---|
| | • 24.05.2012 |
| | • 21.06.2012 |
| | • 11.08.2012 |

| Helleren | |
|---|---|
| | • 24.05.2012 |
| | • 21.06.2012 |

| Kjerag Panoramic Rest | |
|---|---|
| | • 25.08.2012 |

| Kjerag pub og turistsenter | |
|---|---|
| | • 16.06.2012 |
| | • 28.06.2012 |
| | • 25.08.2012 |

| Lysefjorden Turisthytte | |
|---|---|
| | • 16.06.2012 |
| | • 28.06.2012 |
| | • 25.08.2012 |

| Lysefjordsenteret | |
|---|---|
| | • 24.05.2012 |
| | • 21.06.2012 |
| | • 11.08.2012 |

**Kontrollerte utsalgssteder**

| Coop marked, Forsand | |
|---|---|
| | • 31.03.2012 |
| | • 04.08.2012 |
| | • 29.12.2012 |

| Joker Lysefjorden | |
|---|---|
| | • 31.03.2012 |
| | • 04.08.2012 |
| | • 29.12.2012 |

**DEN NORSKE KYRKJA**
**Forsand kyrkjelyd**

Kommunehuset
4110 FORSAND
Tlf: 51700170
Faks:

Rådmann Terje Nysted
Forsand kommune

Forsand 08.04.2013
Vår sakshandsamar: Siv Fossan
Vår ref.: 13/00001-002
Arkivkode: 300

**Kommentar til årsmelding for 2012**

Sender med dette over årsmeldinga for 2012 for Forsand sokn. Som de ser har me ein aktiv kyrkjelyd med mykje verksemd, og mange frivillige medarbeidarar involvert.

**Personalsituasjon:**
Soknet har 2,52 årsverk, som var fordelt slik i 2012:
70% stilling som kyrkjeverge
60% stilling som kyrkjelydsarbeidar
50 % stilling som prest (soknerådet sin del av soknepreststillinga)
50% stilling som organist
22% stilling som kyrkjetenar

Utanom desse har òg soknerådet arbeidsgivaransvar for ungdomsarbeidar. Denne stillinga er ei samarbeidsstilling saman med organisasjonane på bedehuset og blir løna av innsamla midlar. Stillinga var 20% fram til 01.07. Frå 01.08. var den 30% stilling.

**Budsjett og rekneskap:**
Rekneskapet for kyrkja er ikkje ferdig revidert hos revisor, noko ein ikkje reknar med er klart til kommunestyret sitt årsmøte. Slik rekneskapet ligg føre frå rekneskapsførar går rekneskapen ut i 0.

Når det gjeld oppgradering av Lyse kapell blei rama for 2012 oppbrukt, og i overkant av 26.000 blei brukt av disp.fondet. Det har òg i 2012 vore gjort mykje dugnadsarbeid. I samband med lekkasjen etter flaumen i des. 2011 blei det gjort oppgraderingar både på det bygningsmessige og i forhold til elektrisk anlegg. Det blei òg gjort ennå fleire flaumsikrande tiltak. Forsikringsutbetalinga etter skaden dekka det meste, men oppgraderingane måtte sjølvsagt bli tatt frå eigne midlar. Nå er det innvendige arbeidet i kapellet, både oppe og nede ferdig. Utvendig står det igjen å skifte kledning på brystveggen mot vest. Det er planar om å få gjort dette til sommaren. Av pengane som kommunestyret sette av til oppgradering av kapellet, er det 185.000 igjen, som står på disposisjonsfond. Med den flotte innsatsen som Lysefolket har gjort, og med gode prioriteringar, har prosjektet med å "redda" Lyse kapell gått svært bra.

**Satsingsområde/Utfordringar**
- Forsand sokneråd vil halda fram med å arbeida i samsvar med det dei etter lova har ansvar for som sokneråd og fellesråd.
- Ein av dei "store" ansvarsområda soknerådet har er å tilby trusopplæring i samsvar med vedtatte normer. Dette er både satsingsområde og utfordring
- Å få bygd tilbygget til kyrkja blir òg eit av dei store satsingsområda framover. I nov. godkjente soknerådet teikningane, som blei vidaresendt til førebels godkjenning hos biskopen. Saka blei behandla av kyrkjekonsulenten i Kyrkjerådet. Kyrkjekonsulenten er positiv til tiltaket, men kom med nokre kommentarar til teikningane som gjekk på det bygningsmessige. Særleg blei det presisert at inngangen frå kyrkja til tilbygget måtte gjerast på ein varleg måte, og at formspråk, detaljar og

vindauge måtte ha eit moderne uttrykk. Dette for å få tydeleg fram at dette blir bygd i vår tids arkitektur. Ein vil ha dialog med kyrkjekonsulent og arkitekt for å få til dette på beste måte. Utfordringa her blir sjølvsagt finansieringa. Soknerådet er i gang med innsamling til bygget, og håpar kommunestyret i budsjetthandsaminga til hausten vil vedta finansieringsplan slik at ein kan starta bygginga i 2015.

- Reguleringsplan for område rundt kyrkja, med innløysing av området til utviding av kyrkjegarden, trafikksikringstiltak og parkering

Venleg helsing

Siv Fossan
kyrkjeverge

# ÅRSMELDING FORSAND KYRKJELYD 2012





| Sokneråd |
|---|
| Ragnhild Rettedal, leiar |
| Ingunn S Fossan, nest leiar |
| Anne Marit Rettedal |
| Per Hagen |
| Astrid Haukelid |
| Helge Nygård |
| Liv Oftedal, 1. vara |
| Eirik Høllelsi 2. vara |

**Tilsette:**

Ole Wollert Meyer, sokneprest
Hege Tungland Langbakk, musikalsk leiar
Siv Fossan, kyrkjeverge
Irene Idland Thu – kyrkjelydsarbeidar
Bodil Rettedal – uløna kyrkjetenar Forsand
Aud Eli Hana Lyse – uløna kyrkjetenar Lyse

Soknerådet har arbeidsgjevaransvar for ungdomsarbeidaren. Stillinga er eit samarbeid mellom organisasjonane på bedehuset og soknerådet. Johannes Pettersen var tilsett i stillinga fram til 01.06. Monica Persen Lerang tok til i stillinga 01.08.
Innsamla midlar til ungdomsarbeidar i 2012 er på kr. 107.700,- fordelt på faste gjeverar og enkelt gåver. Innsamlingskomiteen ønskjer fleire faste gjeverar for å få meir stabil økonomi i prosjektet

| Årsmeldingstal | 2010 | 2011 | 2012 |
|---|---|---|---|
| Gjennomsnittstal på gudsteneste - alle | 103 | 109 | 108 |
| Gudst. søn og helgedag | 38 | 38 | 37 |
| Gjennomsnittstal på gudsteneste søn- og helligdag | 103 | 105 | 108 |
| Gjennomsnittstal nattverdgjester | 54 | 54 | 64 |
| Døypte | 15 | 19 | 14 |
| Døypte busette I soknet | 10 | 15 | 9 |
| Vigde | 6 | 4 | 5 |
| Forbøn for vigsel | 1 | 0 | 0 |
| Konfirmantar | 21 | 16 | 14 |
| Døde | 8 | 8 | 15 |
| Innmeldt | | 2 | 0 |
| Utmeldt | 0 | 8 | 1 |
| Innkomme I offer | 168045 | 187543 | 161167 |
| Til eiga verksemd | 15675 | 33238 | 19385 |
| Gjevarteneste/ gåver | 120300 | 115100 | 112500 |
| Fasteaksjonen | 29966 | 36292 | 36289 |

**"INN TIL KRISTUS, UT TIL ALLE"**

**Denne visjonen er rettesnor når me ønskjer at alle skal finna sitt andelege og sosiale fellesskap i Forsand kyrkjelyd. Me ønskjer å ha ein inkluderande kyrkjelyd som ein kan oppleve eigarskap til. Difor ønskjer me at mange, i alle aldrar, skal vera med som medarbeidarar i ulike tenester alt etter kva nådegåve og utrustning ein har**

**MEDARBEIDARAR**

Det er mange som deltek i ulike tenester i kyrkjelyden, både i gudstenesta og elles. Pr. i dag har me ca 65 vaksne som deltek i dei ulike tenestene. Me har òg hatt med ca 30 barn til gjennomføring av gudstenestene i 2012

**Diakoni:**

- Oppmuntringsgrupper
- Besøk til pårørande v/ dødsfall
- Besøk v/runde tal frå 80 år
- Møte på Forsandheimen ca ein sundag i mnd
- Andakt på Forsandheimen annakvar onsdag

**Komitear under soknerådet:**

Trusopplæringskomite - Komite for menighetsweekend - plan og byggekomite for tilbygg til kyrkja - Innsamlingskomite for tilbygg kyrkja.

**Utdrag av soknerådssaker**

–Medarbeidarfest/årsfest 24. april
-Økonomi – budsjett, rekneskap
-Konfirmasjonsfest
-Gudstenestereforma – godkjenning av lokal grunnordning
-Utbygging av kyrkja
-Revidering av kyrkjegardsvedtekter
-Festeavgift
-Vedlikehald kyrkja/bårehuset
-Menighetsweekend
-Juletrefest
-Nyttårsfest
-Tildeling av offer
-Handlingsplan 2012-2015
-Plassering av prostesete i Ryfylke prosti - høyring
-Tiltak på øvre kyrkjegard Forsand

**Barn og unge**

- Besøk frå kyrkjely-den på 1,2 og 3 års dåpsdag
- Utdeling av 4 års bok
- Utdeling av barne-bibel til 1. klasse.
- Tripp-trapp klubb
- Kurs i babysong
- Minifutt
- SjåOPp koret
- Dåpsskule for 5 åringar
- Lysvaken for 10 og 11 åringar
- Sundagskule og søndagsgjengen
- Konfirmantunder-visning
- Ungdomsalpha

**Undervisning:**

Boka "Der du er" blei brukt som  opplegg for vekst-gruppene vår og haust 12

3 grupper

"Ta vare på deg sjølv og andre" Fermate Rogaland starta opp kurs her haus-ten 2011. Det blei avslutta i mars 2012. Kurset blei arrangert  saman med Normisjon og NMS

**Samarbeid med barnehage og skule**

- Påskevandring for barneha-gen
- Adventssamling  forbarneha-gen
- Påskevandring for 1.-4 klasse v/skulen
- Skulegudsteneste før jul.
  7. klasse v/skulen planla og gjennom førte gudstenesta saman med andre elevar frå skulen og staben

**Lyse Kapell**

Det er utført mykje dugnadsarbeid dette året òg. Blant anna er det sett inn varmepumpe, som var ei gåve frå Sr-bank, og ovnane både oppe og nede er skifta. Det blei òg ein del ekstra pga. av vannskaden i kjellaren des. 11.

For første gong på mange år prøvde me med sommarope i kapellet. Det var ope frå 14. juli til 5. august. Me hadde tre flotte ungdomar som hadde sommarjobb her. Dette blei eit flott tiltak med mange besøkande. Sjølvsagt var det ikkje like mange kvar dag, men det er noko ein vil prøve å få til i 2013 òg.

I arbeidsgruppa for Lyse kapell er Aud Eli Hana Lyse, Jonas Fossmark og Svein Gitle Tangen.

Aktivitet i kapellet:

Juletrefest 7. jan. -  Gudsteneste 3. juni - sommarope kapell m/kunstutstilling m/Synnøve Virkesdal og Eva Sæverud - sommarkonsert m/kor frå Sandnes i juni - konsert med Elin Furubotn, Svein Tang Wa og Gunnar Roaldkvam i sept.

***Misjon***

Misjonsavtale med NMS der me støttar 2 prosjekt i Etiopia - "**Gi evangeliet videre til Blånildalen".** Evangeliseringsarbeid i Blånildalen og

**"Landsbyutvikling i Etiopia".** Innsamlingsmål kr. 55.000 i året. I 2012 blei det samla inn kr. 55.454,50,-

Offer til ulike misjonsorg som driv arbeid i Noreg og i land rundt om i verda

**Utsendingar knytta til vår kyrkjelyd:** Fam. Anne Brit Hatleskog og Arne Hustrulid (NMS) i Thailand. (NMS) Fam. Torborg Steine Fossan og Magne Steine i Bolivia (Misjonsalliansen) Fam. Charlotte og Andre-as Frantzen i Fillipinene (UiO) Dei kom heim i juni











**Utbyggingsplanar Forsand kyrkje:**

Etter påheng til budsjettvedtak frå kommunestyret om at me måtte sjå på andre løysingar som kunne ta betre vare på den gamle kyrkja undersøkte me om det var mulig å bygga under kyrkja. Dette synte seg både vanskeleg og veldig kostbart, så me gjekk vidare på planane som blei framlagt i nov. 11. For å gjera utbygget meir sjølvstendig, og at den gamle kyrkja blir meir "eineståande" blei teikningane litt omgjort. Bygget mellom kyrkja og utbygget blei dobbelt så breitt. Ein gjorde òg endringar på fasaden til utbygget. I november godkjente soknerådet teikningane med nokre små merknader komiteen vil ta vidare. Det blei òg nedsett innsamlingskomite. Mandatet til komiteen er å søkje å finne støtte til utbygginga, både frå private og næringsliv. Bygget er no kostnadsrekna til 8,125 mill inkl. moms. Kommunestyret sette av 4 mill i langtidsbudsjettet for 2015.